

Den preproprielle artikkelen i norsk

*Ei undersøking av namneartiklar i Kvæfjord,
Gausdal og Voss*

Live Håberg



Masteroppgåve
Institutt for lingvistiske og nordiske studier

UNIVERSITETET I OSLO

Hausten 2010

Forord

Tusen takk til rettleiar Janne Bondi Johannessen for både god fagleg rettleiing og oppmuntring undervegs.

Ein stor takk også til gode kollegaer på Tekstlaboratoriet, Signe, Kristin og Joel, som har svart på spørsmål om informantar, skjema og korpus i tide og utide.

Tusen takk til Camilla, Margit og Hedda for korrekturlesing og gode råd, og til alle andre som på den eine eller den andre måten har gjort dette prosjektet lettare for meg å gjennomføre.

Oslo, desember 2010

Live Håberg

Innhold

1 Innleing.....	1
1.1 Føremål og avgrensing	1
1.1.1 Forskingsspørsmål.....	1
1.1.2 Nordisk dialektkorpus	2
1.2 Oppgåva si oppbygning	3
1.3 Hovudfunn	3
2 Teori.....	5
2.1 Innleing.....	5
2.2 Prepropriell artikkel.....	5
2.2.1 Utbreiing.....	6
2.2.2 Prepropriell artikkel og psykologisk distal demonstrativ.....	8
2.2.3 Postproprielt suffiks	9
2.3 Den grammatiske statusen til prepropriell artikkel.....	9
2.3.1 Formmessig uttrykk.....	9
2.3.2 Syntaktisk klasse	10
2.4 Prepropriell artikkel i norsk dialektlitteratur	12
2.4.1 Nordnorsk.....	13
2.4.2 Trøndsk.....	13
2.4.3 Austnorsk	14
2.4.4 Vestnorsk.....	17
2.4.5 Annan litteratur	17
2.5 Den grammatiske statusen til proprium.....	18
2.5.1 Proprium og appellativ	18
2.5.2 Proprium og pronomen.....	24
2.5.3 Rettskriving	25
2.5.4 Klassifisering av proprium	25
2.6 Personnamn i ikkje-argumentposisjon.....	26
2.7 Prepropriell artikkel og perifrastisk genitiv.....	28
2.8 Oppsummering	31
3 Metode	33

3.1	Innleiing.....	33
3.2	Ressursar.....	33
3.2.1	NorDiaSyn.....	33
3.2.2	Nordisk dialektkorpus	34
3.2.3	Spørjeskjema og Nordic Syntactic Judgment database.....	38
3.2.4	Omsetjingsskjema	39
3.2.5	Norsk i Amerika	40
3.3	Utval og framgangsmåte.....	41
3.3.1	Utval	41
3.3.2	Framgangsmåte	44
3.3.3	Metodiske problem.....	47
3.4	Oppsummering	51
4	Undersøking av prepropriell artikkel i Kvæfjord, Gausdal og Voss	53
4.1	Innleiing.....	53
4.2	Kvæfjord.....	55
4.2.1	Den preproprielle artikkelen i Kvæfjord	56
4.2.2	Prepropriell artikkel eller psykologisk distal demonstrativ.....	56
4.2.3	Prepropriell artikkel i ulike kontekstar.....	59
4.2.4	Namn utan prepropriell artikkel	62
4.2.5	Ulikskapar mellom eldre og yngre	68
4.2.6	H-genitiv.....	69
4.2.7	Oppsummerande tabell for Kvæfjord.....	73
4.3	Gausdal	74
4.3.1	Den preproprielle artikkelen i Gausdal	75
4.3.2	Prepropriell artikkel i ulike kontekstar.....	76
4.3.3	Namn utan prepropriell artikkel	77
4.3.4	Ulikskapar mellom eldre og yngre	79
4.3.5	H-genitiv.....	79
4.3.6	Gudbrandsdølar i Amerika	80
4.3.7	Oppsummerande tabell for Gausdal	87
4.4	Voss	88
4.4.1	Den preproprielle artikkelen i Voss	89
4.4.2	Prepropriell artikkel i ulike kontekstar.....	89

4.4.3	Namn utan prepropriell artikkel	92
4.4.4	Ulikskapar mellom eldre og yngre	94
4.4.5	H-genitiv.....	95
4.4.6	Oppsummerande tabell for Voss	98
4.5	Oppsummering av resultata i Kvæfjord, Gausdal og Voss	99
5	Oppsummering og konklusjon	103
5.1	Oppsummering	104
5.2	Konklusjon.....	107
	Kjeldeliste.....	111
	Vedlegg 1: Utdrag fra spørjeskjemaet til NSJD	115
	Vedlegg 2: Søkeresultat Kvæfjord	116
	Vedlegg 3: Søkeresultat Gausdal	125
	Vedlegg 4: Søkeresultat Voss	130

1 Innleiing

1.1 Føremål og avgrensing

Føremålet med denne oppgåva er å undersøke bruken av prepropriell artikkel i norske dialektar. Prepropriell artikkel (*han Martin, ho Marie*) er eit trekk som finst i svært mange norske dialektar, men som er svært mangefullt skildra i dialektlitteraturen. Dette gjeld også andre syntaktiske fenomen i norske dialektar. Med auka interesse for syntaks ser vi også nye forskingsverkty, som Nordisk dialektkorpus, som gir nye moglegeite for forskrarar som vil undersøke ulike syntaktiske trekk i både norske og andre skandinaviske dialektar.

Temaet for oppgåva er potensielt svært omfattande, og eg har avgrensa oppgåva til å handle om tre av dialektane i Noreg – dialektane i Kvæfjord, Gausdal og Voss. Oppgåva er deskriptiv, og eg vil i hovudsak skildre bruken av prepropriell artikkel i desse tre dialektane. Eg problematiserer ikkje den syntaktiske strukturen til konstruksjonen. I tillegg til den «vanlege» preproprielle artikkelen, ser eg også på bruken av ein spesiell måte å uttrykke genitiv på når personnamn er involvert. Denne såkalla h-genitiven (*huset hans Martin*) blir gjerne sett på som ein prepropriell artikkel i genitiv.

Når det gjeld grammatiske termar i denne oppgåva, bruker eg i hovudtrekk dei same som *Norsk referansegrammatikk* (2006). Eg bruker dermed nemningar som *proprium* og *substantiv*, medan ein andre stader vil finne nemningane *særnamn* og *nomen*.

1.1.1 Forskingsspørsmål

Det overordna føremålet for oppgava er å undersøke bruken av prepropriell artikkel i dialektane i Kvæfjord, Gausdal og Voss. Det er ei rekke spørsmål eg ønskjer å finne svar på i denne samanhengen. Ein del av spørsmåla dreier seg om distribusjonen av den preproprielle artikkelen:

- Er den preproprielle artikkelen obligatorisk i desse dialektane?
- Kva form har den preproprielle artikkelen? Finst det ulike kasus?
- Vi veit at når den preproprielle artikkelen blir brukt i ein dialekt, blir han alltid brukt ved førenamn på personar talaren kjenner. Blir artikkelen brukt også ved andre typar namn, som etternamn, namn på kjendisar, namn på dyr og liknande?

- Blir prepropriell artikkel brukt ved slektskapsord (*mor, bestefar* o.l.)?

I tillegg ønsker eg å undersøke dei tilfella der det *ikkje* finst prepropriell artikkel ved namn:

- Finst det modifiserte eller bøygde namn, predikativ, vokativ, namngivingskonstruksjonar eller metabruk av namn?
- Finst det andre døme på namn utan prepropriell artikkel?

Eg vil også sjå på om den preproprielle artikkelen er utsett for språkendring:

- Er det ulikskapar mellom yngre og eldre talarar når det gjeld prepropriell artikkel i Kvæfjord, Gausdal eller Voss?

Eg ser også på måtar å uttrykke eigedomstilhøve på i Kvæfjord, Gausdal og Voss.

- Blir h-genitiv brukt i dei tre dialektane? Finst det også andre måtar å uttrykke eigedomstilhøve ved personnamn på?

Ressursane eg bruker i dette arbeidet er nokså nye, og framleis under utvikling. Eg vil difor, i tillegg til forskingsspørsmåla over, vurdere kor vellukka det er å drive dialektforsking ved hjelp av ressursane knytt til NorDiaSyn, først og fremst Nordisk dialektkorpus.

1.1.2 Nordisk dialektkorpus

Eg bruker hovudsakleg Nordisk dialektkorpus for å finne fram til data, og arbeidet mitt med korpuset har gått føre seg vår og haust 2010. Korpuset er ein del av prosjektet NorDiaSyn, og er framleis under oppbygging ved innleveringa av denne oppgåva. Dei tekniske løysingane er stadig under utvikling. Dette gjer at eg må ta høgde for at tekstane eg har nytta som grunnlag for denne oppgåva kan bli endra etter eventuelle nye runder med korrektur. Feiltagging kan også bli retta opp, og søkefunksjonane kan bli utbetra og gjort meir presise for mitt føremål. Dermed kan det i framtida bli vanskeleg å gjenskape dei nøyaktige søkeresultata eg presenterer i denne oppgåva. Eg arbeider svært konkret med korpuset, og undervegs forsøker eg å kommentere når eg støyter på problem og hindringar.

For å supplere Nordisk dialektkorpus, bruker eg også to andre ressursar tilknytt NorDiaSyn; Nordic Syntactic Judgment Database og eit omsetjingsskjema. Omsetjingsskjemaet er først og fremst til nytte når korpuset ikkje gir tilstrekkelege data, medan vurderingsdatabasen er brukt mellom anna til å velje ut dialektane eg skal undersøke.

1.2 Oppgåva si oppbygning

Oppgåva er delt inn i 5 kapittel. I kapittel 2 tek eg for meg det teoretiske grunnlaget for arbeidet mitt. Her greier eg ut om den grammatiske klassifiseringa av prepropriell artikkel, og ser på korleis temaet prepropriell artikkel er omhandla i norsk dialektlitteratur. I tillegg tek eg for meg litteratur som handlar om proprium og artiklar. Det er skrive lite om norsk språk spesifikt når det gjeld dette, så det meste av denne teorien tek for seg andre språk eller grammatikk meir generelt. Eg ser også på det moglegesambandet mellom h-genitiv og prepropriell artikkel. Kapittel 3 er metodekapitlet. Her presenterer eg ressursane eg har brukt for å undersøke dei tre dialektane, framgangsmåten eg har nytta for å velje ut dei tre stadene eg konsentrerer meg om, og korleis eg gjekk fram for å finne fram til data å undersøke. Eg greier også ut om metodiske problem ein kan støyte på ved å nytte desse ressursane og metodane. Kapittel 4 inneheld sjølve undersøkinga av resultata eg fekk ved hjelp av framgangsmåten i kapittel 3. Her går eg gjennom alle data og presenterer til slutt ei samanlikning av bruken av prepropriell artikkel i dei tre dialektane. Eg vil også forløpende knytte funna mine til teorien presentert i kapittel 2. Kapittel 5 er eit oppsummerande kapittel der eg også trekker nokre konklusjonar og foreslår tema vidare forsking kan kaste lys over.

1.3 Hovudfunn

Eg presenterer her nokre av dei viktigaste funna mine i arbeidet med oppgåva:

- I Kvæfjord er det eit stort mangfold av kontekstar der den preproprielle artikkelen blir brukt. Informantane her er likevel ikkje dei informantane som er mest konsekvente med å bruke prepropriell artikkel. Dette strid mot det vi veit frå litteraturen, der den preproprielle artikkelen etter alt å døme er obligatorisk i stort sett heile Nord-Noreg.
- I Gausdal og Voss er det færre bruksområde for den preproprielle artikkelen, men dei informantane som bruker han aktivt, ser ut til å vere meir konsekvente i bruken enn informantane i Kvæfjord.

- I Kvæfjord og Gausdal er det liten skilnad på eldre og yngre informantar, men i Voss er det hovudsakleg dei eldre informantane som bruker den preprielle artikkelen.
Dette kan tyde på at artikkelen er på veg ut av språket

2 Teori

2.1 Innleiing

I dette kapitlet tek eg for meg teori rundt namneartiklar. Den preproprielle artikkelen er den klart mest utbreidde namneartikkelen i norsk. Ein har likevel også ein annan variant av propriell artikkel; *postpropriell* artikkel. Denne artikkelen har form av eit suffiks, og er å finne hovudsakleg i Bergens-traktene. Ettersom det er den preproprielle artikkelen som er tema for denne oppgåva, er det også denne artikkelen som får størst merksemd i dette kapitlet. Eg ser på kva som kjenneteiknar den preproprielle artikkelen grammatisk, og korleis han bør klassifiserast. Vi skal ved ein gjennomgang av den preproprielle artikkelen i norsk dialektlitteratur sjå at det som er skrive om artikkelen er både usystematisk og mangelfullt. Det er store skilnader på om og korleis namneartiklar blir brukte i ulike språk, og eg går difor også inn på den grammatiske klassifiseringa av *proprium*. Eg ser deretter nærmere på i kva situasjonar *proprium* opptrer med artikkel, og i kva situasjonar *proprium* opptrer utan artikkel. Medan namn fungerer primært som argument i syntaktiske strukturar, finn vi likevel namn i ikkje-argumentposisjonar, som predikativ, vokativ og namngivingskonstruksjonar. Vi ser klare ulikskapar når det gjeld bruken av determinativ saman med namn i ikkje-argumentposisjon samanlikna med namn i argumentposisjon.

Ein variant av perifrastisk genitiv, den såkalla h-genitiven, blir ofte sett på som ein genitivsvariant av den preproprielle artikkelen. Lars-Olof Delsing har problematisert dette synet. Eit av forskingsmåla mine er difor å undersøke bruken av h-genitiv i Kvæfjord, Gausdal og Voss, og eg gir ein gjennomgang av denne måten å uttrykkje eigedomstilhøve på mot slutten av dette kapitlet.

2.2 Prepropriell artikkel

Medan personnamn i dei to norske skriftspråka normalt sett opptrer utan nokon form for artikkel, er det mange dialektar i Noreg der ein vil finne bruk av ein spesiell artikkel ved personnamn. Denne preproprielle artikkelen har ofte same form som det personlege pronomenet *han* eller *ho* i den aktuelle dialekten:

- (01) a. **hann Marrtin Myr** på Tårrpo (Ål)
- b. **ho Gøril** e jo hærifra (Kjøllefjord)

Den ubestemte artikkelen er i norsk eit eige, foranstilt determinativ (*ein/ei/eit* i eintal). Den bestemte artikkelen finn vi i form av eit suffiks (-*en/-a/-et* i eintal). Den preproprielle artikkelen er bestemt, men samtidig eit eige ord som står føre namnet, og skil seg slik morfologisk frå den vanlege bestemte artikkelen i norsk. I språk som gresk, der artikkel er obligatorisk ved proprium på same måte som ved appellativ, er artikkelen ved proprium også den same som artikkelen ved appellativ.

Der den preproprielle artikkelen er i bruk, blir han brukt i alle tilfelle der substantivfrasen med eigennamn fungerer som argument (Delsing 2003a:21). I vokativ, predikativ eller i namngivingskonstruksjonar vil artikkelen derimot ikkje bli brukt, noko eg kjem inn på seinare i dette kapitlet.

I norske dialektar har den preproprielle artikkelen same form som personlege pronomen. Slik er det også i islandsk. I dei svenske dialektane med prepropriell artikkel skal den preproprielle artikkelen ifølge Delsing ikkje vere samanfallande med pronomenforma (2003a:21).

I Noreg kan bruk av den preproprielle artikkelen daterast tilbake til 1400-talet, ut frå materiale i Diplomatarium Norvegicum. Tilsvarande skriftleg dokumentasjon finst ikkje for t.d. svensk (Dahl 2007:92).

2.2.1 Utbreiing

Fleire språk i verda har ein prepropriell artikkel. I t.d. gresk er som nemnt artikkel obligatorisk ved proprium på lik linje med andre substantiv. Dette gjeld både personnamn, stadnamn og andre proprium. I gresk står den bestemte artikkelen alltid føre substantivet, og artikkelen er også den same ved proprium og appellativ. I andre språk, som til dømes katalansk, finn eit derimot ein prepropriell artikkel som liknar den norske i bruk, ved at namneartikkelen ikkje har same form som den vanlege bestemte artikkelen (Matushansky 2006: 303). Også europeisk portugisisk (Matushansky 2006:285), frisisk (Longobardi 1994:657) og det udo-aztekiske språket *pima* (Matushansky 2009:579-582) har variantar av namneartikkel. Eg har ikkje tilgang til ei fullstendig oversikt over kva for nokre av verdas språk dette gjeld, men det er klart at propriell artikkel i ei eller anna form finst i mange og ulike språk.

Den frittståande preproprielle artikkelen vi finn føre personnamn i norske dialektar,

går inn i ein nordskandinavisk samanheng. Artikkelen finst som nemnt i både nordsvensk og islandsk. På Island er artikkelen valfri i talespråket, men finst ikkje i skrift. I Sverige er artikkelen vanleg i dialektane i nesten heile Norrland, samt i Västerdalarna og nord i Värmland. Ifølge Delsing finn vi også artikkelen i størstedelen av dei norske dialektane. Artikkelen manglar i dei fleirspråklege områda i Nord-Noreg, som Kiby, Ekkerøy og Skibotn. I dei ytre områda i Nordreisa er artikkelen heller ikkje vanleg, medan han er brukt sentralt i Nordreisa. Elles manglar artikkelen i Agder, Telemark og Vestfold (Delsing 2003a:21-22). *Norsk referansegrammtikk* (2006, heretter forkorta NRG) slår fast at konstruksjonen med trykksvakt pronomen som bestemmar i ein substantivfrase er utbreidd i dei fleste norske dialektane, med unntak av enkelte sørlege område i Agder og Telemark og delar av sørvestlandsk (NRG 2006:247). Her blir ikkje dei fleirspråklege områda i Nord-Noreg nemnt. NRG nemner heller ikkje noko om at dialektane i Vestfold manglar prepropriell artikkel. Ved søk i Nordisk dialektkorpus, kan det likevel sjå ut som om Delsing har rett i dette. Eksempel (02) frå Brunlanes er representativt for materialet frå Vestfold:

- (02) vi jakter mye sammen jeg og Walter og Einar
 (NDC, brunlanes_03gm)

Mykje av litteraturen som Delsing har brukt for å skissere isoglossane i Noreg, er frå første halvdel av 1900-talet, og kan såleis vere utdatert. Vi veit t.d. at den preproprielle artikkelen tidlegare har vore i bruk i Oslo, men no har gått heilt ut av Oslo-språket (Johannessen 2008:65). I lys av dette kunne det vere interessant å sjå om isoglossane har endra seg sidan litteraturen Delsing har gått ut frå, vart skiven. Dette er for omfattande for meg å gå inn på i denne oppgåva, men NorDiaSyn-materialet vil truleg kunne utgjere eit godt utgangspunkt også for å studere utbreiinga. Sjølv vil eg avgrense meg til å sjå på eventuelle endringar mellom dei eldre og dei yngre informantane i Kvæfjord, Gausdal og Voss, for slik å kunne sjå eventuelle endringstendensar innanfor dei enkelte dialektane.

I store delar av Noreg er den preproprielle artikkelen ubøyaleg i kasus, men ein kan finne kasusbøying av artikkelen i ein del dialektar (Delsing 2003a:21). Det ser ut til at prepropriell artikkel og s-genitiv har komplentær distribusjon i norske dialektar; i dialektar med prepropriell artikkel vil ein ikkje bruke s-genitiv, og omvendt (Delsing 2003a:53).

2.2.2 Prepropriell artikkel og psykologisk distal demonstrativ

Psykologiske demonstrativ er ein nyare type demonstrativ, som kan brukast i tillegg til demonstrativa *den* og *denne*. Der ein før i Oslo kunne seie *denne jenta* eller *den jenta*, avhengig av den geografiske distansen til objektet, er det no også blitt vanleg å seie *hun jenta*. *Hun* er her ein såkalla psykologisk distal demonstrativ (PDD). Som den preproprielle artikkelen har altså PDD samanfallande form som personlege pronomen i 3. person eintal, og det er difor nyttig å sjå nærmere på denne demonstrativen og korleis ein kan halde denne og den preproprielle artikkelen frå kvarandre. Janne Bondi Johannessen (2008) har skrive om denne demonstrativen i Språk i Oslo, med utgangspunkt i NoTa-korpuset.

PDD blir brukt for å markere avstand til objektet, anten fordi talaren sjølv ikkje kjenner personen, eller fordi lyttaren ikkje kjenner personen. I enkelte dialektar blir den preproprielle artikkelen brukt motsett – for å markere nærleik. Ein kan likevel ikkje seie at prepropriell artikkel er ein proksimal motpart til psykologisk distal demonstrativ. Den preproprielle artikkelen er ikkje ein demonstrativ, ettersom demonstrativar er påpeikande, og må kunne ha trykk. Den preproprielle artikkelen er aldri trykksterk.

I tillegg kan PDD brukast føre både personnamn og appellativ (t.d. yrkesnemningar), medan prepropriell artikkel vanlegvis blir brukt i samband med personnamn. I tilfelle der den preproprielle artikkelen blir utvida til å bli brukt også om appellativ, gjeld det typisk appellativ som kjenneteiknar nære relasjonar, som t.d. *mamma* og *pappa*. Slike appellativ fungerer ofte som namn (sjå 2.5.1.1).

Medan det er strenge pragmatiske bruksbetingelsar for PDD, ser vi at den preproprielle artikkelen i enkelte dialektar er obligatorisk ved alle namn. I slike tilfelle har artikkelen sjølvsagt inga eiga spesialtyding. I andre tilfelle, der den preproprielle artikkelen er knytt til undergrupper av namn, er artikkelen likevel obligatorisk når dei formelle betingelsane er til stades. PDD vil aldri vere obligatorisk i ein dialekt, men bruken avheng av psykologiske tilhøve slik dei blir oppfatta av talaren (Johannessen 2008:71).

I Oslo-dialekten er den preproprielle artikkelen gått ut av språket. Artikkelen var vanleg fram til tidleg 1900-tal. (Johannessen 2008:65). Dessutan var den preproprielle artikkelen i Oslo realisert som *a* og *n*, ikkje *han* og *hun* som PDD. I mange norske dialektar blir den preproprielle artikkelen og PDD brukte om kvarandre, og dei kan i tillegg ha lik realisering. Difor er det svært viktig å halde desse to storleikane frå kvarandre. For meg tyder dette at eg i denne oppgåva må sjå på både kontekst og uttale for å skilje mellom psykologisk distal demonstrativ og prepropriell artikkel.

2.2.3 Postproprielt suffiks

Den postproprielle artikkelen (*Henningen, Magnusen* etc.) finst hovudsakleg i Bergens-traktene, og berre ved mannsnamn. Ifølge Lars-Olof Delsing finn vi postpropriell artikkel regelbunde brukt i Bergen og fleire område i Sunnhordland, medan ein i Trøndelag finn postpropriell artikkel brukt for å danne kjæleform av førenamn:

- (03) Deeeeeeeeeeeeeeeeili å verra hei!!!!im! Sænga mi! Kaffemaskin min! Og Hansn min.....♥

(Facebook-status, person fra Trøndelag)

I svensk kan postpropriell artikkel først og fremst sjåast ved etternamn og kjælenamn, utan at ein finn nokon regelbunden bruk. Også i færøysk blir postpropriell artikkel stundom brukt. Her gir den etterstilte suffigerte artikkelen ifølge Delsing eit nedsetjande preg, og bruken ser i dag ut til å vere like sporadisk som i rikssvensk. Tidlegare ser derimot postpropriell artikkel ut til å ha vore meir regelbunden i færøysk, spesielt på sørøyene (Delsing 2003:23-25). Eg nøyer meg med å nemne at det finst meir enn éin namneartikkel i norske dialektar, og vil såleis ikkje gå nærmare inn på den suffigerte artikkelen i denne oppgåva.

2.3 Den grammatiske statusen til prepropriell artikkel

2.3.1 Formmessig uttrykk

Den preproprielle artikkelen i norske dialektar er formmessig lik trykklett personleg pronomen 3. person eintal. I enkelte dialektar er den trykklette forma redusert i høve til den trykksterke forma, som hankjønnspronomenet i Gausdal:

- (04) a. ja næi så hadd **n** itte nån inne tå di ra
 (NDC, gausdal_05um)

- b. **hann** ækk att kjuge tusen tæll dær ell uttpå⁸
 (NDC, gausdal_01um)

Her er det første pronomenet trykksvakt, og det er denne forma den preproprielle artikkelen i hankjønn normalt får også:

- (05) å så **n Ola Petter** da vætt du såmm ha kjøptt hytta
 (NDC, gausdal_01um)

Det finst også døme på at den preproprielle artikkelen får den same forma som det trykksterke pronomenet i Gausdal. Dette skjer truleg når den preproprielle artikkelen kjem først i ei ytring, og tyder på at den trykksvake forma berre opptrer enklitisk:

- (06) **hann far** va me dær å snikkra å så att e
 (NDC, gausdal_08gk)

Det kan, som vi skal sjå i 2.4.5, likevel sjå ut som at redusert form også kan stå først i ei ytring i enkelte dialektar.

2.3.2 Syntaktisk klasse

Det er hovudsakleg to moglegheiter for grammatiske klassifisering av den preproprielle artikkelen. I dialektlitteraturen er artikkelen ofte omtala som eit personleg pronomens, som vi skal sjå nærmare på i 2.4. Dette skuldast truleg det formmessige uttrykket til artikkelen, som fell saman med det personlege pronomenet i 3. person eintal. Den andre moglegheitene er å sjå på artikkelen som eit determinativ.

Pronomen har, som namnet antydar, som regel same funksjon som ein substantivfrase, oftest utan adledd. Pronomenet får innhaldet sitt frå omgivnadene, anten den fysiske konteksten eller tekstu- eller talekonteksten. Av særdrag som kjenneteiknar dei personlege

pronomena, kan det nemnast at desse er dei einaste orda som har kasusbøyning i skriftleg norsk (NRG 2006:315-316).

Etter tradisjonell norsk skulegrammatikk har artiklane utgjort ei eiga ordklasse. No er det naturlegvis ikkje slik at ei ordklasseinndeling er absolutt og udiskutabel, og i Noreg har det i dei siste åra gått føre seg ei endring i ordklasseinndelinga som med større og mindre fart har slått igjennom på ulike område. I *Norsk referansegrammatikk*, først utgitt i 1997, er artiklane tekne opp i klassa *determinativ*, i undergruppa *kvantorar*. Også tidlegare grunntal og tidlegare ubestemte pronomene er kvantorar etter den nye ordninga. Dei andre undergruppene av determinativ er *possessiv*, *demonstrativ* og *forsterkarar* (NRG 2006:208-233). Determinativ er ord som seier noko om referensielle tilhøve i språket. Denne klassa står oftast til eit substantiv, som kan vere modifisert med eit adjektiv. Dei fleste determinativ har genus- og talbøyning (NRG 2006:202).

NRG omtalar *bestemmarar* i substantivfraser, og ramsar opp ei rekke moglege slike bestemmarar: «Som foranstilte bestemmere fungerer de egentlige determinativene (possessiver, demonstrativer, kvantorar, forsterkere jf. 3.2), substantiver med genitivs-s eller med *sin*, primært og sekundært kvantifiserende substantiver (jf. 3.3.1.1), adjektiver som fungerer som kvantorar, og pronomener» (2006:243). Her blir også den preproprielle artikkelen nemnt: «I tillegg til de ulike bestemmerne som er omtalt ovenfor, kan også pronomenen *han*, *hun* opptre som foranstilte bestemmere. Det gjelder for det første ved proprieter og ved appellativer som fungerer som proprieter [...] Disse pronomene har ofte redusert form: *hu*, *a' Kari*, *'n Ola*. Pronomenet er trykklett og står proklitisk som en slags foranstilt artikel til substantivet.» (NRG 2006:247). Medan ein del litteratur nøyer seg med å identifisere desse orda som trykksvake pronomene (sjå 2.4), går NRG altså eit steg lenger i å definere denne typen bestemmarar som ein slags artikel.

Pronomen står som regel i *staden for* eit substantiv, medan determinativ står *til* eit substantiv. Den preproprielle artikkelen står alltid *til* personnamnet, ikkje *i staden for* personnamnet, og er alltid trykksvak. Personlege pronomene kan vere både trykksterke og trykksvake. Etter desse kriteria er det for meg svært tydeleg at prepropriell artikel bør klassifiserast som eit determinativ.

I NRG blir ord som blir bøygde i genus og tal, men ikkje i kasus eller bestemtheit, rekna som determinativ (2006:23). Etter desse kriteria fell den preproprielle artikkelen utanfor kategorien, ettersom han i visse dialektar kan få dativform, mellom anna i Gausdal (4.3.1). Likevel meiner eg at kriteria som talar for at det dreier seg om eit determinativ er meir

tungtvegande. Dette gjeld ikkje minst når ein trekk inn samanlikning med språk som bruker normal bestemt artikkel ved namn, og korleis artikkelen forsvinn ved namn i ikkje-argumentposisjonar både i desse språka og i dei norske dialektane, noko eg kjem inn på i 2.6. Dermed meiner eg det er rimeleg å rekne den preproprielle artikkelen for eit determinativ.

2.4 Prepropriell artikkel i norsk dialektlitteratur

Den preproprielle artikkelen er ikkje mykje omtala i dialektlitteraturen i Noreg.

Dialektforskinga har for det meste konsentrert seg om ordtilfang, morfologi og fonologi, medan variasjon på setningsnivå har blitt oversett eller sett på som mindre viktig. Dermed er det vanskeleg å finne informasjon om syntaktiske fenomen og syntaktisk variasjon i litteraturen, og dette gjeld også den preproprielle artikkelen. Denne artikkelen fell som vi har sett formmessig saman med personleg pronomen, tredje person eintal, og dei lydlege ulikskapane eller variasjonen i ordforrådet mellom dei ulike dialektane blir såleis dekte ved å studere pronomenkategorien.

Eg ønskete å finne ut kva som er skrive om prepropriell artikkel i norsk dialektlitteratur. For å få eit overblikk over dette gjekk eg igjennom ein god del dialektmonografiar og annan litteratur om norske dialektar frå dei stadene ein ventar å finne prepropriell artikkel (sjå 2.2.1 om utbreiing). Eg tok utgangspunkt i dei bøkene eg i det aktuelle tidsrommet fann på biblioteket, samt annan litteratur eg har kome over. Såleis kan det seiast å vere eit svært tilfeldig utval, men det er sjølv sagt umogleg å rekke over alt som er skrive. Målet er ikkje å gi ei korrekt kvantitativ framstilling, snarare å gi eit bilet av korleis prepropriell artikkel har blitt handsama i dialektlitteraturen. Eg valte å sjå heilt bort frå litteratur som utelukkande tek sikte på å skildre lydverket i ein dialekt og reine ordlistar, samt sosiolinguistisk litteratur. Eg vurderer det som lite sannsynleg at eg vil finne omtale av prepropriell artikkel i slik litteratur, sjølv om ein god del av desse bøkene også kan innehelde målprøver der ein kan finne artikkelen dokumentert.

Eg kunne naturlegvis heller ikkje lese alle desse bøkene frå perm til perm. For å kartlegge kva som blir skrive om prepropriell artikkel, valte eg dermed å sjekke kva som står skrive om temaet *artiklar*, dersom bøkene inneheldt eit slikt kapittel. Eg sjekka også under *pronomen*, ettersom ein del forfattarar når dei skriv om pronomen i trykklett stilling gir døme på nettopp den preproprielle artikkelen. Når eg ikkje fann informasjon om artikkelen på nokon av desse stadene, sjekka eg i tillegg eventuelle målprøver.

Det viste seg at det er svært vanleg å finne prepropriell artikkel i målprøver, truleg fordi informantar ofte snakkar om nære ting som familie, eller fortel anekdotar om folk frå heimstaden sin. Av plassomsyn har eg dermed valt å kommentere litteraturen berre dersom bruken av prepropriell artikkel er skildra på annan måte enn i målprøver.

2.4.1 Nordnorsk

I litteraturen som tek for seg dei nordnorske dialektane, fann eg svært lite om den preproprielle artikkelen, anna enn i målprøver. I *Saltendialekten: En grammatikk* blir det lista opp fem særskilte bruksområde for personleg pronomen 3. person eintal. Her blir det presisert at *hånn* og *ho* blir brukt «ved personnavn, både egennavn og slike som brukes som egennavn: (h)ånn *Ol'laff*, (h)o *A`ne*, (h)ånn *far*, (h)o *mor*, (h)ånn *Pe`ders'n*, (h)o *mad'dam Lijy*, (h)ån`nes *bæss'tefar*, (h)enes *Ber`ret*» (Brekke 2000:92).

I Ragnvald Iversen si *Syntaksen i Tromsø bymaal* frå 1918, som altså konsentrerer seg om noko så sjeldan som dialektsyntaks, finn vi også artikkelen omtala:

Ved bruken av den foranstillede artikel kommer særlig i betragtning de forhold som indtrær naar adjektivet staar til et **egennavn**. Er dette et personnavn, maa artikelen nemlig vike pladsen for det personlige pronomen *han* og *ho*. Hvis nu forbindelsen er mere løs eller tilfældig, beholder adjektivet sin selvstændige stilling (med svak böining): *ho tjkke Olga Lo, han onge Dreyer*. Blir forbindelsen fastere ved usuel bruk, opstaar gjerne en sammensætning (med sterkt form av adjektivet): *han Gammel-Evjan, han Skjetten-Eilert, ho Stor-Anna* (Iversen 1918:19).

Det personlige pronomenet blir anerkjent som ein artikkel, men her er fenomenet berre nemnt i samband med personnamn etter adjektiv. I døme som *han Gammel-Evjan* og *ho Stor-Anna* er det likevel naturleg å sjå adjektivet som ein del av namnet.

2.4.2 Trøndsk

Heller ikkje i litteraturen om trøndsk blir prepropriell artikkel ofte omtala. I ei anna dialektsyntaksbok, *Hovedtrekk av syntaksen i Kristiansund bymål*, finn vi likevel skildring av bruken. I Kristiansund blir prepropriell artikkel ifølge forfattaren brukt føre både førenamn, etternamn, det forfattaren kallar *historiske namn* (Wergeland, Kleopatra) og slektskapsord

(Juel 1991:57). I tillegg må adjektiv som står føre og karakteriserer eit særnamn også få *hain* eller *ho* føre seg; *hain Gammel-Backer, ho Likj-Kari*. Også personnamn som er bestemt av eit substantiv blir omfatta av dette; *hain Tuill-Sverre, hain Tater-Nils* (Juel 1991:31). På måten forfattaren sjølv har skrive desse namna, meiner eg det er tydeleg at substantiva og adjektiva her må reknast for å vere ein del av namnet, heller enn eigne ledd i den syntaktiske strukturen, som hos Iversen (2.4.1).

2.4.3 Austnorsk

Det er i litteraturen som gjeld austnorsk ein finn flest omtalar av den preproprielle artikkelen. I *Kristiania bymål* frå 1907 av Amund B. Larsen finn vi den preproprielle artikkelen omtala: «Som almindelig i østlandsk brukes 3dje persons pronomen nødvendig som en artikel foran fornavne, ikke som nordenfjelds også foran tilnavne» (Larsen 1907:112). Vi veit at den preproprielle artikkelen seinare har gått ut av Oslo-språket (2.2.2).

I *Totenmålet* av Jan Terje Faarlund er bruken av prepropriell artikkel skildra, men fenomenet blir ikkje definert som ein artikkel: «Som vi har sett, er trykklette pronomen avhengige av et ord foran å støtte seg til. I ett tilfelle støtter det seg imidlertid til ordet etter. Det er når det står til et personnavn. Når vi bruker et fornavn til å omtale en person, setter vi en trykklett form av pronomenet foran navnet» (Faarlund: 51). Den preproprielle artikkelen blir ifølge Faarlund altså berre brukt ved førenamn i Toten-målet. I tillegg nemner Faarlund at appellativ som *far, bæssmor* og *onkel* fungerer grammatisk som proprium, og difor også vil få trykklett pronomen føre seg. Også desse orda viser normalt sett til ein person som både talar og tilhørar kjenner.

I *Målet i Lom og Skjåk* av Asbjørn Dagsgard fann eg ei av dei mest utfyllande skildringane av prepropriell artikkel. Sjølve termen *prepropriell artikkel* er ikkje nemnt, og personleg pronomen brukt føre namn blir heller ikkje klassifisert som nokon artikkel, men likevel peikar forfattaren i kapitlet om pronomene på fleire av dei sentrale eigenskapane til den preproprielle artikkelen: «I L. og S. [Lom og Skjåk, min merknad] blir alltid det personlege pronomenet lagt attå framfor personnamn i hankjønn og hokjønn eintal (proklise). Dette blir gjort også når det er brukt eit familienamn (gardsnamn) i tillegg til førenamnet. Det blir gjort i alle kasus» (Dagsgard 2006:38). Forfattaren viser også korleis dette fungerer ved ulike slektskapsord:

Dette gjeld i fyrste rekkje nemningar for slektingar som ein har berre ein eller iallfall få av, som far, mor, bestefar, oldemor osv., og onkel, tante og eldre nemningar for desse som *fa*: `bro og *mo` syst*. Denne uttrykksmåten kunne også brukast ved ord som bror og syster dersom ein hadde berre ein bror eller ei syster (Dagsgard 2006:38).

Vidare forklarar Dagsgard at dette fenomenet ikkje finn stad ved familienamn eller gardsnamn utan førenamn. Derimot finst det i Lom og Skjåk ein annan konstruksjon som blir brukt i samband med desse namna; det personlege pronomenet i tredje person fleirtal kan stå føre eit gardsnamn i dativ, som ei samlande nemning for alle menneska på ein gard:

- (07) *døm Få`bærrje*
 (Dagsgard 2006:38)

Denne måten å bruke personleg pronomen på i norsk har eg ikkje funne omtala nokon annan stad.

I *Hallingmålet* frå 1977 av Kjell Venås er bruken av prepropriell artikkel i Hallingdal godt dokumentert i avsnittet om personlege pronomene. Her viser forfattaren at prepropriell artikkel blir brukt både i nominativ og dativ. Det blir likevel ikkje gitt uttrykk for at bruk av personleg pronomen 3. person eintal som står til eit personnamn skil seg frå annan bruk av personleg pronomen 3. person eintal (Venås 1977:128).

I *Utsyn over målet i Norderhov (Ringerike)* av Olai Skulerud er situasjonen den same. I avsnittet om personlege pronomene ramsar forfattaren opp ei rekke moglege bruksområde for personlege pronomene 3. person eintal. Her er det likevel ikkje personnamn, men *a mor* og *n far* som blir nemnt, altså slektskapsord som fungerer som proprium (Skulerud 1926:47). Same forfattar har også skrive boka *Utsyn over målføret i Ådal (Ringerike)*, og her bruker han personnamn til å illustrere denne bruken av personleg pronomene (Skulerud 1927:414). Det er heller ikkje i desse bøkene noko som talar for at forfattaren vurderer fenomenet som ein artikkel.

I *Attved Tyrifjorden* av Petter Lyse, som omhandlar dialekten på Ringerike, er også prepropriell artikkel lista opp som mogleg bruksområde for dei personlege pronomena, 3. person eintal: *Dær kåmmer a Kari* (Lyse 1976:15). Det aller meste av dette verket består av målprøver og ordlister, og i målprøvene er også bruk av den preproprielle artikkelen

dokumentert.

I *Modumsmålet* av Kai Hunstadbråten er ikkje den preproprielle artikkelen nemnt i avsnittet om artiklar, men det viser seg at forfattaren likevel har oppfatta at det er noko særskilt med bruken av personlege pronomen ved personnamn, og i avsnittet om pronomen formulerer han seg slik: «I forbindelse med egennavn brukes alltid personlig pronomen» (Hunstadbråten 1973:66). Dette må tolkast som at den preproprielle artikkelen er obligatorisk iallfall ved førenamn, men forfattaren drøftar likevel ikkje dette noko vidare.

I *Flesberg-maalet (Numedal)* seier forfattaren i avsnittet om pronomen dette:

Merk: Fyre Døyopenamn og skyldskapsnamn som høyrer huslyden og eins nærmeste umgjenge til, set ein 'n (*hann*) og o' (*ho*).

Døme: *Baade 'n far aa o' mor è te kjørkja i dag. 'N fäbro, 'o mo'syster.*

Sameleis vert 'n stundom hengt etter gardsnamne:
Grøterud'n, Solom'n = mannen fraa Grøterud, Solom. Stundom vert dette bruka, naar det gjeld kvendenamn au, men daa ligg det so halvt ein vanvyrdnad i det. Døme: *Brøtønn'a, Smeplass'a* (Flatin 1923:17).

Forfattaren har tydelegvis merka seg at personlege pronomen kjem i ei særstilling når dei står til personnamn eller slektskapsord. I tillegg er det interessant å sjå at forfattaren jamfører dette med at etternamn blir bøygde med den normale suffigerte artikkelen, sjølv om det ikkje blir sagt noko om at dette kan gjelde ein artikkel.

I *Hedalsmålet* av Mikkel Sørli blir også prepropriell artikkel nemnt i avsnittet om personlege pronomen. Her blir det dessutan nemnt at hanskjønnspersonen i 3. person eintal har forma 'n i trykksvak og enklitisk stilling, men når det står først i setninga og/eller i trykksterk stilling får det forma han: «*han per såg je inngenting te*»¹ (Sørli 1043:71).

Det er også dokumentert bruk av prepropriell artikkel i Fåberg-målet. I *Någgå tå huru* kan vi lese at prepropriell artikkel vanlegvis blir brukt om førenamn: «Dæ æ såmmå fer mæi, vil a Marte, å a Marte vil støtt» (Fyksen 1997:24). Det er interessant å merke seg at prepropriell artikkel tilsynelatande ikkje blir brukt om namn på dyr: «Heme hadde vi tu blesete hæster. De va Blæsa å Blæsen» (Fyksen 1997:23).

¹ Lydskrifta er noko forenkla i høve til originalen

2.4.4 Vestnorsk

I *Målføret i Gloppen* av Audun Fitje blir ikkje prepropriell artikkel nemnt under *artiklar*, men i avsnittet om pronomen blir det spesifikt påpeika at personlege pronomen 3. person eintal kjem føre personnamn (Fitje 1995: 55). Det ser likevel ut som om forfattaren nemner dette for å illustrere skilnad i uttalen av pronomenet føre vokalar og konsonantar, og fenomenet blir ikkje drøfta vidare.

I Årdalsmål *hjå eldre og yngre* er bruken av prepropriell artikkel skildra under *Personleg pronomen 3. person med bøyning etter kjønnet i eintal*. Her brukar forfattaren personleg pronomen føre slektskapsord som *mor* og *moster* som døme på bruk av personleg pronomen i 3. person eintal. Denne bruken blir ikkje vidare tematisert eller drøfta (Bjørkum 1968:119).

Amund B. Larsen slår i *Sognemålene* fast at «[d]e pers. Pron. *hann*, *an*, (*ø*)*n* og (*h*)*o* og deres dativer brukes i Sogn bare ved fornavn som en bestemt artikkel, ikke, som nordenfjelds, også ved tilnavn» (Larsen 1926:550-551). Her er det tydeleg at forfattaren har inngåande kjennskap til bruk av prepropriell artikkel ikkje berre i Sogn, men også nordpå, der prepropriell artikkel blir brukt ved etternamn i tillegg til førenamn. Det er også, som vi har sett, sjeldan kost at ein ser pronomen i denne stillinga omtala som artikkel, som hos Larsen.

2.4.5 Annan litteratur

Heller ikkje i lærebøker i norsk dialektologi blir prepropriell artikkel tematisert. *Norsk talemål* av Papazian og Helleland er ei av dei mest brukte dialektbøkene på innføringskurs i dialektologi ved høgare utdanning. I kapitlet om personlege pronomen ser vi at trykksvakt personleg pronomen kan bli brukt føre personnamn, i enkelte dialektar også med dativsbøyning intakt. Likevel blir ikkje denne bruken av personleg pronomen tematisk skilt ut frå annan bruk av pronomena, og det blir ikkje nokon stad antyda at det dreier seg om ein artikkel (2005:64-65).

I Martin Skjekkeland si *Dialektar i Noreg*, gjeld noko av det same. Skjekkeland framhevar likevel ein skilnad mellom prepropriell bruk og annan bruk av personleg pronomen, 3. person eintal; trykklette former av pronomenet står til vanleg ikkje først i ei setning, men unntaket er når pronomenet står føre eit personnamn: '*n Kå:re er me(d) i dag*' (Skjekkeland 2005:108). I 2.4.3 såg vi at dene generaliseringa ikkje stemmer for Hedalsmålet, der ein bruker forma *hann* når den preproprielle artikkelen står først i setninga. At det er

snakk om ein artikkel eller bestemmar, blir ikkje nemnt (Skjekkeland 2005:108-109).

Eg konkluderer med at sjølv om den preproprielle artikkelen er synleg i dialektlitteraturen, og sjølv om mange forfattarar har nemnt han, er han likevel svært utisltrekkleg og usystematisk handsama. Også i dei tilfella der forfattarane ser ut til å anerkjenne at det dreier seg om ein artikkel, blir det likevel berre unntaksvise greidd ut om kva for samanhengar artikkelen kan brukast i. Det er så vidt nemnt at det er skilnad på Nord-Noreg og sørlegare område når det gjeld preproprielle artiklar og etternamn, men det er ut frå litteraturen ikkje mogleg å fastslå kvar grensene eventuelt går. Mange nemner at artikkelen kan brukast ved slektskapsord i nære relasjonar, men vel så ofte er dette ikkje nemnt. Eg vil difor sjå på bruken av prepropriell artikkel ved både førenamn, etternamn, slektskapsord og andre typar namn i denne oppgåva, for å kaste lys over desse problemstillingane.

2.5 Den grammatiske statusen til **proprium**

Namneartiklar blir ikkje brukte likt i alle språk. I norske dialektar, samt i språk som katalansk, blir det brukt ein eigen artikkel for proprium. Denne artikkelen blir berre brukt ved personnamn, ikkje t.d. stadnamn. I andre språk, som gresk, får proprium, både personnamn og andre proprium, den same bestemte artikkelen som appellativ. Sidan det finst slike store skilnader i grammatikken når det gjeld bruk av proprium, kan det vere nyttig å sjå på kva som definerer proprium grammatisk. Mot slutten av dette underkapitlet presenterer eg ein tabell som oppsummerer dei ulike momenta eg kjem inn på i gjennomgangen.

2.5.1 Proprium og appellativ

All tradisjonell grammatikk reknar proprium som ein underkategori i substantivklassa. Likevel er det vigt nokså lite plass i grammatisk forsking til namn og det som kjenneteiknar proprium grammatisk. Frå skulegrammatikken kjenner vi godt til skiljet mellom dei to substantivkategoriane *særnamn* og *samnamn*.

NRG klassifiserer også proprium som substantiv. Klassifiseringa er grunngitt med at proprium både syntaktisk og semantisk har så mykje til felles med appellativ at dei bør reknast til substantivklassa (2006:137). At proprium oftast manglar bøyning, blir nemnt som den viktigaste skilnaden mellom proprium og appellativ. Proprium tener til å identifisere ein bestemt storleik, og har slik sett ikkje innhald på same måte som appellativ. Referansen er oftast unik, sjølv om ein kan finne same stadnamn fleire plassar, eller same personnamn på

fleire personar. Tidvis kan appellativ fungere som proprium (*ein bibel - Bibelen*), eller proprium kan endre tyding over tid, og fungere som appellativ (*ein quisling*). Mange ord fungerer både som appellativ og proprium avhengig av samanhengen dei finn stad i (*høgsterett, regjering*) (NRG 2006:140-141).

2.5.1.1 Slektkapsord

Vi ser også at den preproprielle artikkelen kan brukast ved andre ord enn dei vi vanlegvis oppfattar som namn. Særleg er det verdt å merke seg ei rekke ord som har med slektkap å gjere. Ord som *pappa, mor, tante* kan brukast ved omtale og tiltale, på same måte som proprium. I tillegg kan desse orda få prepropriell artikkel på same måte som namn i dialektane som har dette trekket (NRG 2006:143):

(08) **Han far** er ute.

NRG hevdar at desse slektkapsorda står i ei mellomstilling mellom appellativ og proprium (2006:143). Denne ordbruken er etter mi meining uheldig, ettersom ein nærmest kan forstå det som at dette er ord som ikkje fullt ut fungerer som verken appellativ eller proprium og dermed ikkje kan klassifiserast som verken det eine eller det andre. Snarare kunne ein kanskje seie at desse orda kan fungere som både appellativ og proprium, avhengig av syntaktiske faktorar. Når slike ord er ubøygde og umodifiserte, fungerer dei syntaktisk som namn, medan dei mistar namnelikskapen når dei blir bøygde eller modifiserte av t.d. adjektiv.

Vi har også sett i dialektlitteraturen at namn som Gammel-Backer og Likj-Kari ofte blir analysert som namn modifisert av adjektiv (2.4.2). Dette meiner eg også er misforstått. Adjektivet inngår i desse døma i eit kjæleneman. Det er ingen grunn til å skilje grammatisk mellom kjælenamn og døypenamn. Dersom eit ord blir brukt som eit namn, må det også forståast som eit namn i den aktuelle samanhengen. Dette gjeld også slektkapsord som *mamma* og *bestefar*. Ein kan seie at det også her er tale om kjælenamn – eit namn ein bruker i staden for døypenamnet til menneske ein har ein nær relasjon til.

2.5.1.2 Proprium og determinativ

I mange språk, også i skriftleg norsk standardspråk, opptrer proprium vanlegvis utan ordinær

artikkel, er morfologisk ubøygd med omsyn til tal og bestemtheit, og er vanlegvis utan modifikatorar. Slik skil proprium seg tydeleg frå appellativ i grammatikken. I t.d. europeisk portugisisk er artikkel obligatorisk ved proprium. I andre språk er det naudsynt med bestemt artikkel berre når det gjeld enkelte klassar av proprium. Desse klassane varierer frå språk til språk. I engelsk brukar ein t.d. artikkel ved namn i fleirtal (the Clintons, the Alps). Andre språk krev artikkel ved t.d. namn på land eller vekedagar (Matushansky 2006:285). I språk som har prepropriell artikkel, som mange norske dialektar, er prepropriell artikkel ved personnamn obligatorisk, og ein kan sjølvsagt ikkje seie at mangel på artikkel skil proprium frå appellativ i desse dialektane. Den preproprielle artikkelen, som fungerer som ein bestemt artikkel, skil seg likevel formmessig frå den normale bestemte artikkelen vi finn ved appellativ. Appellativ kan også opptre med ei rekke andre determinativ i tillegg til den bestemte artikkelen – possessiv, demonstrativ og kvantorar. Dette «arsenalet» av determinativ finn vi vanlegvis ikkje saman med proprium.

I visse tilfelle kan likevel den bestemte artikkelen brukast ved personnamn. Også ubestemt artikkel blir enkelte gongar brukt i samband med proprium: «*En* brukes også ved proprier om et spesifikt og unikt individ, men der referenten enten er ukjent for den talende (= 'en viss'), eller der det fokuseres på et karakteristisk trekk ved personen» (NRG 2006:225):

- (09) derifrå sjille eg kjøyra me **ein M2** # hann ee kjøure de di kadda delysjannge
 (informant i Målførarkivet)

Ein kan også finne andre typar bøyning og modifisering ved proprium, t.d. med adjektiv:

- (10) blei jiffte me døtte te **gammle M2**
 (informant i Målførarkivet)

Ein kan diskutere om proprium i språk som engelsk, der personnamn i regelen ikkje får artikkel, kan involvere to ulike kategoriseringar, der den eine – namn i argumentposisjon – inkorporerer bestemtheit. I gresk, derimot, har namn mangel på bestemtheit som ibuande eigenskap (Anderson 2004:458). I språk der proprium opptrer utan synleg artikkel, kan ein dermed argumentere for at proprium likevel har bestemtheit (Matushansky 2006:285). Når eit substantiv har bestemtheit som ibuande kategori, anten det gjeld appellativ eller proprium, får

det ikkje bestemt artikkel (Anderson 2004:449):

- (11) a. Sukker løysast opp i vatn
- b. Hamsun var to ganger i Amerika

Enkelte vil likevel hevde at det er skilnad mellom bestemte substantiv og proprium, i motsetnad til kva Matushansky og Anderson seier. Longobardi nemner ulike semantiske kontrastar mellom definitte konstruksjonar og proprium, mellom anna at «proper names, unlike allegedly equivalent descriptions, appear to designate the *same* object throughout all possible worlds (i.e. also in counterfactual situations)» (1994:639). Proprium må difor seiast å ha *rigid* referanse til det same objektet i alle moglege verder. Denne eigenskapen forsvinn dersom namnet blir modifisert eller bøygd:

- (12) John would like to marry a Mary.

Proprium oppfører seg som appellativ når dei blir modifiserte, t.d. med adjektiv. Det ser ut til å vere ein generell tendens i mange språk til at modifiserte proprium krev artikkel, også i språk der proprium vanlegvis ikkje får artikkel (Matushansky 2006:290-291). Matushansky listar opp tre hovudkategoriar av situasjonar der proprium opptrer *med* bestemt artikkel i språk som normalt sett ikkje vil ha artikkel ved namn:

- Dersom propriumet er restriktivt modifisert
- Dersom det tilhøyrer spesifikke leksikalske klassar (t.d. krev namn på skip og fjellkjedar bestemt artikkel på engelsk)
- Dersom det inneholder bestemt bøyingsmorfologi (t.d. pluralt affiks)

(Matushansky 2006:290)

I mange slike tilfelle, der proprium er modifisert med t.d. adjektiv eller blir bøygd, vil ein finne bruk av artikkel ved namn også i skriftleg norsk. (13) viser eit namn som er modifisert med adjektiv, med ubestemt artikkel:

- (13) en liten Martin

Ein kan få også bestemt artikkel ved personnamn modifisert med adjektiv:

- (14) den store Martin Scorsese

Som på engelsk, vil mange fjellkjedar (*Alpane*, *Pyreneane*) få bestemt bøygd namn på norsk, men dette er ikkje ein gjennomført regel (*Himalaya*). Ei anna leksikalsk klasse som ofte vil vere bestemt bøygd, er namn på gater og vegar (*Trondheimsveien*). Dette er ikkje tilfelle på engelsk (*Oxford Street*), noko som illustrerer at det er store skilnader mellom ulike språk når det gjeld kva for leksikalske klassar som er omfatta.

2.5.1.3 Syntaktiske eigenskapar ved proprium

For ordens skuld kan det også nemnast at Longobardi hevdar at særskilte syntaktiske trekk talar for at proprium skil seg frå bestemte substantiv.

The specific readings of common nouns are all obtained by letting the variable bound by the operator (whether lexically present or understood) in the D position range over the extension of the kind referred to by the N position. The specific definite reading of determinerless proper names is obtained by raising the head noun to D at some level of representation and leaving the foot of the chain (i.e. the N position) *uninterpreted* (Longobardi 1994:648).

Bestemte appellativ har altså ein artikkel som anten er synleg eller usynleg, som «kvantifiserer over» substantivet, medan propriumet sjølv opptek plassen til denne artikkelen i ein DP. Ifølge Longobardi har altså proprium syntaktiske eigenskapar som tydeleg skil dei

frå appellativ, og slik sett understrekar han den problematiske grammatiske statusen til proprium. Ein må også gå ut frå at proprium som får artikkel eller blir modifiserte på annan måte, *ikkje* sjølv opptek D-plassen i ein syntaktisk struktur. Eg går ikkje vidare med problematisering av den syntaktiske strukturen til DP-ar med proprium i denne oppgåva.

2.5.1.4 Proprium og generiske substantiv

Eit anna grammatisk trekk ved proprium som fleire teoretikarar har påpeikt, er likskapen mellom proprium og generiske substantiv. Eit substantiv har generisk referanse når det refererer til heile arten snarare enn eitt bestemt eksemplar. På norsk har vi generisk referanse ved substantivfraser både i eintal og fleirtal, og både i bestemt og ubestemt form. Også nakne substantiv kan ha generisk referanse (NRG 2006:292):

- (15) Hos Nøstebarn får du alt du trenger av ullklær for både **mor, far og barn**.

Appellativ utan synleg artikkel vil vanlegvis ha eksistensiell eller generisk lesing, medan proprium kan opptre utan bestemt artikkel og likevel lesast spesifikt og bestemt (Longobardi 1994:635). Generiske substantiv utan artikkel kan seiast å ha bestemtheit som ein ibuande eigenskap, slik proprium kan i språk som ikkje krev artikkel ved proprium, som nemnt i 2.5.1.2.

Ein kan, trass likskapane, argumentere for at proprium skil seg frå generiske substantiv. Til dømes ser vi at proprium når dei er artikkellause alltid ser ut til å referere til ein einskap som av natur må forståast som unikt i diskursdomenet (Longobardi 1994:647). Denne forståinga av proprium blir støtta av at namn brukta i fleirtal automatisk vil oppføre seg som appellativ, som eg også var inne på i 2.5.1.2.

Når eit proprium i fleirtal opptrer utan artikkel, kan det berre ha eksistensiell eller generisk lesing:

- (16) Marys are usually nice girls.

Ved å legge til artikkel får ein ei definitt, spesifikk lesing:

- (17) I visited the two Marys yesterday.

Dette gjeld ikkje berre for engelsk, men også for romanske språk som fransk og spansk. I romanske språk må ein vel å merke ha artikkel også ved generisk lesing, medan substantiv utan artikkel berre kan ha eksistensiell lesing (Longobardi 1994:647).

2.5.2 Proprium og pronomen

Som vist er det mykje som skil proprium frå appellativ, trass i at begge er underklassar av substantiv. Det kan i tillegg vere nyttig å sjå på kva proprium har til felles med ei anna ordklasse; pronomen. Eit av særdraga som proprium og pronomen har felles, er at begge fungerer syntaktisk primært som argument (Anderson 2004:470). Normalt manglar både proprium og pronomen bøyning. Personlege pronomen kan rett nok seiast å bli bøygde i person, tal og kasus, men det er ikkje alltid klart å vite kva som skal reknast som bøyning og kva som skal reknast som eigne leksem, noko NRG også har påpeika (2006:316). Bøyning med omsyn til t.d. bestemtheit finn vi uansett ikkje i pronomenklassa. Giuseppe Longobardi er mellom dei som har sett likskapen mellom proprium og pronomen (1994:635). Ein kan likevel diskutere om desse likskapane veg tyngre enn skilnadene, mellom anna finn vi ein viktig skilnad mellom proprium og pronomen nettopp når det gjeld artikkelbruk; modifiserte proprium oppfører seg på same måte som modifiserte appellativ, noko som ikkje gjeld for personlege pronomen:

- (18) a. The nice Gianni that I used to know no longer exists
 b. *The nice he that I used to know no longer exists.

Vi ser altså at proprium har mykje til felles med både pronomen og appellativ, samstundes som det også er mykje som skil desse to kategoriane og proprium. I 2.5.4 oppsummerer eg likskapar og skilnader mellom både proprium og appellativ og proprium og pronomen.

2.5.3 Rettskriving

Skriftspråk har ulike konvensjonar for markering av proprium. Det fremste formelle kjenneteiknet på proprium i skriftleg norsk, som i mange andre språk, er stor forbokstav. Også opphavlege appellativ som er tekne i bruk som proprium, får stor forbokstav i offisiell norsk rettskriving (*Krepsen, Midtbyen*). Tilnamn får stor forbokstav i norsk, dersom det er snakk om tilnamn utan demonstrativ (*Magnus Berrfött – Magnus den gode*). Offentleg fastsette namn som er samansette av fleire ord, får stor forbokstav i det første ordet (*Norsk språkråd*) (NRG 2006:140-141). Ulike språk har likevel konvensjonar på dette området. I engelsk har ein stor forbokstav ved namn på vekedagar og månader, medan ein i t.d. norsk bruker liten forbokstav. Slike ord blir dermed heller ikkje rekna som proprium i norsk, sjølv om ein i mange tilfelle kan sjå parallellear i bruken. Til dømes er det heller sjeldan ein finn bøygde former av namn på månader i norsk. Andre skriftspråk, som t.d. arabisk, har alfabet der ein ikkje skil mellom store og små bokstavar. Ingen slike rettskrivingskriterium gjeld for alle språk, noko også Anderson har påpeika (2004:436), og desse kriteria er dermed ikkje essensielle for karakteristikken til namn som grammatiske objekt.

2.5.4 Klassifisering av proprium

For å oppsummere momenta som gjeld samanhengen mellom proprium og appellativ og proprium og pronomen, set eg opp ein tabell som tek opp att språkdrag som allereie er nemnt i samband med proprium og høvesvis appellativ og pronomen:

	Appellativ	Proprium	Pronomen
Spesifikk og unik referanse	-	+	+
Manglar oftast bøyning	-	+	+
Fungerer primært som argument	-	+	+
Opptek D-plassen i ein DP (Longobardi)	-	+	+
Opptrer normalt utan modifikatorar	-	+	+
Ibuande bestemtheit	²	+	+
Kan normalt ha eit fullt arsenal av determinativ	+	-	-

² Normalt ikkje, men mogleg ved generiske substantiv, sjå 2.5.1.4

Generiskheit ved manglende bøyning og artiklar	+	-	-
Fungerer som appellativ når modifisert	Ikkje relevant	+	-
Kan brukast vokativt	/ ³	+	/ ⁴

Tabell 2.1

Sjølv om *proprium* i norsk grammatikk blir klassifisert som substantiv, er altså ikkje den grammatiske statusen til *proprium* som heilt uproblematisk. Som vist er det mange trekk som skil *proprium* og *appellativ*, og mange trekk *proprium* og *pronomen* har felles.

Grammatikken til *proprium* involverer element som referanse, bestemtheit, generiskheit og andre element som også er assosiert med andre syntaktiske kategoriar (Anderson 2004:437). Vi ser av tabellen at mange av elementa som skil *proprium* frå *appellativ*, er nettopp dei same som *proprium* har til felles med *pronomen*, som nettopp referanse, bøyning, modifisering og generiskheit. Anderson meiner at *proprium* i staden for å reknast til substantivklassa skal klassifiserast som determinativ, saman med *pronomen*. Ord i determinativklassa fungerer syntaktisk primært som argument, anten åleine (*pronomen* og *proprium*) eller med eit substantiv som komplement (demonstrativ) (Anderson 2004:470).

Likevel kan ein ikkje oversjå at det i språk som t.d. gresk ikkje er skilnad på *proprium* og *appellativ* når det gjeld bruk av artiklar. I slike språk vil det vere vanskelegare å argumentere for at *proprium* skal skiljast ut frå substantivklassa. I tillegg har vi som nemnt ei gruppe *appellativ*, ulike slektskapsnemningar, som kan fungere grammatisk som *proprium*. Slik ser ein at grensene mellom *proprium* og *appellativ* ikkje er eintydige og uproblematiske. *Proprium* fungerer også som *appellativ* dersom ein set til ein artikkel eller anna modifisering, noko som viser at det er ein samanheng mellom desse klassane, sjølv om det også er mykje som skil dei. At det er store skilnader mellom ulike språk, medverkar også til at det er vanskeleg å komme fram til éin fasit på korleis ordklasseinndelinga bør vere.

2.6 Personnamn i ikkje-argumentposisjon

Ved personnamn i vokativ, predikativ eller i namngivingskonstruksjonar vil den preproprielle artikkelen ikkje bli brukt. Den første som fremja denne påstanden, var truleg ungarske A

³ Enkelte *appellativ*, som yrkesnemningar etc.

⁴ Gjeld berre 2. person

Szabolcsi i 1987 (Delsing 2003b:69). Som eg var inne på i 2.5.1.2, kan ein gå ut frå at namn i argumentposisjon er definitte konstruksjonar, uavhengig om der finst ein synleg artikkel eller ikkje. Ved vokativ bruk vil namn alltid opptre utan artikkel, som i (19) (Anderson 2004:458).

- (19) I read that, Basil.

I såkalla *naming constructions* – namngivingskonstruksjonar – vil ein finne *proprium* utan synleg artikkel, også i språk og dialektar der ein elles ventar artikkel ved *proprium*. Anderson definerer namngivingskonstruksjonar som «a small set of verbs that are subcategorized for taking an element that can elsewhere be a vocative» (Anderson 461).

Som eg var inne på i mellom anna i 2.5.2 er det fleire som påpeikar at namn stort sett fungerer som argument i syntaktiske strukturar. Matushansky argumenterer for at namn likevel også kan vere predikativ. Såkalla *verbs of nomination* – nominasjonsverb – tek ei småsetning som kompliment. Slike småsetningar inneheld gjerne eit nakent substantiv som predikativ. Substantivet kan likevel lesast definitt:

- (20) The queen appointed her lover treasurer of the realm.

Sambandet mellom nakne substantiv som predikativ og namngivingskonstruksjonar kan ein sjå ved å observere at i språk med obligatorisk prepropriell artikkel ved namn i argumentposisjon, forsvinn artikkelen ved namngivingskonstruksjonar:

- (21) a. Vi kalla han Knut
 b. *Vi kalla han n Knut

Dette ser ein i indoeuropeiske språk som tysk, og også i norske dialektar med prepropriell artikkel, men fenomenet finst også i for oss fjernare språk som pima, eit udo-aztekisk språk. Ein kan diskutere om den parallele oppførselen til namn i namngivingskonstruksjonar og appellativ som predikativ tyder at *proprium* i slike konstruksjonar må forståast som predikativ (Matushansky 2009:579-582).

Ei alternativ forklaring til at namnet er predikativ i slike konstruksjonar, kan vere at mangel på artikkel viser til mangel på referanse – «*naming constructions involve «mention» rather than «use» of proper names»* (Matushansky 2009:582), noko ein må forstå som at

namnet er innhaldstomt. Namn i argumentposisjon har normalt spesifikk, unik referanse. Matushansky avviser likevel denne moglege analysen, ved hjelp av språkdata frå mellom anna koreansk, walisk, slaviske språk og gresk, og konkluderer med at namn i namngivingskonstruksjonar må forståast som predikativ (2009:583-588).

Namn i predikativ, namngivingskonstruksjonar og vokativ er altså skildra i litteraturen. Matushansky har diskutert om namngivingskonstruksjonar involverer *nemning* snarare enn *bruk* av namn, men konkluderer negativt (2009:590). Etter mitt syn kan ein likevel snakke om nemning i staden for bruk av namn i andre døme. Dette kan gjelde diskusjon om uttalen til eit spesifikt namn, diskusjon om namnet til ein person, eller annan ikkje-referensiell bruk av namnet. Eg har ikkje sett denne bruken av namn bli diskutert på ein tilfredsstillande måte i litteraturen, men kommenterer slik mogleg *metabruk* av namn i materialet mitt i kapittel 4.

2.7 Prepropriell artikkel og perifrastisk genitiv

Det finst to måtar i norsk for å uttrykke genitiv ved omskriving med pronomen – *perifrastisk genitiv*. Garpegenitiven har possessor som står føre, og eit refleksivt pronomen mellom possessoren og hovudordet:

- (22) Per sitt hus

Den andre konstruksjonen, som Lars-Olof Delsing kallar *h-genitiv*, har etterstilt possessor og eit pronomen mellom hovudordet og possessoren (Delsing 2003b:65):

- (23) Huset hans Per

Denne konstruksjonen finst også på Island. I Noreg er h-genitiven å finne i omtrent dei same områda som prepropriell artikkel, og det tradisjonelle synet, hypotese A, er at denne konstruksjonen er den genitive motparten til konstruksjonar som *han Per*. Ein vil ikkje finne h-genitiv i område der den preproprielle artikkelen ikkje blir brukt i nominativ kasus. Pronomenet i h-genitiv er altså ifølge denne hypotesen ein prepropriell artikkel. Eit alternativ, hypotese B, er at pronomenet i h-genitiv er eit vanleg possessivt pronomen, og Delsing diskuterer både denne og den tradisjonelle hypotesen i artikkelen «Perifrastisk genitiv»

(2003).

Som nemnt er den geografiske distribusjonen eit argument for at h-genitiv er ein prepropriell artikkel i genitiv. Begge konstruksjonane ser vi på Island og i delar av Noreg og Sverige. Begge konstruksjonane er fråverande på Sørlandet, i Bergen, Mellom- og Sør-Sverige, på Færøyene, i Svenskfinland og i Danmark. Likevel er ikkje utbreiinga heilt lik for dei to konstruksjonane. Sør i Lappland og i Ångermanland finn ein ikkje h-genitiv, sjølv om prepropriell artikkel i nominativ blir brukt (Delsing 2003b:67). Motsett finn ein også område i Noreg der ein finn h-genitiv, men ikkje prepropriell artikkel i nominativ. Dette gjeld indre delar av Agder og vestre Telemark (Delsing 2003b:68).

I mange område er begge konstruksjonane avgrensa til proprium:

- | | | |
|---------|---------------------------|----------------------------------|
| (24) a. | <i>huset hans Eirik</i> | <i>han Eirik</i> |
| b. | <i>*huset hans gubben</i> | <i>* han gubben</i> ⁵ |

Heller ikkje dette kriteriet er eintydig. I nordre Västerbotten finn ein h-genitiv med appellativ, medan prepropriell artikkel berre kan brukast ved førenamn, slektskapsord som blir brukte som namn, og namn på husdyr. I islandsk kan ein finne prepropriell artikkel i pluralis, med eit singulart proprium etter, der uttrykket må tolkast pluralt og omfattar referenten til namnet og nokon andre:

- (25) *við Jón (Jón og eg)*

Same type inkongruens finn ein i h-genitivar:

- (26) *húsið okkar Jóns (Jóns og mitt hus).*

Delsing konkluderer likevel med at dette ikkje kan sjåast som argument for verken den eine eller den andre hypotesen (Delsing 2003b:68-69).

Prepropriell artikkel er obligatorisk ved argument, men ikkje ved vokativ og predikativ. Dersom ein meiner at *huset hans Per* må ha strukturen *huset [hans Per]*, kan ein

⁵ Sjå avsnitt 2.2.2 om psykologisk demonstrativ

støtte seg til denne argumentasjonen, og hevde at namnet har argumentstatus, og ikkje burde kunne stå nakent som possessor. Likevel blir argumentstatusen problematisk dersom ein ser possessorar som argument og samstundes meiner artiklar er obligatoriske i slike tilfelle. Dette problemet gjeld ikkje berre h-genitiv dersom ein meiner at *hans* er vanleg possessivt pronomen (*huset hans [Per]*), men også garpegenitiv (*Per sitt hus/*han Per sitt hus*), og kan difor vanskeleg sjåast som eit argument for hypotese A (Delsing 2003b:69-70).

Det finst også argument for hypotese B. I islandsk står hovudordet normalt med suffigert artikkel dersom det etterstilte possessivattributtet er eit possessivt pronomen:

- (27) húsið hans

Hovudordet manglar artikkel dersom possessoren står føre hovudordet:

- (28) hús Péturs

Om ein då ser *hans* i *húsið hans Péturs* som ein propriell artikkel, kan ein ikkje generalisere over samspelet mellom possessivt pronomen og suffigert artikkel. Også ved andre reglar følgjer h-genitiv vanlege possessive pronomen. Frasar med *proprium* avvik stundom frå h-genitiven, og plasseringa deira samvarierer ikkje med suffigert artikkel (Delsing 2003b: 70-71).

I ein del svenske dialektar med dativ står også possessoren i h-genitiv i dativ. Desse konstruksjonane støttar hypotese B. I tillegg nemner Delsing at ein i mange dialektar ikkje vil finne distinksjon mellom subjekts- og objektsform på den preproprielle artikkelen. I dativdialektar er det også samanfall mellom subjekts- og objektsform, men ein finn ei særskilt dativform. Ein kunne anta at dativdialektane har behalde genitivsforma på prepropriell artikkel, men mista henne overalt elles, men det vanlege er å sjå på den preproprielle artikkelen som homonym med den vanlege suffigerte artikkelen, der ein heller ikkje finn genitivsform. Dette støttar også hypotese B (Delsing 2003b:73).

I tillegg finn ein i Västerbotten både h-genitiv og prepropriell artikkel i same konstruksjon:

- (29) huset hans n Janne

I det minste i slike dialektar kan altså hypotese A ikkje vere rett (Delsing 2003b:73).

Västerbotten-dialekten er spesiell fordi han tillet fullt utbygde nominalfraser i h-genitiv (Delsing 2003b:80).

Delsing viser altså at argumenta for hypotese A kan problematiserast, og samstundes at det finst klare argument for hypotese B. Han konkluderer med at det er rimelegare å sjå h-genitiven som ein konstruksjon med eit vanleg possessivt pronomenn som ein konstruksjon med propriell artikkel. H-genitiven er slik sett same type konstruksjon som garpegenitiv og s-genitiv. Eit uløyst problem erkjenner Delsing likevel at finst: H-genitiven er avgrensa til å kunne bli brukt berre ved personnamn. Denne restriksjonen finn vi ikkje ved garpegenitiv (Delsing 2003b:80).

Eg vil vidare i denne oppgåva sjå på bruken av h-genitiv i Kvæfjord, Gausdal og Voss, for å sjå om h-genitiv og prepropriell artikkel eksisterer parallellt hos informantane i denne oppgåva.

2.8 Oppsummering

Den preproprielle artikkelen finst i mange norske dialektar, men er sjeldan problematisert i dialektlitteraturen. Dette skuldast truleg lite fokus på syntaks i denne greina av språkforsking. Den preproprielle artikkelen er godt representert i målprøver, og stundom blir artikkelen nemnt i gjennomgang av grammatikken, men som oftast blir han berre sett på som eit trykklett personleg pronomenn. Når ein går igjennom dei grammatiske kjenneteikna på pronomenn og determinativ, er det likevel rimeleg å rekne den preproprielle artikkelen som eit determinativ.

Det er store ulikskapar når det gjeld bruken av proprium og artiklar i ulike språk. Enkelte språk bruker normal bestemt artikkel for alle substantiv, inkludert proprium, medan andre språk normalt ikkje bruker noko form for determinativ saman med namn. Enkelte språk bruker artiklar berre ved personnamn, og i tillegg dreier det seg i ein del språk, som mange norske dialektar, då om ein artikkel som formmessig er ulik den normale bestemte artikkelen. I språk som har artikkel ved namn, gjeld dette namn i argumentposisjon. Ved namn i vokativ eller predikativ er situasjonen annleis – her opptrer proprium normalt utan artikkel.

Proprium er i all tradisjonell grammatikk klassifisert som substantiv, men det er likevel mykje som skil denne gruppa frå appellativ. Nokre av dei viktigste ulikskapane

mellan proprium og appellativ dreier seg om bruk av determinativ og modifikatorar, samt kva type referanse appellativ og proprium har. Mykje av det som skil proprium frå appellativ, har proprium i staden til felles med pronomen. Ein kan diskutere om det i staden kunne vere aktuelt å klassifisere proprium som determinativ.

Den såkalla h-genitiven blir ofte sett på som ein prepropriell artikkel i genitiv. Sjølv om bruken av h-genitiv og prepropriell artikkel som oftast er samanfallande, er det likevel også ting som tyder på at ein kan sjå på *hans* i h-genitiv som eit vanleg possessivt pronomen. Eg ser i denne oppgåva på bruken av h-genitiv i dei tre dialektane eg undersøker, i tillegg til bruken av prepropriell artikkel. Framgangsmåten blir skildra inngåande i kapittel 3.

3 Metode

3.1 Innleiing

For å undersøke bruken av prepropriell artikkel i dialektane i Kvæfjord, Gausdal og Voss, har eg brukt tre ulike dataressursar: Nordic Dialect Corpus/Nordisk dialektorpus (forkorta NDC), Nordic Syntactic Judgment Database/vurderingsdatabasen (NSJD) og eit skjema for omsetjing av setningar på bokmål til dialekt. Alle desse ressursane har utgangspunkt i datainnsamling frå dei same informantane, og ressursane inngår i prosjektet NorDiaSyn (Norwegian Dialect Syntax).

Det å bruke allereie eksisterande ressursar på denne måten, har gjort at eg ikkje har trengt å utføre eige feltarbeid. Alle opptak er allereie gjort. I denne oppgåva undersøker eg data frå tre dialektar. Frå kvar opptaksstad – *målepunkt* – finst det seks opptak, og totalt dreier det seg om om lag 80 minutt opptak per dialekt. I alt er det altså snakk om om lag 240 minutt opptak frå Kvæfjord, Gausdal og Voss. I utgangspunktet kan dette verke som ei overkommeleg mengde materiale å gå gjennom manuelt ved gjennomlytting. Likevel kan det fort bli mykje arbeid når ein må sjekke fleire ulike ting, høyre gjennom passasjar fleire gongar osb. Difor har eg vurdert det som mest formålstenleg for meg å ta utgangspunkt i transkripsjonen og søkeverkty for å finne fram til relevant materiale.

I dette kapitlet skildrar eg først NDC, NSJD og omsetjingsskjemaet, og korleis eg vurderer dei som ressursar. Eg skildrar også korleis eg har brukt dei ulike ressursane både i prosessen med å velje ut dialektane eg har sett på, og når eg har undersøkt bruken av prepropriell artikkel i desse dialektane. Eg tek også for meg dei ulike metodiske problema knytt til bruken av dei ulike dataressursane.

3.2 Ressursar

3.2.1 NorDiaSyn

NorDiaSyn er eitt av fleire prosjekt som hører til det fellesnordiske prosjektet Scandinavian Dialect Syntax (ScanDiaSyn). ScanDiaSyn-nettverket utforskar syntaktisk variasjon i nordiske dialektar, og arbeider med å samle inn store mengder talemålsmateriale frå heile det nordiske språkområdet. Materialet blir samla inn i Noreg, Sverige, Danmark, Island,

Færøyene og Finland (svensktalande område). Det innsamla materialet blir gjort tilgjengeleg for forsking gjennom Nordic Dialect Corpus og Nordic Syntactic Judgment Database.

NorDiaSyn er den norske delen av korpuset og vurderingsdatabasen. Korpuset inneholder opptak av spontantale, medan databasedelen inneholder data fra spørjeskjema utvikla for å kartlegge grammatisk variasjon i nordiske dialektar. I tillegg har informantane fylt ut eit omsetjingsskjema der dei har omsett setningar frå bokmål eller nynorsk til dialekt.

Arbeidet med NorDiaSyn går framleis føre seg i skrivande stund. Når det er ferdig, vil korpuset og databasen innehalde materiale frå om lag 100 målepunkt jamt fordelt over heile Noreg (kart over opptaksstader finst på ScanDiaSyn sine nettsider, sjå kjeldelista for nettadresse). Datainnsamlinga har gått føre seg i perioden 2007-2010.

3.2.2 Nordisk dialektkorpus

I Nordisk dialektkorpus (Johannessen et al. 2009a) finn ein data frå Noreg, Sverige, Danmark, Island og Færøyene. I Noreg er arbeidet med alle dei om lag 100 målepunkta stort sett bygt opp på same måten. På kvart målepunkt har ein normalt fire informantar – ei kvinne og ein mann under 30 år, og ei kvinne og ein mann over 50 år. Informantane er med få unntak fødde og oppvaksne på opptaksstaden, og har foreldre som er frå same stad. Informantane skal vere anonyme, og alle får kodar etter same mønsteret:

ung mann:	målepunkt_01um
ung kvinne:	målepunkt_02uk
gammal mann:	målepunkt_03gm
gammal kvinne:	målepunkt_04gk

Alle informantane har blitt intervjua av ein opptaksassistent, og parvis vore gjennom ein samtale. Denne samtales gjekk føre seg utan innblanding frå prosjektassistent og andre, og informantane kunne sjølve velje samtaleemne. Både intervjuet og samtales er tekne opp med lyd og video. Materialet frå opptaka er blitt transkribert lydnært etter visse retningslinjer ved Tekstlaboratoriet ved Universitetet i Oslo (Johannessen et al. 2009b).

Den lydnære transkripsjonen har så blitt omsett til bokmål ved hjelp av ein halvautomatisk transliterator. Transkripsjonane blir også syntaktisk og morfologisk tagga. Materialet blir slik gjort tilgjengeleg i korpuset med både lydnær og ortografisk transkripsjon i tillegg til lyd og video.

- i** **gausdal_01um** ja da # og så **han M2** da vet du som har kjøpt hytta bakom
ja ra # å så **n M2** da vætt du såmm ha kjøptt hytta bakomm
[translate]
- i** **gausdal_01um** hvis vi kunne ha bare på garden utav hun bestemor og **han M2**
viss vi ku ha bære på gaLa utta a bæstemor å **n M2**
[translate]

Illustrasjon 3.1 – Lydnær og ortografisk transkripsjon



Illustrasjon 3.2 – Video og transkripsjon

Grensesnittet Glossa (utvikla ved Tekstlaboratoriet, UiO) har avanserte søkefunksjonar som legg til rette for avdekking og undersøking av ulike syntaktiske trekk. Glossa blir brukt både til skriftspråks- og talespråkskorpus (Johannessen et al. 2008).

I korpuset inngår også opptak frå ulike dialektregnader som har blitt arrangerte av Nordic Centre of Excellence in Microcomparative Syntax (NORMS) og utvalte opptak frå Målførarkivet ved Institutt for lingvistiske og nordiske studier (NorDiaSyn si heimeside, sjå kjedelista). Opptaka frå Målførarkivet er hovudsakleg frå 70-talet, med nokre eldre opptak. Desse opptaka har sjølv sagt ikkje video.

I skrivande stund (12.08.10) innehold korpuset data frå 527 informantar, fordelt på 154 opptaksstader i Noreg, Sverige, Danmark, Island og Færøyene. Til saman innehold korpuset 1701308 ord, og nytt materiale blir stadig tilgjengeleg. Allereie tilgjengeleg materiale blir også arbeidd vidare med, både lydnær transkripsjon og omsetjing til bokmål blir korrekturlese, og tagginga kan bli forbетra. Som eg var inne på i 1.3, medfører dette at dei resultata eg får ved søk i korpuset i 2010 ikkje nødvendigvis vil vere like resultata av tilsvarende søk i framtida.

3.2.2.1 Personnamn i Nordisk dialektkorpus

Personnamn er anonymiserte etter eit visst mønster. Alle mannsnamn i eit opptak blir under transkripsjon tildelt kodar; M1 for det første mannsnamnet i eit opptak, M2 for det andre og vidare oppover, etter kvart som namna blir nemnt av informantane. Kvinnenamn får tilsvarende kodar; F1 for den første, F2 for den andre etc. F- og M-kodane kan innehalde berre førenamn, eller både førenamn og etternamn. Dersom informantane bruker berre etternamnet, blir det sett inn kodar frå E1 og oppover.

Informanten seier:

jæi så att Kari Hanns'n ga Nina dokumentt'ne till Nills'n

Vi skriv:

1

jæi så att F1 ga F2 dokumentt'ne till E1

Illustrasjon 3.3 (frå Johannessen et al. 2009b:14)

Dersom informantane tiltalar kvarandre ved namn, skriv ein i transkripsjonen koden for den aktuelle informanten (t.d. kvaefjord_04gk). Offentlege personar, som kjendisar, lokalpolitikarar osb. blir ikkje anonymiserte (Johannessen et al. 2009b:14-15). Denne måten å handsame personnamn på har i tillegg til personvern også den fordelen at det blir enklare å søke på konstruksjonar som inneholder personnamn.

Det er verdt å merke seg at retningslinene i transkripsjonsrettleiinga ikkje alltid har blitt følgt til punkt og prikke. Mange stader kan ein finne konstruksjonen F1 E1/M1 E1 når

det er snakk om førenamn og etternamn:

- (30) menn vi har hytte æu ra væitt du borrtaførr **ho F1 E1**
 (NDC, gausdal_01um)

Dette kan i visse tilfelle påverke søkeresultata mine.

3.2.2.2 lydnær og ortografisk transkripsjon

I korpuset er det mogleg å søke i både lydnær og ortografisk transkripsjon. Dersom eg skulle søke i den lydnære transkripsjonen, ville det kravd at eg hadde svært god oversikt over realiseringa av alle dei ulike preproprielle artiklane i norske dialektar. I tillegg er det stor individuell variasjon i talespråk. I Voss varierer den preproprielle artikkelen *han* mellom *hann* og *ann* i den lydnære transkripsjonen:

- (31) å so **ann Arne** Jællnes har eg æit par stykkje på dann ee æine sedeen åg
 (NDC, voss_03gm)
- (32) so sånn så **hann Ivar** hann skriv jo Våssamaol då
 (NDC, voss_03gm)

Korleis informanten realiserer ord som dette, avheng av mellom anna av talehastigkeit. Dersom ein baserer seg fullt og heilt på å søke i den lydnære varianten av korpuset, vil det vere vanskeleg og tidkrevjande å få med alle aktuelle treff. Den preproprielle artikkelen skal alltid vere identisk med dei vanlege personlege pronomena *han* og *hun* i den ortografiske tekstuversjonen, og det vil dermed vere langt enklare å få relevante treff ved å søke i den ortografiske transkripsjonen. Eg har difor valt denne framgangsmåten.

3.2.2.3 Nordisk dialektkorpus som ressurs

NDC er den av dataressursane eg har brukt som eg legg mest vekt på i oppgåva. Både intervju- og samtalesituasjonen er lagt opp slik at informanten skal tenke minst mogleg på det faglege og sjølve opptaket. I intervjuet legg assistenten opp til samtale om tema som ofte oppfattast som nære for informantane; oppvekst, skulegang, familiesituasjon og liknande. I tillegg blir det gjerne servert kaffi eller te, og videokameraet blir plassert så langt unna informantane som mogleg. Slik spontan og autentisk tale ser eg som svært verdifull, og analysen av resultata frå korpuset utgjer ein stor del av kapittel 4.

3.2.3 Spørjeskjema og Nordic Syntactic Judgment database

Eg har også brukt vurderingsdatabasen Nordic Syntactic Judgment Database (NJSD), som er heilt ulik korpuset. I tillegg til å vere med på opptak av samtale og intervju, har informantane vore gjennom eit spørjeskjema der ulike syntaktiske strukturar i dialekten blir vurdert ut frå den einskilde si språkkjensle. Utdrag frå spørjeskjemaet finst som vedlegg i denne oppgåva. Evalueringane frå dette skjemaet legg grunnlaget for NSJD, der ein kan søke blant resultata frå alle informantane.

Setningane vart presenterte for informantane munnleg, som regel ved hjelp av eit opptak av ein person med den lokale dialekten. Informanten vurderte kvar enkelt setning og skulle gi karakter 1-5, der 1 er uakseptabel og 5 er svært god. Nokre gonger har spørjeskjemaet blitt gjennomgått individuelt, andre gongar sat informantane i par når skjemaet vart gjennomgått, etter kva som passa best i den aktuelle situasjonen. To av setningane i spørjeskjemaet dreier seg om bruk av den preproprielle artikkelen:

- (33) a. Jeg har et bilde av han Elvis Presley på veggen (spørjeskjema, setning 88)
- b. Jeg har et bilde av han Ola på veggen (spørjeskjema, setning 90)

Resultata frå spørjeskjemaet blir gjort tilgjengeleg i NSJD. Her har ein ulike moglegheiter til å søke i resultata frå spørjeskjema etter setningstype, opptaksstad, alder, kjønn og anna.

Enkelte gonger blir det presentert ein kontekst for setningane. Informanten får t.d. oppgitt at han eller ho må late som om «Ola» i setning 90 er ein person informanten kjenner. Medan karaktergivinga av setning 90 skal klargjere om informanten i det heile teke bruker

prepropriell artikkel, vil setning 88 vise om informanten også kan bruke prepropriell i situasjonar der ho eller han ikkje kjenner vedkommande personleg.

3.2.3.1 Nordic Syntactic Judgment Database som ressurs

Syntaksdatabasen NSJD gir informasjon om korleis informantane sjølve vurderer sitt eige språk, i motsetnad til korpuset, som gir informasjon om faktisk språkbruk. Som nemnt i 3.2.2.3 ser eg resultata frå korpuset som meir verdifulle å analysere ettersom det er snakk om spontantale. Data frå NSJD har eg derimot først og fremst brukt i prosessen med å velje ut informantane (for detaljar om dette, sjå avsnitt 3.3.1), og for å kartlegge bakgrunnsinformasjon om informantane og målepunktet.

3.2.4 Omsetjingsskjema

I vekene før eller etter opptak og gjennomgang av spørjeskjema, skulle informantane gå igjennom 55 setningar på bokmål eller nynorsk som dei skulle omsetje til dialekt skriftleg. Dette vart gjort gjort anten på papir eller elektronisk. Mellom desse setningane er det fleire som er relevante med tanke på denne oppgåva. Det er ingen av setningane som først og fremst skal avdekke bruk av prepropriell artikkel, men i alt 20 setningar dreier seg om måtar å uttrykke eigedomstilhøve på, og ulike former for genitiv. I dei fleste av desse setningane finst det personnamn, og dersom informantane har inkludert prepropriell artikkel i omsetjinga, er dette sjølv sagt interessante data. Eit par av setningane handlar om h-genitiv, som eg også ønskte å undersøke bruken av i dei tre dialektane i denne oppgåva:

- (34) a. Har du sett katten hans Per?
- b. Har du sett den svarte katten hans Per?

Desse setningane er svært nyttige, ikkje minst dersom korpuset i seg sjølv ikkje gir nok informasjon om informantane sine måtar å uttrykke eigedomstilhøve på.

3.4.2.1 Omsetjingsskjemaet som ressurs

Dette skjemaet, slik som NSJD, baserer seg på informanten si eiga vurdering av språkbruken. Når det gjeld prepropriell artikkel, fungerer omsetjingsskjemaet litt annleis enn

spørjeskjemaet som legg grunnlaget for NSJD, ettersom ingen setningar i omsetjingsskjemaet har som direkte mål å avdekke prepropriell artikkel. Derimot vil eventuelle preproprielle artiklar dukke opp som ein «bieffekt» når informanten omset setningar som skal avdekke andre språktrekk, men som inneholdt personnamn. Den preproprielle artikkelen blir slik sett ikkje «framprovosert» på nokon måte. Sjølv om skjemaet som heilskap dreier seg om informantane si eiga vurdering av språket deira, meiner eg likevel at dette aspektet blir mindre framtredande når det er prepropriell artikkel eg skal undersøke. Når eg bruker skjemaet for å sjå på h-genitiv, er det snakk om rapportert språkbruk, og det er difor mest ideelt for meg å finne denne typen genitiv representert i spontan tale i korpuset, i tillegg til i omsetjingane. Omsetjingsskjemaet fungerer for det meste som sekundær kjelde til informasjon når korpuset viser seg å vere utilstrekkeleg.

3.2.5 Norsk i Amerika

Som ei forlenging av NorDiaSyn-prosjektet er det starta eit språk- og dialektprosjekt i Amerika – NorAmDiaSyn. I mars 2010 vart det gjort opptak av 28 informantar i Midtvesten. Informantane er etterkomrarar etter norske innvandrarar. Alle snakkar norsk i større eller mindre grad, og var på opptakstidspunktet mellom 67 og 90 år gamle (informasjon om NorAmDiaSyn frå Tekstlaboratoriet sine heimesider, sjå kjeldelista). Alle informantane har blitt intervjuat, og på stader med meir enn éin informant har det også blitt gjort opptak av samtalar med to og to informantar. Eg har brukt nokre av opptaka i oppgåva mi, ettersom eg ser på det som interessant å undersøke om bruk av preproprielle artiklar som språkdrag har blitt bevart når dialekten har vore isolert i eit område der hovudspråket er utan dette drag.

Opptaka frå USA er foreløpig ikkje transkriberte. Eg kunne difor ikkje søke og på ein enkel måte finne preproprielle artiklar i dette materialet, men måtte sjølv høyre på opptaka og transkribere interessante passasjarar undervegs.

Dei fleste informantane er etterkommarar etter utvandrarar frå Hallingdalen, Telemark eller Gudbrandsdalen, men også Jostedalen, Vestfold, Østfold og Mo i Rana er representerte. Sjå avsnittet om utval under for meir om dialektane eg har valt ut.


3.3 Utval og framgangsmåte

3.3.1 Utval

Dei tre aktuelle dialektane for denne oppgåva har eg valt ut ved hjelp av NSJD og NDC. Eg ønskte i utgangspunktet tre dialektar å undersøke. På Sørvest- og Sørlandet finn ein ifølge litteraturen ikkje prepropriell artikkel, og eg ønskte å undersøke ein dialekt i grenseområda, altså ein dialekt frå ein stad der det finst prepropriell artikkel, men som ligg nær stader der ein ikkje har prepropriell artikkel i dialekten. I tillegg ville eg ha éin dialekt frå meir midt i landet, og éin frå Nord-Noreg. Frå litteraturen veit vi at prepropriell artikkel er obligatorisk ved alle personnamn i Nord-Noreg, medan t.d. på Toten blir artikkelen berre brukt ved førenamn, og eg ville gjerne ha begge desse bruksmåtane av artikkelen representerte i materialet mitt.

Eg har valt å legge stor vekt på tal på relevante treff i korpuset, ettersom eg ser på reell språkbruk som det viktigaste, og ønskte å bruke informantane si bedømming av eige språk først og fremst til å støtte funn i korpuset.

Med utgangspunkt i dei setningane som skulle teste prepropriell artikkel, søkte eg i NSJD og valte å få resultata illustrert på eit kart. På skjermbiletet under er stadene der prepropriell artikkel blir godteken av informantane avmerkt med kvit farge, medan målepunkta der prepropriell artikkel blir avvist, er avmerkt med svart.



Illustrasjon 3.4 – kart over målepunkt. Kvit markering tyder at informantane godtek prepropriell artikkel

På kartet var det enkelt å trekke opp grove linjer for å finne område eg var interessert i å sjå nærmere på, men denne databasen seier ingenting om kvar det er mest materiale å finne når det gjeld faktisk språkbruk hos informantane.

For å finne relevante målepunkt til mi undersøking, kunne eg ikkje tilfeldig velje tre stader med prepropriell artikkel. For undersøkinga var eg avhengig av eit etter måten stort materiale. Vurderingsdatabasen fungerte som første leitetråd i denne samanhengen. Etter at eg hadde sett meg ut nokre dialektar som kunne vere aktuelle, brukte eg korpuset til å søke i for å finne dialektane innanfor eit gitt området med flest treff, ved å søke på *han* eller *hun* + substantiv. Eg valte å søke på substantiv i staden for M1, F1 osb. (sjå 3.2.2.1 om transkripsjon av namn), ettersom eg då også ville få treff på slektskapsord som *mor*, *onkel* o.l. Illustrasjon 3.5 viser skjermbilete av søket:

The screenshot shows the search interface for the Nordic Dialect Corpus. At the top right is the logo for 'Nordic Dialect Corpus Scandiasyn / NORMS'. Below it is a list of three items:

- Transcription guidelines, translation lists, etc
- Recording locations
- Transcriptions

Two search queries are displayed in separate boxes:

- Query 1:** 'han' with 'interval: min' and 'max' buttons. Phonetic criteria: noun.
- Query 2:** 'hun' with 'interval: min' and 'max' buttons. Phonetic criteria: noun.

Below the queries are two buttons: 'add phrase' and 'delete phrase'.

Search parameters are shown in a row:

- Regular expressions:
- Hits per page: 20
- Randomize
- Orthographic
- Search corpus

Search within: s

Max results: 2000

Skip tot. freq.

Phonetic

Both

Reset form

Results list:

informant	kvamsoey_ma_02	kvinnherad_01um	kvinnherad_02uk	kvinnherad_03gm	kvinnherad_04gk	kvinnherad_ma_01	kvinnherad_ma_02
	kvaejfjord_04gk	kvaejfjord_03gm	kvaejfjord_02uk	kvaejfjord_01um			
	[>]						
	[<]						
	choose						

On the right side of the results list are three buttons: 'Show texts', 'Save subcorpus', and 'Choose subcorpus'.

Illustrasjon 3.5 – søkegrensesnittet

Ettersom prosjektet er under arbeid, får ein foreløpig treff på fleire stader i databasen enn i korpuset. Grunnen til dette er at resultata frå spørjeskjemaet er nokså greitt å få på plass når ein er tilbake frå datainnsamling, og vurderingsdatabasen blir dermed ikkje særleg tidkrevjande å oppdatere fortløpande. Når det gjeld korpuset, skal lyd og bilete importerast og konverterast til eigna format, og deretter skal materialet både transkriberast, korrekturlesast, omsetjast til bokmål og taggast. Det kan difor gå ei stund frå opptakstidspunkt til materialet er klart i korpuset. Ein del av dialektane eg hadde merka meg ut på kartet, var difor foreløpig ikkje å finne i korpuset på det aktuelle tidspunktet.

I Nord-Noreg var det særleg få dialektar som på søketidspunktet var på plass i korpuset. Nokre dialektar hadde også berre opptak frå eitt informantpar klart, medan kvart ferdige målepunkt har to informantpar. Eg ville naturlegvis ha flest mogleg treff i materialet mitt, så eg utelukka uferdige målepunkt. Av dei aktuelle målepunkta i Nord-Noreg peika Kvæfjord seg ut med 140 treff.

I Sør-Noreg var valfridomen større, og eg kunne ta med opptak frå Målførarkivet (sjå 3.2.2) og dei amerikanske informantane i rekneskapen. Mange av dei amerikanske informantane (sjå 3.2.5) er etterkommarar etter utvandrarar frå Gudbrandsdalen, og eg ønskte difor ein dialekt frå dette området for å kunne bruke materialet frå Amerika. I Gudbrandsdalen

fekk eg flest treff ved søk i Gausdals-dialekten. Her fekk eg 56 treff ved søk på *han* eller *hun* + substantiv. Alle dei tre informantane i den vesle byen Westby i Wisconsin oppgir at dei stammar frå Gudbrandsdalen, og éin av dei oppgir endå til Gausdal som oppvekststaden til mor si.

Det kunne også vore ønskeleg med ein dialekt frå Midt-Noreg, t.d. Trøndelag eller Nordmøre. Her var det dessverre mykje materiale som ikkje var gjort tilgjengeleg i korpuset på det aktuelle tidspunktet. For å finne eit målepunkt med alle fire informantane i korpuset, måtte ein nesten så langt nord som Kvæfjord, som eg allereie hadde tatt med i utvalet. Eg valte difor å sjå på sørlegare delar av Vestlandet i staden. Her peika målepunkta Kalvåg og Voss seg ut med høvesvis 35 og 26 treff. Dersom eg valte Kalvåg, kunne eg også teke med opptak frå Målforearkivet i analysegrunnlaget mitt, ettersom det finst opptak frå både Eid og Hyen som er transkriberte. Ved å konsentrere meg om Voss, oppfylte eg det opphavlege kriteriet mitt om ein dialekt som grensar til område der den preproprielle artikkelen ikkje er i bruk. Både i Fusa og Eidfjord, som er dei to nærmeste målepunkta til Voss, oppgir informantane at dei ikkje bruker prepropriell artikkel.

Kalvåg ligg dessutan ved kysten, medan både Eid og Hyen ligg lenger inne i landet. Eg vurderte det som sannsynleg at desse dialektane kan vere så ulike at det ikkje er ideelt å handsame dei under eitt. Eg valte difor å halde meg til ønsket om å undersøke ein dialekt «i grenseland», og har difor valt å sjå nærmare på vossamålet.

I denne oppgåva har eg dermed undersøkt bruk av prepropriell artikkel i Kvæfjord i Troms, Gausdal i Oppland og Voss i Hordaland. I tillegg til NorDiaSyn-informantane i Gausdal, har eg brukt opptak frå Westby i Wisconsin.

3.3.2 Framgangsmåte

For kvart målepunkt har eg teke utgangspunkt i resultata frå prosedyren over, og slik fått lister over treff på prepropriell artikkel i alle dialektane. Listene måtte deretter reinskrivast, og openberre feil lukast ut. Ettersom eg sökte på *han* og *hun* + substantiv, fekk eg enkelte treff som ikkje dreidde seg om prepropriell artikkel. Ein del treff kan tilskrivast feil i tagginga, dvs. at verb som *heiter*, *bur* osb. feilaktig har blitt tagga som substantiv:

- (35) ke **hu hæitte** nå ijenn
 (NDC, sirdal_02uk)

- (36) menn do væit **hann bur** oppi ve denn S2
 (NDC, sirdal_04gk)

I tillegg finn ein konstruksjonar med *han* eller *ho* som subjekt, medan det direkte objektet er eit substantiv. Konstruksjonane eg er ute etter, har *han/ho* og substantivet (personnamnet) i same substantivfrase, som subjekt eller objekt i ei setning. Materialet i korpuset er ikkje tagga med frasar og setningsledd på denne måten, og eg måtte difor sortere ut desse treffa manuelt.

- (37) så bare slo **hun kloa** i han og så rett i øyet
 (NDC, kvaefjord_01um)

I tillegg finn ein ikkje uventa ein del førekommstar av psykologisk distal demonstrativ (sjå 2.2.2):

- (38) jeg sa til M8 " du har ikke kommet opp til E1 engang før **han parkeringsvakten** var der "
 (NDC, bergen_04gk)

Ettersom eg var ute etter personnamn og utvalde slektskapsord, var det stort sett enkelt å sortere vekk slike feil, men i kapittel 4 har eg skildra enkelte problemstillingar knytt til dette arbeidet. Søkeresultata frå kvart målepunkt importerte eg til eit rekneark, og etter å ha luka ut irrelevante treff som dei over, sorterte eg dei gjenverande resultata i tabellen. Eit utdrag av ein slik tabell er vist under:

4	kvaefjord_01um	æ hørre	hann M1	sa de heile klassn dákkesj va ute
5	kvaefjord_01um	ja de va gannse arrti # fikk nu se	hann M2	frå ei ny sie
6	kvaefjord_02uk	ja hørte	hann M1	sa de hann va heilt anna pæsjon
7	kvaefjord_01um	å så har ho dær me att ee # nárr ho har nán kjøreeleva # så prate ho så jævli mykkje å kj å ho prate mykkje omm	hann M3	té dæ kannsje ? # mm
8	kvaefjord_01um	å så dreit em # innafør va jo våkksne me å så va farn te	hann M5	me # å så såvna hann # unner de dær # førre de varte jo djævelænnge
9	kvaefjord_02uk	far te	hann M5	?
10	kvaefjord_01um		hann M6	# ja
11	kvaefjord_01um		hann M7	sku fannge denn å så
12	kvaefjord_02uk	hæ sku	hann M7	faninge denn ?
13	kvaefjord_01um	tok ná	hann M7	før å # hann M8 # _mottor
14	kvaefjord_01um	tok ná hann M7 før #	hann M8	# _mottor
15	kvaefjord_02uk		ho F6	
16	kvaefjord_01um		ho F6	
17	kvaefjord_01um	ja	ho F7	
18	kvaefjord_01um	* de va	n M11	ja
19	kvaefjord_02uk	m # du må få me dæ	hann M1	# oppi stalin
20	kvaefjord_02uk	allså # på gárn førre de att	ho F7	_F7 e heilt # på på knea etter hann # viss du sjønne ka e meine
21	kvaefjord_04gk	a	ann M1	
22	kvaefjord_03gm	ja å æ vill jo sei å så	hann M4	å hann M5
23	kvaefjord_03gm	ja å æ vill jo sei å så hann M4 å	hann M5	
24	kvaefjord_03gm	ferr ee æ kjennit ikkje	hann M3	# ja å så kåmm æg kåmm æg kåmm då førbi ?
25	kvaefjord_04gk	nei då kåmm du kje førbi nán før du kåmm te hann ee # før du kåmm te	hann M6	mænn hann va jo neffør bakken dær

Illustrasjon 3.6 – utdrag av tabell

Det er sjølvsagt også viktig å kartlegge om personnamn kan nyttast utan prepropriell artikkel. For å kunne undersøke dette, gjekk eg gjennom ein liknande prosedyre, men denne gongen søkte eg på frasar med personnamn, og ekskluderte orda *han* og *hun* føre ordet:

The screenshot shows the ScanDiaSyn/Nordic Dialect Corpus search interface. It displays three separate search forms, each with two input fields labeled 'æøå...»' and 'æøå...»'. The first form has 'han' in both fields, with 'interval: M' selected. The second form has 'ho' in both fields, with 'interval: F' selected. The third form has 'han' in both fields, with 'interval: E' selected. Each form also includes 'phonetic criteria», exclude', 'start of word', and 'case sensitive' options. Below these forms are buttons for 'add phrase' and 'delete phrase'. At the bottom, there are search parameters: 'Regular expressions: »', 'Search within: s', 'Hits per page: 20', 'Max results : 2000', 'Randomize », Skip tot. freq. »', 'Orthographic », Phonetic », Both », Search corpus », and Reset form ».

- Transcription guidelines, tran:
- Recording locations
- Transcriptions

Illustrasjon 3.7 – skjermbilete av søkegrensesnittet

Her kunne eg sjølvsagt ikkje søke på substantiv generelt, sidan eg då ville få treff på alle substantiv som *ikkje* kjem etter dei personlege pronomena *han* eller *hun*. I staden sökte eg på M/F/E, og sette *start of word* og *case sensitive* som kriterium. Slik fekk eg treff på alle ord som har stor M, F eller E i starten av ordet. Det er berre proprium som får stor forbokstav i NorDiaSyn-transkripsjonen, så dermed vart det overflødig å sette *noun* som kriterium. På denne måten vart talet på irrelevante treff nokså lite. På same måte som tidlegare, importerte eg desse resultata til eit rekneark og sorterte ut dei irrelevante treffa.

3.3.3 Metodiske problem

3.3.3.1 Opptakssituasjonen

Datatilsynet set strenge reglar for kva informantane i Nordisk dialektkorpus kan snakke om. Emne som religiøs eller politisk ståstad, etnisitet, sjukdom og død skal ein unngå. I tillegg er det sjølvsagt ikkje ønskeleg at baksnakking og liknande hamnar på band og blir søkbart. Under intervjuet med opptaksassistenten lukkast intervjuauren ofte i å styre samtaLEN unna slike sensitive tema. Som hovudregel har informantane før samtaLEN, som oftast gjekk føre seg utan opptaksassisten til stades, blitt bedne om å unngå å snakke for mykje om tredje person. Dersom det ikkje hadde blitt lagt slike restriksjonar, kan ein tenke seg at personnamn, og dermed prepropriell artikkel, ville blitt brukt oftare. Kanskje får ein slik sett ikkje heilt ideelle data for akkurat dette prosjektet.

Det skal likevel nemnast at ein god del av informantane såg ut til å gløyME denne oppfordringa fullstendig når samtaLEN kom i gang. Mange såg ut til å vere næraST upåverka av både mikrofon og kamera, og snakka gjerne i veg om familie og felles kjende. For det meste er det snakk om ikke-sensitivt materiale som eg har hatt stor nytte av i denne oppgåva. I dei tilfella der informantane likevel har kome inn på sensitive tema i samtaLE eller intervju, er ikkje dette blitt transkribert. På lydfaLA er det sensitive kutta vekk og erstatta med ein pipelyd.

3.3.3.2 Spørjeskjema

Spørjeskjemaet som legg grunnlaget for NSJD har mange fallgruver. Setningane blir lesne opp av nokon som snakkar den aktuelle dialekten, ofte ein person utan lingvistisk bakgrunn. Sjølv om det alltid er ein opptaksassistent til stades som skal forklare, kan opplesaren misforstå, og opptaksassistenten kan vere uoppmerksam slik at setningar blir lesne opp med

t.d. feil trykk. Dette kan endre tydinga i setninga, og det er ofte snakk om små nyansar for å få fram det syntaktiske aspektet som skal testast. Til dømes innehold spørjeskjemaet desse setningane:

- (39) a. Er du gammel? (Spørjeskjema, setning 989)
- b. Leste du mange bøker? (Spørjeskjema, setning 991)

Desse setningane illustrerer kva for vanskar ein kan møte i spørjeskjemaet, sjølv om dei i seg sjølv ikkje er relevante for problemstillinga i denne oppgåva. I setningane i (39) er det meininga å teste om informanten i sin dialekt kan godkjenne gradsspørsmål utan kv-spørjeord. Denne konstruksjonen finn ein t.d. i Trøndelag. Det svært viktig at setningane blir lesne opp med trykk på orda **er** og **leste**. Dersom trykket i staden ligg på t.d. **gammel** og **mange**, snakkar ein ikkje lenger om gradsspørsmål. Mange informantar vil då kunne gi desse konstruksjonane høge karakterar, trass i at dei kanskje ikkje har denne typen gradsspørsmål i dialekten sin. For å minske sjansen for misforståingar, skal alle informantane ha blitt opplyste om at konstruksjonen er eit gradsspørsmål.

Sjølv når setningane er lesne opp korrekt, og opptaksassistenten gjer sitt beste for å forklare, er det store skilnader mellom informantane når det gjeld grad av forståing av denne oppgåva. Særleg eldre informantar har vist seg å ha litt tyngre for å forstå spørjeskjemaet. Dette kan til dømes skuldast kortare skulegang for mange, i tillegg til endringar i utdanningssystemet over tid. Yngre menneske har nok fått utvikla evna til abstrakt tenking på ein annan måte enn eldre, i tillegg til at dei yngre sjølvsagt har skulelærdommen friskare i minnet. Problem med hørsel o.l. kan også spele inn. Det er vanleg at informantane sjølve har meir fokus på enkeltord enn på syntaksen i setninga, og ofte må det ein viss grad av tolking til fra opptaksassistenten si side for å kunne setje karakter på setningane.⁶

Mykje kan tyde på at informantane enkelte stader har gitt feil informasjon om setningane som testar prepropriell artikkel. Både i t.d. Rollag og Tinn oppgir fleire av informantane at desse setningane er fullgode. Begge stader gir éin av informantane begge setningane karakter 1, som er därlegaste karakter, medan dei andre tre informantane gir karakteren 5, som er beste karakter. Ifølge Delsing (2003a: 22), finn ein ikkje prepropriell

⁶ Basert på eigne erfaringar som opptaksassistent

artikkel i Telemark (Tinn), medan Buskerud ikkje er særskilt nemnt som unntak (Rollag). Når ein søker i korpuset, får ein ikkje nokon treff på prepropriell artikkel verken i Tinn eller Rollag, sjølv om personnamn blir nemnt i opptaka. Kvifor informantane har bedømt setningane positivt sjølv om dei ikkje brukar konstruksjonen sjølv, kan ein berre spekulere i. Kanskje oppfattar informantane konstruksjonen som så kjent at han ikkje kjennest framand. Alternativt kan det vere at informantane har misforstått og oppfatta den preproprielle artikkelen som ein psykologisk distal demonstrativ.

I Hjelmeland har tre av informantane bedømt setning 90 som fullgod, medan alle har avvist setning 88. Dette er eit område der det etter Delsing sine inndelingar ikkje skal finnест prepropriell artikkel i det heile teke. I dei to nærmaste målepunktene, Time og Gjesdal, har alle informantane som har svart på skjemaet avvist begge konstruksjonane. At informantane i Hjelmeland har godkjent desse setningane, kan sjølvsagt komme av at opplesaren har lese opp setningane slik at informantane har forstått konstruksjonen som ein psykologisk distal demonstrativ. Dette hadde eg ikkje moglegheit til å sjekke, ettersom dei ulike lydfilene som er brukt i dette arbeidet ikkje var gjort tilgjengelege på det aktuelle tidspunktet.

Når eg søker i korpuset, har både Hjelmeland, Time og Gjesdal tre stadene sporadiske treff som kan tolkast som prepropriell artikkel:

- (40) husa denn gånnjå **ann M12** kåmm mæ denn kvardagsanngen
(NDC, time_03gm)
- (41) så dæ skræiv **hu F1** en særåppgave omm dæ
(NDC, gjesdal_03gm)
- (42) eg e har så ge **u F3** hu har jo Nintenndo vi em dannsespel
(NDC, hjelmeland_01um)

Dersom desse konstruksjonane hadde vore frå stader der ein reknar den preproprielle artikkelen som obligatorisk, ville eg gått ut frå at det i dei aktuelle tilfella dreidde seg om nettopp denne artikkelen. Det er ikkje tydeleg trykk på *ann*, *hu* eller *u*, og dermed er det ikkje sannsynleg at det dreier seg om PDD. Ingen av stadene kan prepropriell artikkel likevel seiast å vere gjennomført. Dette viser at det var viktig å legge stor vekt på treff i korpuset i prosessen med å velje ut dialektane. NSJD i seg sjølv var ikkje tilstrekkeleg.

3.3.3.3 Omsetjingsskjema

Informantane blir som nemnt tidlegare bedne om å omsetje ei rekke setningar, i tillegg til å stille opp til opptak og svare på spørjeskjema. Dersom det finst setningar som er umoglege ifølge språkkjensla til informanten, kan ho eller han late vere å omsetje desse setningane.

Skjemaet inneholder mellom anna setningar som denne:

- (43) Har du sett Pers den svarte katten?

Denne setninga kan illustrere eit problem ved omsetjingsskjemaet, og vi vil seinare sjå liknande døme som er relevante for problemstillinga i denne oppgåva. Konstruksjonen i (43) kjenner vi frå ein del svenske dialektar, men ein vil ikkje vente at mange nordmenn kan bruke denne setninga i dialekten sin. Ein ser ganske riktig også at mange informantar lett denne rubrikken stå tom, eller skriv om setninga med ein meir høveleg uttrykksmåte for eigmatilhøve, som ein informant i Aremark har gjort:

- (44) harru sett den svarte katten te per? (aremark_02uk)

Likevel ser ein at ein del av informantane omset setninga ord for ord:

- (45) He du sett Pers den svarte katten? (vennesla02uk)

Truleg har ikke informant oppfatta at det sentrale med desse setningane er nettopp syntaksen. Som i spørjeskjemaet har kanskje enkelte informantar lett for å fokusere på enkeltord snarare enn setninga som heilskap. Dette illustrerer at det også i omsetjingsskjemaet er fallgruver for informantane, og når ein bruker resultata i forsking, må ein bruke skjønn, og om nødvendig sjekke resultata opp mot andre kjelder.

3.3.3.4 Frå opptak til korpus

Den syntaktiske og morfologiske tagginga av materialet blir gjort automatisk, og kan vere ei kjelde til feil. Mellom anna kan ord bli tagga med feil ordklasse. Dette skapar problem når ein

skal søke i korpuset, noko eg har skrive meir om i kapittel 4. Transkripsjonen er heller ikkje perfekt. Ein finn mellom anna reine skrivefeil og misforståingar, som sjølvsagt finn stad når ein transkribør skal utføre arbeidet sitt raskt. I tillegg er det vanskeleg å transkribere passasjar der informanten snakkar lågt eller raskt, og tidvis må transkribøren bruke større eller mindre grad av skjønn for å transkribere. Somme tider fann eg tilsynelatande døme på prepropriell artikkel i dialektar der ein ikkje skulle vente det. Når eg lytta til materialet, viste det seg ofte at passasjen var såpass utsydeleg at det var vanskeleg å avgjere om det faktisk dreidde seg om ein artikkel, eller om transkribøren rett og slett har høyrt feil.

3.4 Oppsummering

NorDiaSyn og ressursane tilknytt dette prosjektet er eit godt utgangspunkt for ei oppgåve som mi. Ved å bruke allereie innsamla materiale, har eg unngått å bruke mykje tid på tradisjonelt feltarbeid. Mykje av det grunnleggjande arbeidet er allereie gjort. Informantane i NorDiaSyn er med på opptak, svarer på eit spørjeskjema og fyller ut eit omsetjingsskjema. Opptaka blir transkriberte og dannar Nordisk dialektkorpus, som er hovudkjelda til materialet mitt.

Korpuset inneholder store mengder talespråk. Her finn ein autentisk, spontan tale, i motsetnad til t.d. opplese materiale som eldre dialektopptak ofte består av. Vurderingsdatabasen Nordic Syntactic Judgment Database er bygd på resultata av spørjeskjemaet, og gir eit godt oversyn over kva dialektar som inneholder spesifikke språktrekk. Informantane får også prøve seg på omsetjing av setningar, der ein kan avdekke trekk i dialekten som ikkje kjem fram i NSJD eller NDC. Dei to sistnemnte metodane baserer seg på informantane sine eigne vurderingar når det gjeld talespråket, og har for meg difor primært gjort nytte som støtte i løpet av prosessen med å velje ut dialektane eg har undersøkt, som utfylling der det ikkje finst tilstrekkeleg materiale å ta utgangspunkt i i korpuset, eller for å underbygge konklusjonar.

Når ein bruker allereie eksisterande ressursar, sparar ein som nemnt tid og krefter som elles ville blitt brukt til å utføre feltarbeid. Denne måten å arbeide på fører likevel med seg nokre utfordringar. Dersom ein utfører sitt eige feltarbeid, vil ein naturlegvis leggje materialet best mogleg til rette for det aktuelle prosjektet. Ressursane eg har brukt, er tilrettelagd for å passe flest mogleg føremål. Eg har støytt på enkelte metodiske problem i arbeidsprosessen. Både transkripsjonen, den syntaktiske og morfologiske tagginga og omsetjinga frå lydnær til ortografisk transkripsjon er moglege kjelder til feil i materialet. Dessutan har både spørjeskjemaet som legg grunnlaget for NSJD og omsetjingsskjemaet informantane skulle


fylle ut etter opptaket vist seg å skape problem. Eg opplever likevel at fordelane med å bruke desse dataressursane er større enn ulempene.

I kapittel 4 skriv eg meir utfyllande om arbeidet med å søke i korpuset og gå gjennom resultata frå Kvæfjord, Gausdal og Voss. I tillegg skildrar eg korleis eg har brukt NSJD og omsetjingsskjemaet i som utfylling til data frå korpuset. Problem eg har støytt på undervegs blir også gjennomgått.

4 Undersøking av prepropriell artikkel i Kvæfjord, Gausdal og Voss

4.1 Innleiing

I dette kapitlet ser eg nærmere på bruken av prepropriell artikkel i dialektane i Kvæfjord, Gausdal og Voss. Eg tek utgangspunkt i data frå alle dei tre dataressursane eg har skildra i kapittel 3. Som nemnt i kapittel 3 er det resultata frå søk i Nordisk dialektkorpus som utgjer hovuddelen av analysen min, men eg trekk inn dei to andre ressursane, vurderingsdatabasen og omsetjingsskjemaet, når det er formålstenleg.



Illustrasjon 4.1 – kart med Kvæfjord, Gausdal og Voss avmerkt

Det er ulike spørsmål eg ønsker å få svar på i denne undersøkinga. Eg vil difor her repetere forskingsmåla eg presenterte i innleiingskapitlet. Nokre spørsmål handlar om distribusjon:

- Er den preproprielle artikkelen obligatorisk i desse dialektane?
- Kva form har den preproprielle artikkelen? Finst det ulike kasus?
- Vi veit at dersom den preproprielle artikkelen blir brukt i ein dialekt, blir han alltid brukt ved førenamn på personar talaren kjenner. Blir artikkelen brukt også ved andre typar namn, som etternamn, namn på kjendisar, namn på dyr og liknande?
- Blir prepropriell artikkel brukt ved slektskapsord (*mor, bestefar o.l.*)?

Det er også naturleg å undersøke dei tilfella der det *ikkje* finst prepropriell artikkel ved namn:

- Finst det modifiserte eller bøygde namn, predikativ, vokativ, namngivingskonstruksjonar, eller metabruk av namn?
- Finst det andre døme på namn utan prepropriell artikkel?

Eg vil også sjå på moglege språkendringar:

- Er det ulikskapar mellom yngre og eldre talarar når det gjeld prepropriell artikkel i Kvæfjord, Gausdal eller Voss?

Til sist vil eg sjå på måtar å uttrykke eigedomstilhøve på i Kvæfjord, Gausdal og Voss.

- Blir h-genitiv brukt i dei tre dialektane?
- Finst det også andre måtar å uttrykke eigedomstilhøve på?

Som nemnt innleiingsvis vil eg også gjere ei vurdering av om det er vellukka å bruke ressursane eg har brukt, og om dette er nyttige verkty for dialektforskarar. Det er svært lite forsking som til no har blitt utført ved hjelp av Nordisk dialektkorpus og dei andre ressursane eg bruker. Desse ressursane skildra eg inngåande i kapittel 3, og eg kjem underveis i dette kapitlet til å diskutere kor pålitelige datakjeldene mine er i det praktiske arbeidet.

Eg ser først på dei tre dialektane kvar for seg. For kvar av dialektane presenterer eg ein

tabell som oppsummerer resultata. Mot slutten av kapitlet oppsummerer eg ved å samanlikne dei tre dialektane. Her ser eg på likskapar og ulikskapar i korleis den preproprielle artikkelen blir brukt på dei tre stadene. Også her vil eg legge fram resultata i tabellform som støtte for diskusjonen.

4.2 Kvæfjord

Kvæfjord er den vestlegaste kommunen i Troms. Det meste av kommunen ligg på Hinnøya. 1. januar 2010 hadde kommunen 3049 innbyggjarar (tabell frå SSB, sjå kjeldelista). På opptaksstaden Kvæfjord var det fire informantar, som normalt for Nordisk dialektkorpus. Både kjønns- og aldersfordelinga blant informantane er også normal, dvs. at informantgruppa består av ein mann og ei kvinne under 30 år, og ein mann og ei kvinne over 50 år.

Alle dei fire informantane i Kvæfjord har gitt begge dei aktuelle setningane i Nordic Syntactic Judgment Database (sjå 3.2.3) karakter 5 – best mogleg.

Jeg har et bilde av n ELVIS PRESLEY på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Kvæfjord	kvaefjord01um	5
Jeg har et bilde av n ELVIS PRESLEY på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Kvæfjord	kvaefjord02uk	5
Jeg har et bilde av n ELVIS PRESLEY på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Kvæfjord	kvaefjord03gm	5
Jeg har et bilde av n ELVIS PRESLEY på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Kvæfjord	kvaefjord04gk	5
Jeg har et bilde av n OLA på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Kvæfjord	kvaefjord01um	5
Jeg har et bilde av n OLA på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Kvæfjord	kvaefjord02uk	5
Jeg har et bilde av n OLA på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Kvæfjord	kvaefjord03gm	5
Jeg har et bilde av n OLA på veggen.	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Kvæfjord	kvaefjord04gk	5

Illustrasjon 4.2 – Informantane si vurdering av setningar med prepropriell artikkel

Dermed kan både «Ola» (som informantane vart bedne om å late som dei kjente) og «Elvis Presley» ha prepropriell artikkel ifølge desse informantane. Dersom kjendisar eller offentlege personar vart nemnt under intervju eller samtale, venta eg meg å finne konstruksjonar med prepropriell artikkel også ved desse namna. I tillegg ville eg undersøke eventuelle førekommstar av slektskapsord som *mamma*, *pappa*, *bestemor* osb. (sjå 2.3), etternamn samt namn på dyr og liknande.

I korpuset sitt søkegrensesnitt, Glossa (sjå 3.2.2), er det mogleg å finne informasjon om kor mange ord dei respektive informantane ytrar til saman i korpuset. For Kvæfjord ser statistikken slik ut:

Informant	Tal på ord
kvaefjord_01um	4130
kvaefjord_02uk	3532
kvaefjord_03gm	4729
kvaefjord_04gk	5516

Ved å søke i NDC blant dei fire informantane i Kvæfjord på dei to frasene *hun+substantiv* og *han+substantiv*, fekk eg 140 treff. Etter å ha luka ut 23 tydeleg irrelevante treff (sjå 3.3.2), endte eg opp med ei liste på 117 treff (vedlegg). Som vi skal sjå, er dette langt fleire treff enn ved tilsvarende sok både i Gausdal og Voss.

4.2.1 Den preproprielle artikkelen i Kvæfjord

Den preproprielle artikkelen i Kvæfjord har same form som det personlege pronomenet. Her er det ikkje nokon stor skilnad mellom trykksterk og trykksvak form av pronomenet. Ein kan moglegvis diskutere om det er bortfall av *h* i *ho* og *han* ved trykksvak form. I transkripsjonen er den preproprielle artikkelen og personleg pronomenen 3. person eintal stort sett transkribert som *ho* og *hann*, og tidvis som *o* og *ann*. Dette kan skuldast at transkribøren er inkonsekvent, eller at det er reell variasjon hos informantane.

4.2.2 Prepropriell artikkel eller psykologisk distal demonstrativ

Ein del av treffa eg sorterte ut dreidde seg heilt tydeleg om psykologisk distal demonstrativ (PDD, sjå 2.2.2), til dømes når dei unge informantane snakkar om Daniel Radcliffe:

- (46) æ synns hann Harri Påtter asså s **hann fyrn** # hann e ju kjedeli # så sællve hann såmm
spelle hann
(NDC: kvaefjord_01um)

Dette dømet er sjølvsagt enkelt for meg å sortere ut av lista over relevante treff, ettersom *fyrn* ikkje er verken eit namn eller eit av slektskapsorda som fungerer som personnamn. Andre tilfelle er ikkje like enkle å forstå berre ut frå transkripsjonen. Dei to eldre informantane i Kvæfjord kjenner kvarandre, men likevel vel kvaefjord_04gk å uttrykke seg slik om den

avdøde mannen sin:

- (47) kvaefjord_04gk M37 å ho F16 va hann M37 såmm fikk mæ te å fare å # å å
 bestellte bilætt te mæ å æ måtte bærre kåmm mæ av gåre
 kvaefjord_03gm * ja * ja * ja * ja ja
 kvaefjord_03gm ja
 kvaefjord_04gk æ resste åre ætte atte ætte **ann mann** min dø
 kvaefjord_03gm ja
 kvaefjord_04gk hann dø i toånniti

Sjølv om prepropriell artikkel normalt ikkje blir brukt føre appellativ som *mann* her, verkar det likevel underleg at det her skulle vere snakk om ein psykologisk distal demonstrativ. Som omtala i 2.2.2, blir PDD brukt når anten talar eller mottakar ikkje kjänner personen det er snakk om. Her er det naturleg å anta at kvaefjord_03gm kjende den avdøde mannen til kvaefjord_04gk. Med litt velvilje kunne ein kanskje tenke seg at kvinnna har brukt *mann min* som eit kjælenamn eller tiltalenamn på linje med *mamma* eller *bestefar*, sjølv om dette ikkje er vanleg. I så fall ville nok dette tilfellet ha dreidd seg om ein prepropriell artikkel. Ved nærmere ettersyn ser det likevel ut til at ein skal tolke dette dømet som PDD, dersom ein trekk inn fleire element enn berre teksten i transkripsjonen.

Det som ikkje kjem fram i denne delen av transkripsjonen, er at ein opptaksassistent er til stades under samtalane i Kvæfjord. Assistenten er ikkje ein aktiv deltakar i størstedelen av samtalen. Likevel kan det at assistenten sit der føre til at ein del ytringar er retta mot nettopp han, ikkje berre under intervjuet, men også under samtale med ein annan informant. Samtalen skal primært vere ein samtale mellom dei to informantane, utan ytre påverking, ettersom det er i slike situasjonar ein kan vente å få mest spontan tale. Likevel er det ikkje alltid informantane greier å berre ta omsyn til kvarandre når det er ein tredje person til stades i rommet.

Denne tredje personen er altså ikkje lett å oppfatte dersom ein berre ser på små utdrag av transkripsjonen, ettersom dei to informantane stort sett er dei einaste med verbale ytringar. Også ved å berre lytte til lydopptaket kan det vere vanskeleg å oppfatte vedkommande. Ser ein på videoen, kan det derimot sjå ut som om kvaefjord_04gk vender seg mot nettopp opptaksassistenten (som heller ikkje er med i biletet) når ho snakkar om mannen sin.

Opptaksassistenten kjende truleg ikkje den avdøde mannen. *Ann i ann mann min* er difor mest sannsynleg ein psykologisk distal demonstrativ. Passasjen over viser at det er viktig å vere kritisk og bruke både lyd og video i tillegg til transkripsjon for å oppfatte heile samanhengen.

Johannessen (2008:69) har omtala ei nærliggjande problemstilling i samband med PDD i NoTa-prosjektet. Ved søk i NoTa-korpuset viste det seg at den geografiske demonstrativen *den* overraskande nok var brukt om menneske, sjølv om alle samtalane gjekk føre seg i små rom:

Men ved nærmere ettersyn viste det seg at talerne omtalte prosjektassistenten, som alltid var til stede i et lite hjørne. Og ut fra det vi vet om den psykologisk distale demonstrativen i avsnitt 2, ville det vært forholdsvis frekt å omtale prosjektassistenten med en PDD i dennes nærvær. Det ville jo antydet at taler tok direkte avstand fra personen, eller åpent signaliserte at prosjektassistenten ikke var et menneske han/hun kjente nok (Johannessen 2008:69).

Når det gjeld NoTa-prosjektet, var det altså alltid ein opptaksassistent til stades under samtalane. I NorDiaSyn har dette vore opp til kvar enkelt opptaksassistent, og praksisen har difor vore ulik. Dei fleste samtalane har nok gått føre seg utan ein opptaksassistent til stades, og difor må ein vere svært observant for å få med seg bakgrunnen for episodar som den med dei to eldre informantane frå Kvæfjord.

Det finst også fleire liknande tilfelle, der det som tilsynelatande er ein prepropriell artikkel, viser seg å vere ein PDD. To gongar i løpet av samtalen mellom dei to eldre informantane i Kvæfjord, nemner kvaefjord_04gk far til kvaefjord_03gm:

- (48) æ husske så gått att **hann far dinn** å hann M42 di drakk trur æ # to flasske vin å
(kvaefjord_04gk)
- (49) **hann far dinn** va så gla førde att æ hadde kjørt # så æ kunne kjøre
(kvaefjord_04gk)

I tabellen min passa desse to treffa tilsynelatande fint inn saman med alle dei andre treffa eg hadde fått ved å søke på *han* eller *hun* + substantiv. *Far* er jo også eit slektskapsord som

normalt vil kunne få prepropriell artikkel. Men når eit namn eller eit slikt slektskapsord blir modifisert med possessor, mistar det namnelikskapen, og fungerer i staden som eit appellativ.

Dermed er det avgjerande at ein ikkje berre nøyer seg med å kontrollere kolonnen med treff, men også ser på høgrekonteksten i tabellen. kvaefjord_04gk vil sjølvsagt ikkje bruke prepropriell artikkel når ho snakkar om far til kvaefjord_03gm (sjølv om eg går ut frå at ho ville brukt artikkelen dersom ho omtalte han ved namn).

Sjølv om kvaefjord_04gk truleg kjente, eller i alle fall hadde god kjennskap til, far til kvaefjord_03gm, bruker ho altså psykologisk distal demonstrativ, som jo normalt blir brukt for å markere avstand. Det verkar rimeleg at ho her bruker PDD for å markere overfor samtalepartnaren sin at ho kjende vedkommande därlegare enn sonen sjølv naturlegvis gjorde. Ho nemner også far til kvaefjord_03gm to gonger *utan* å bruke PDD.

4.2.3 Prepropriell artikkel i ulike kontekstar

Både litteraturen og informantane si eiga vurdering i dialektdatabasen tyder på at prepropriell artikkel i Kvæfjord-dialekten er obligatorisk. Også omsetjingane som informantane har gjort på eiga hand, støttar denne teorien. Sjølv informantar som ser ut til å ha misforstått essensen av oppgåva og omsett samlege setningar ord for ord (sjå 3.3.3.3), har fått med prepropriell artikkel der originalteksten ikkje har det:

- (50) Setning i skjemaet: Har du sett far til Per?
 kvaefjord_02uk: har du sett farn t han per?

Denne informanten er ei av dei som ser ut til å ha omsett setningane ord for ord, uavhengig av om setningsoppbygginga fungerer i dialekten hennar eller ikkje. Trass i at ho har misforstått oppgåva, har informanten tydelegvis likevel ei språkkjensle som ikkje godtek personnamnet *Per* utan prepropriell artikkel, noko som ganske klart signaliserer at den preproprielle artikkelen er obligatorisk ved personnamn.

I materialet eg fekk ved å søke etter prepropriell artikkel i NDC, var prepropriell artikkel brukt i ulike samanhengar. Under kjem ein gjennomgang av dei ulike orda den preproprielle artikkelen kan determinere.

4.2.3.1 Førenamn

Ei klar overvekt av treffa gjeld konstruksjonen prepropriell artikkel + førenamn. Heile 95 av 116 treff er av denne typen:

- (51) æ hørrde **hann M1** sa de heile klassn dåkkesj va ute
(NDC, kvaefjord_01um)
- (52) førre de att **ho F7 F7** e heilt på knea etter hann
(NDC, kvaefjord_02uk)

Dette er sjølvsagt ikkje uventa, ettersom alle dialektar som har prepropriell artikkel, har artikkel ved førenamn på personar som talaren sjølv kjenner.

71 av 95 treff på prepropriell artikkel ved førenamn i tabellen dreier seg om mannsnamn, medan dei resterande 24 treffa er kvinnenamn. Denne ubalansen skuldast nok ganske enkelt at det er nemnt fleire mannsnamn enn kvinnenamn i opptaka.

4.2.3.2 Etternamn

Prepropriell artikkel føre etternamn finn ein i alt 4 gonger hos informantane i Kvæfjord. Dette tyder på at prepropriell artikkel også er fullt mogleg i slike tilfelle, sjølv om det ikkje er snakk om mange treff.

- (53) så va de **hann E1** de husske du ikkje
(NDC, kvaefjord_04gk)

Alle dei fire treffa var på *han+etternamn*. Ein kan moglegvis gå ut frå at det i daglegtale ikkje er like vanleg å omtale kvinner ved etternamn som å omtale menn ved etternamn.

4.2.3.3 Namn på kjendisar, offentlege personar osb.

Ettersom alle informantane godkjente begge setningane i spørjeskjemaet, er det rimeleg å anta at ein i Kvæfjord bruker prepropriell artikkel også når det er snakk om personar som ingen av samtalepartnarane kjenner personleg, t.d. kjendisar eller andre offentlege personar. I Kvæfjord

fann eg fire døme på denne bruken av prepropriell artikkel. Her dreier det seg faktisk ikkje om verkelege personar, men om ulike filmkarakterar:

- (54) va så irriteranes før att # **hann Hullken** hann bli kje spællt a denn samme pæsjonn
(NDC, kvaefjord_01um)
- (55) å så så va de dær stor øye dær ikkje sannt # **hann Arragon** å di va dær å _ vulkan her
å så jikk di åpp her **hann Fråodåo** å di dær
(NDC, kvaefjord_01um)
- (56) ka me **ho Lara Kråfft** eller ?
(NDC, kvaefjord_01um)

Eg forstår det slik at namn på kjende, men fiktive personar oppfører seg som namn på kjendisar. Ingen av samtalepartnarane kjenner vedkommande, men det er likevel snakk om personar som begge kjenner godt til.

4.2.3.4 Slektkapsord

Ein del av treffa gjeld dei spesielle slektkapsorda som oppfører seg som namn (sjå 2.3). Til saman ti gonger fann eg konstruksjonar med prepropriell artikkel og slike ord blant informantane i Kvæfjord.

- (57) de kann **ho bæsstemor** sei
(NDC, kvaefjord_kvaefjord_02uk)

Både *mamma*, *pappa*, *bestemor* og *onkel* er brukt. Som nemnt i 2.3 fungerer desse slektkapsorda som namn når dei ikkje er bøygde eller modifiserte, og vil få prepropriell artikkel på same måte som førenamn.

4.2.3.5 Dyrenamn

Også prepropriell artikkel i samband med dyrenamn dukkar opp ved søk i korpuset. Her er det snakk om hundane Bamse, Carmen og Toivo.

- (58) kossjn går de me **hann Bammse** ?

(NDC, kvaefjord_02uk)

Til saman er det 6 konstruksjonar med prepropriell artikkel + dyrenamn. Bruken av prepropriell artikkel avgrensar seg altså ikkje til å gjelde berre ved namn på menneske. Denne bruken av prepropriell artikkel er heller ikkje heilt ukjent i teorien. Både i tagalog (Matushansky 2006:303) og i dialekten i Västerbotten (sjå 2.7) kan namneartiklar brukast ved namn på dyr. Likevel kan det verke som om det å bruke prepropriell artikkel ved dyrenamn ikkje gjeld overalt. I 2.4.3 såg vi at hestane *Blesa* og *Blesen* ikkje fekk prepropriell artikkel i Fåberg.

4.2.4 Namn utan prepropriell artikkel

Som forklart i 3.3.2 søkte eg på ord som startar med stor F, M og E, og ekskluderte orda *han* og *hun* føre. Slik fekk eg ei liste over personnamn som *ikkje* kjem etter prepropriell artikkel. Her bør ein merke seg at slektskapsorda som kan ha prepropriell artikkel, ikkje kjem med i søkeret. Ideelt sett burde eg ha slike liste som inkluderte dei ulike slektskapsorda som også blir brukte med prepropriell artikkel, men det ville vore for tidkrevjande å få til, ettersom eg då måtte søkt på alle dei tenkelege slektskapsorda, og gjere det same for alle dei tre dialektane. Frå lista eg sat att med etter dette søkeret gjaldt det stort sett å sortere ut stadnamn på F, M og E, samt andre proprium som ikkje er personnamn. Etter dette sat eg att med 61 treff. Dette må seiast å vere eit høgt tal, ettersom prepropriell artikkel etter alt å døme er obligatorisk i Kvæfjord, både når det gjeld kjente og ukjente personar.

For å få ein idé om kor mange gonger informantane i Kvæfjord nemner personnamn, la eg saman treffa med prepropriell artikkel og treffa utan prepropriell artikkel, og fekk 178 treff på personnamn totalt. Dette inkluderer slektskapsord frå lista *med* prepropriell artikkel, men det inkluderer altså ikkje eventuelle slektskapsord *utan* prepropriell artikkel. I tillegg viser altså erfaringane at ein del namn er tagga feil, og dermed er utelatne frå dette talet. Eg har tidlegare nemnt at ut frå opplysningane informantane har gitt i spørjeskjemaet, ser det ut som om prepropriell artikkel er obligatorisk ved personnamn i Kvæfjord. Då stemmer det dårleg at så mange som 61 av 178 treff på personnamn – om lag 34% – er *utan* prepropriell artikkel.

Det viste seg då også at desse tala truleg ikkje representerer sanninga. Eg såg nærare på dei 61 treffa som tilsynelatande var namn utan prepropriell artikkel. Mange av namna kunne etter mitt skjønn like gjerne hatt prepropriell artikkel. Enkelte stader dreidde det seg ganske enkelt om feil, som i dette dømet:

- (59) denn dan æ kjørte fra Trommsø å heim # fan får ett ver de va hann så # **n M2** så ee
(NDC, kvaefjord_01um)

Her har transkribøren skrive *n*, truleg meint som ein prepropriell artikkel. I prosessen med å omsetje teksten frå dialekt til ortografisk transkripsjon, har *n* blitt omsett med *en* i staden for *han*. Denne problematikken er nemnt i 3.3.3.4.

I tillegg var det ei mengde tilfelle der det rett og slett var vanskeleg å høyre om informanten bruker prepropriell artikkel eller ikkje.

- (60) æ har denn på hardissk # **menn M4** har hardissken minn nu
(kvaefjord_01um)

I dette dømet meiner eg at det faktisk burde vore transkribert ein prepropriell artikkel før namnekoden M4, sjølv om informanten snakkar litt utsøydeleg i den aktuelle passasjen. Ein transkribør som arbeider raskt og kanskje ikkje kjenner den aktuelle dialekten særleg godt, vil ikkje ha tid til å vurdere alle slike tvilstilfelle nøye. Ved å høyre på ei rekke andre døme, kom eg til same konklusjon: transkribørane har truleg «underrapportert» den preproprielle artikkelen i Kvæfjord. I tillegg var det svært mange tilfelle der det rett og slett var heilt umogleg å avgjere om det burde vore transkribert ein prepropriell artikkel eller ikkje, grunna overlappande tale som gjorde det vanskeleg å høyre kva begge talarane seier, eller fordi informantane snakka raskt eller utsøydeleg.

I tillegg var det ein del treff av denne typen:

- (61) æ husske nårr æ va minndre **ho ee F2** prata omm sånn hære # fillm sånn dær _ Bler
Vittsj

(NDC, kvaefjord_01um)

Her ser vi at den preproprielle artikkelen faktisk er der, men nøyelyden *ee* og ein pause (#) kjem mellom den preproprielle artikkelen og namnet, og hindrar såleis treff på søkestrenget *hun* + substantiv. Det same ser ein her:

(62) sånn så ho l- # **F3** i_stå ho våkkna

(NDC, kvaefjord_02uk)

Her avbryt informanten seg sjølv, og i tillegg er det også ein pause mellom den preproprielle artikkelen og namnet. I desse tilfella har transkribøren altså gjort rett, og omsetningsprosessen frå lydnær til ortografisk transkripsjon har også gått rett føre seg, medan det var søkemetoden min som viste seg å ha openberre svakheiter.

I tillegg er det verdt å merke seg dette treffet:

(63) å så jikk di åpp her **hann Fråodåo** å di dær

(NDC, kvaefjord_01um)

Dette er jo ein prepropriell artikkel av typen eg har diskutert i 4.2.3.3, og eg kunne først ikkje heilt forstå korleis denne kunne dukke opp på lista over namn utan prepropriell artikkel. Først trudde eg at *hann* måtte vere tagga med feil ordklasse, men det viste seg å ikkje stemme.

Etter litt hovudbry fann eg løysinga. Eg har berre ekskludert *han* når ordet kjem før eit ord som startar med stor M. Føre ord som startar med stor F har eg ekskludert *hun*. Dermed fyller *hann Fråodåo* alle søkerriteria mine, sjølv om dette naturlegvis ikkje er eit treff som høyrer heime på lista over personnamn utan prepropriell artikkel.

Sjølv om det altså var ein god del treff i denne lista som viste seg å ikkje eigentleg høyre heime her, eller treff som var tvilstilfelle, viste det seg likevel også å vere ein del tilfelle der det faktisk stemte at personnamna ikkje hadde prepropriell artikkel:

(64) æ jikk **te F1** igår # æ tru æ sku flyge agåre

(NDC, kvaefjord_02uk)

Her kan eg ikkje høre noko som kan tolkast som ein prepropriell artikkel på lydopptaket. Ut frå samanhengen verkar det endå til som om informanten kjenner F1, sjølv om dette ifølge spørjeskjemaet ikkje skal ha noko å seie for førekomsten av prepropriell artikkel i denne dialekten. Frå andre dialektar veit vi jo at prepropriell artikkel blir brukt berre dersom talaren kjenner personen det er snakk om. Også i fleire døme fann eg namn som utvilsamt ikkje hadde nokon prepropriell artikkel:

(65) hm # **ja F3** ho e litt vålldeli asså

(NDC, kvaefjord_01um)

Her ser ein at det ikkje finst nokon prepropriell artikkel, noko eg fekk stadfesta ved å høre på opptaket. Vi ser derimot at *ho* kjem etter namnet. Her kunne ein kanskje tenke seg at prepropriell artikkel ikkje blir brukt ved venstre dislokering, men eg fann ingen andre døme som peika i denne retninga.

Også hos dei eldre informantane fanst det ein del døme på namn utan prepropriell artikkel:

(66) **M13 å F3** sjå dær

(NDC, kvaefjord_03gm)

(66) kan sjå ut som ein vokativ, men det er det ikkje. Når informantane tiltalar kvarandre ved namn, bruker ein som vist i 3.2.2.1 NorDiaSyn-kodane (kvaefjord_04gk osb.) i staden for dei normale namnekodane. Her kunne eg heller ikkje høre teikn til prepropriell artikkel. Denne ytringa inngår i ei oppramsing av personar. Kan hende kan ein diskutere om dette er ein metabruk av namn (sjå 2.6), der talarane ikkje refererer til sjølve personen, men snarare nemner namnet. Det er mogleg å tenke seg ein ikkje-referensiell bruk av namnet i slike høve. Likevel trur eg ikkje dette gjeld (66), sidan dei andre namna i sekvensen har prepropriell artikkel.

I tillegg fann eg eit par døme der personnamnet stod aleine i ei ytring, t.d. som eit spørsmål eller eit svar, der det heller ikkje fanst nokon prepropriell artikkel.

Desse treffa dukkar ikkje opp i søket mitt. Det dreier seg derimot om treff eg tilfeldigvis kom over medan eg gjerne var på utkikk etter noko heilt anna. Det er svært vanskeleg, om ikkje umogleg, å søke opp ein bestemt type ord som står aleine i ei ytring ved hjelp av Glossa. Ein kan, som eg også har gjort, utelete spesifikke ord i konteksten, men det finst ikkje nokon metode for å utelete all kontekst. Det er difor vanskeleg å finne ut om informantane i Kvæfjord har lettare for å droppe prepropriell artikkel når namnet står heilt aleine. Eg fann likevel også treff på namn som står utan kontekst *med* prepropriell artikkel:

- (69) ho F6
(NDC, kvaefjord_02uk)

Det er også nokre interessante treff på namn utan prepropriell artikkel som er verdt å merke seg:

- (70) æ vill næstn sei en litn **Emil** # først hann fann på de utrolie allså hann M25
(NDC, kvaefjord_04gk)

I 2.5.1.2 nemte eg tre ulike føresetnader for at namn kan opptre utan artikkel, i språk der artikkel elles er obligatorisk. Dersom namnet er modifisert, oppfyller det éin av føresetnadene. I (70) ser vi at namnet er modifisert av eit adjektiv, og dermed fungerer det

som eit appellativ. I tillegg har namnet ubestemt artikkel, og har dermed ikkje spesifikk referanse. Dermed kan ein logisk sett ikkje ha prepropriell artikkel i tillegg, ettersom den preproprielle artikkelen fungerer som ein bestemt artikkel. Det er altså *M25* som er ein liten Emil – eg går ut frå at det er ein viss gut i ei snikkarbu han blir samanlikna med – i denne samanhengen, og vi ser ganske riktig at *M25*, som har spesifikk referanse, har fått prepropriell artikkel.

Eit anna døme på personnamn utan prepropriell artikkel, som også let seg forklare, er dette:

- (71) hann **heite M18**

(NDC, kvaefjord_03gm)

Her er det snakk om eit predikativ. Namn brukt predikativt får normalt ikkje artikkel (2.6). Følgjande døme dreier seg om noko av det same:

- (72) vi vi sa «**Ennger**» # då # sa alldri «**Innger**» omm ho

(NDC, kvaefjord_04gk)

Her har eg endra transkripsjonen, ettersom både «*Ennger*» og «*Innger*» var representerte med namnekoden F6, noko som forvanskar tolkinga av setninga noko. Det er klart at det her dreier seg om metabruk av namnet (sjå 2.6), ettersom informantane kommenterer uttalen av namnet *Inger*. Her har namnet *Ennger/Innger* ikkje-spesifikk referanse, og ein kan seie at det dreier seg om nemning snarare enn bruk av namnet.

I utgangspunktet tykte eg at 61 treff på namn utan prepropriell artikkel i Kvæfjord høytest høgt ut. Som vi har sett, var talet på treff ved søk på namn utan prepropriell artikkel ikkje like høgt som det såg ut til ved første augnekast. Ein del treff stamma frå feil i transkripsjon eller ved omsetjing frå lydnær til ortografisk transkripsjon. Ein del tilfelle må oppfattast som tvilstilfelle der det rett og slett er umogleg å avgjere om det finst ein prepropriell artikkel eller ikkje. Ein del døme finst det også på namn i konstruksjonar der ein vil vente å ikkje finne prepropriell artikkel. Likevel er det ikkje til å kome forbi at informantane i Kvæfjord enkelte gonger bruker personnamn utan å bruke den preproprielle artikkelen, utan at dette kan forklarast med nokon av grunnane over.

Då eg trakk frå alle treffa der eg sjølv meinte at det var transkribert feil, alle tvilstilfella der eg ved å høyre etter ikkje kunne utelukke ein prepropriell artikkel og alle treff som etter reglane skulle vere utan prepropriell artikkel, sat eg likevel att med 13 treff der det etter mitt skjønn ikkje er nokon tvil om at det ikkje finst nokon prepropriell artikkel. Alle desse treffa dreier seg om namn der ein skulle vente å finne preproprielle artiklar. Dette er eit mykje lågare tal enn 61, men likevel nokså høgt med tanke på at alt tyder på at den preproprielle artikkelen i Kvæfjord skal vere obligatorisk ved personnamn. Informantane varierer altså likevel mellom namn med og utan prepropriell artikkel, sjølv om prepropriell artikkel utan tvil må reknast som den umarkerte varianten her.

4.2.5 Ulikskapar mellom eldre og yngre

35 av dei 117 treffa på namn med prepropriell artikkel skriv seg frå dei to yngre informantane. Dei eldre informantane bruker prepropriell til saman 82 gongar. Alle dei fire treffa på prepropriell artikkel brukt føre etternamn finn stad i samtalen mellom dei eldre informantane. Ein kan spekulere i om det å tiltale eller omtale personar ved etternamn er noko eldre gjer oftare enn yngre.

Alle treff på prepropriell artikkel ved namn på fiktive personar kjem frå samtalen mellom dei to unge informantane. Det treng sjølvsagt ikkje skuldast at dette er ein framand uttrykksmåte for dei eldre informantane. Det kan i staden vere heilt tilfeldig at det er dei yngre informantane som har snakka om filmar, som sjølvsagt inneheld fiktive personar. Som vi såg innleiingsvis i 4.2 har alle informantane i Kvæfjord, både eldre og yngre, dessutan godkjent denne setninga i nordisk dialektdatabase:

- (73) Jeg har et bilde av han Elvis Presley på veggen

Eg kan ikkje skjøne anna enn at namn på godt kjende fiktive filmheltar vil bli handsama som namn på verkelege kjendisar. Ut frå dette ser eg ingen grunn til at dei unge skal kunne bruke prepropriell artikkel i desse tilfella, medan dei eldre ikkje gjer det.

Det same gjeld for dyrenamn. Det er berre dei yngre som bruker prepropriell artikkel når dei snakkar om dyra sine. Ein kan naturlegvis ikkje av dette trekke slutninga at dei eldre informantane ikkje bruker prepropriell artikkel ved dyrenamn. Det ideelle ville vere å utføre

eit negativt søk, der ein søkte opp alle dyrenamn eller kjendisnamn for å finne døme på slike namn utan prepropriell artikkel, men ettersom slike namn ikkje blir anonymiserte i korpuset, er dette bortimot ei umogleg oppgåve. Ein kan heller ikkje rekne med at det blir snakka om dyr og kjendisar i alle samtalane.

Dei to eldre informantane har samanlagt fleire tilfelle av prepropriell artikkel enn dei yngre informantane. Dermed kunne ein anta at den preproprielle artikkelen er vanlegare hos dei eldre informantane enn hos dei yngre. Her er det likevel verdt å merke seg at dei eldre informantane også står for majoriteten av namna *utan* prepropriell artikkel. Konklusjonen blir at eg ikkje har påvist nokon vesentleg ulikskap mellom dei eldre og dei yngre informantane i Kvæfjord når det gjeld bruk av prepropriell artikkel. Dei eldre er best representert både i lista over namn med og namn utan prepropriell artikkel. Dermed er det dei eldre informantane som rett og slett snakkar mest om folk og nemner flest namn i samtalar og intervju.

4.2.6 H-genitiv

I kapittel 2 kom eg inn på diskusjonen om den såkalla h-genitiven (Delsing) er ein genitivskonstruksjon som svarer til prepropriell artikkel. Det var her uvisst om denne typen perifrastisk genitiv er å rekne for ein genitivsvariant av den preproprielle artikkelen, eller om det rett og slett dreier seg om ein genitivskonstruksjon med possessivt pronomens som i utbreiing for det meste fell saman med den preproprielle artikkelen. Eg ønskte i denne samanhengen å sjå nærmare på bruken av denne eigedomskonstruksjonen i dei tre dialektane eg undersøkte.

Ved å søke i korpuset på substantiv+*hans/hennes*+substantiv, fekk eg to treff i Kvæfjord:

- (74) ja # hann oss hann M31 oss hann em # **far hass M31** # å hann va å hann
 (NDC, kvaefjord_04gk)

- (75) husska måtte låne **staven hennes F17** hann va så dåli hadde så onnt
 (NDC, kvaefjord_04gk)

Begge desse treffa kjem frå same informant, den eldre kvinnen. I tillegg fann eg også ved ei tilfeldigheit eit treff til, der M43 har blitt feilaktig tagga som adjektiv, og dette dømet dukkar difor ikkje opp ved søk på *hans/hennes* + substantiv:

- (76) mænn så husska æ jo de att på ee # då vi kjørte te Røros te **brylløpe hanns M43**
 (NDC, kvaefjord_04gk)

Også denne ytringa kjem frå den eldre kvinnen. Eg kan ikkje utelukke at denne feilen har oppstått andre plassar òg, men uansett dreier det seg altså ikkje om svært mange døme på den aktuelle konstruksjonen i Kvæfjord.

Som nemnt skal alle informantane ha fylt ut eit skjema med omsetjing av 55 setningar og spørjeord, anten før dei møttest til opptak eller etter at opptaket var ferdig. Skjemaet inneheld ei rekke setningar som dreier seg om måtar å uttrykke eigedomstilhøve på, samt ein god del personnamn. Dermed kunne skjemaet i visse høve vere til hjelp for meg der eg ikkje fekk nok informasjon frå korpuset.

Ettersom det var få treff på dei ulike possessivkonstruksjonane i korpuset, håpte eg at omsetjingsskjemaet til informantane kunne vere til hjelp her. I Kvæfjord var det berre kvaefjord_02uk og kvaefjord_03gm som har levert omsetjingsskjema i etterkant av opptaket. kvaefjord_02uk godkjenner begge setningane med h-genitiv:

- (77) a. Har du sett katten hans Per?:
har du sett katta hans per?
- b. Har du sett den svarte katten hans Per?:
har du sett den svarte katta hans per?

Også kvaefjord_03gm godkjenner dei to setningane med h-genitiv:

- (78) a. Har du sett katten hans Per?
Har du sett katta hannes Per?
- b. Har du sett den svarte katten hans Per?
Har du sett dein svarte katta hannes Per?

Alt tyder dermed på at h-genitiv er ein konstruksjon som er i bruk i Kvæfjord.

4.2.6.1 Genitivkonstruksjonar med vanleg prepropriell artikkel⁷

Informantane i Kvæfjord bruker også andre måtar å uttrykke eigedomstilhøve på når personnamn er involvert. Ved å søke på substantiv+*til+han/hun*+substantiv fekk eg to treff:

- (79) å så va **farn te hann M5** me # å så såvvna hann # unner de dær # førre de varte jo
djævelænnge
(NDC, kvaefjord_01um)
- (80) **far te hann M5 ?**
NDC, kvaefjord_02uk)

Begge desse er ytra av dei unge informantane, høvesvis ung mann og ung kvinne. Ved å søke på same frasen utan prepropriell artikkel, fekk eg ingen relevante treff.

Garpegenitiv – genitiv av typen *Martin sitt hus* – forsøkte eg å avdekke ved å søke på substantiv+*si/sin*+substantiv. Her fekk eg ingen treff, trass i at garpegenitiv ifølge t.d. Delsing (2003a:41) er utbreidd i Nord-Noreg. Den mest vanlege måten å uttrykke genitiv i standard bokmål på, *Martins hus*, fekk eg heller ingen treff på i korpuset.

Det verkar som om informantane i Kvæfjord rett og slett snakkar lite om eigedomstilhøve i løpet av intervjuet og samtalane sine. Dei einaste possessive konstruksjonane eg fekk treff på ved søk i korpuset, er h-genitiv og genitiv med *til*. Når informantane ikkje brukte h-genitiv, hadde dei den vanlege preproprielle artikkelen.

Som nemnt godkjente kvaefjord_02uk h-genitiv i omsetjingsskjemaet. Etter å ha sett på resten av skjemaet, var det likevel ikkje sjølv sagt for meg at eg kunne stole på informasjonen kvaefjord_02uk gav her. Som nemnt i 3.3.3.3 er det ein del informantar som ser ut til å ha misforstått omsetjingsoppgåva - informantane omset gjerne setningane ord for ord utan å vurdere om setninga som heilskap fungerer i dialekten. Det kan sjå ut som om kvaefjord_02uk kan ha gått i denne «fella». Svært mange av setningane som tek for seg ulike former for genitiv er blitt omsett ord for ord til Kvæfjord-dialekt, også strukturane som det er

⁷ Ettersom to av eigedomskonstruksjonane eg snakkar om har *genitiv* i namnet (garpegenitiv og h-genitiv), bruker eg denne termen om alle possessivtilhøve. Dette til skilnad frå genitiv som kasus.

relativt usannsynleg at informanten sjølv ville bruke:

- (81) a. Har du sett Per hans katt?
har du sett per hans katt?
- b. Har du sett Pers svarte katt?
har du sett pers svarte katt?
- c. Har du sett Pers katten?
har du sett pers katta?
- d. Har du sett Pers den svarte katten?
har du sett pers den svarte katta?

kvaefjord_03gm har fylt ut skjemaet på ein annan måte. Dei setningane han ikkje kunne godkjenne ut frå språkkjensla si, har han ikkje omsett:

- (82) Har du sett katt til Per?
-

Han har også til tider brukta omskriving, slik at ein i utgangspunktet uakseptabel setning har blitt akseptabel, her ved å skrive om «Pers» til «Per si». Her får vi også stadfesta at garpegenitiv er ein akseptabel konstruksjon i Kvæfjord:

- (83) Har du sett Pers katt?
Har du sett Per si katta?

kvaefjord_03gm omset også andre genitivskonstruksjonar til si eiga dialekt, og her ser vi at den preproprielle artikkelen er med:

- (84) Har du sett katten til Per?
Har du sett katta tel han Per?

Det er ut frå både korpuset og omsetjingsskjemaet tydeleg at h-genitiv er i bruk i Kvæfjord. Når andre måtar å uttrykke genitiv på blir brukt, ser den normale preproprielle artikkelen ut til å vere obligatorisk.

4.2.7 Oppsummerande tabell for Kvæfjord

For å oppsummere kva eg har funne ut om Kvæfjord-dialekten, presenterer eg her ein oppsummerande tabell. Det same blir seinare gjort for både Gausdal og Voss. Felles for alle tabellane er at eg først og fremst viser kva eg har *påvist* om bruken av prepropriell artikkel, ettersom eg som oftast ikkje har tilstrekkelege opplysningar til å *avkrefte* påstandar. Dermed opererer eg først og fremst med plussteikn (+) for påviste påstandar, og spørjeteikn (?) der eg ikkje har tilstrekkelege opplysningar. Eg bruker likevel minus (-) ved eit par høve, i tabell 4.1 ved kategorien *systematisk ulikskap mellom yngre og eldre*. Dette gjeld likevel berre informantane i denne oppgåva, ikkje nødvendigvis alle talarane i denne dialekten. Dette gjeld også for tabellane for Voss og Gausdal.

	Kvæfjord
Distribusjon	
Prepropriell artikkel ved førenamn	+
Prepropriell artikkel ved etternamn	+
Prepropriell artikkel ved slektskapsord	+
Prepropriell artikkel ved kjendisnamn	+
Prepropriell artikkel ved dyrenamn	+
Negativ distribusjon	
Namngivingskonstruksjon	?
Predikativ	+
Vokativ	?
Metabruk av namn	?
Modifiserte eller bøygde namn	+
Andre situasjonar med namn utan prepropriell artikkel	+
Språkendring	
Systematisk ulikskap mellom yngre og eldre	-
Uttrykksmåtar for genitiv	
H-genitiv	+
Andre måtar å uttrykke eigedomstilhøve på	+

Tabell 4.1

Som tabellen viser, har eg funne treff på prepropriell artikkel ved både førenamn, etternamn, kjendisnamn, slektskapsord og dyrenamn i Kvæfjord. Namn utan prepropriell artikkel finn vi mellom anna i predikativ, og moglegvis også når det gjeld metabruk av namn. Likevel finst det også ein god del døme på namn utan prepropriell artikkel som eg ikkje finn forklaring på. Både h-genitiv og andre uttrykksmåtar for genitiv ved personnamn finst i Kvæfjord. Eg fann ingen teikn på ulikskap mellom yngre og eldre informantar.

4.3 Gausdal

Gausdal kommune ligg i Oppland. Kommunen består stort sett av dalføret rundt elva Gausa. 01.01.10 var det 6142 innbyggjarar i kommunen (*Store norske leksikon* på nett, sjå kjeldelista). I Gausdal var det også fire informantar. Her er det likevel eit lite avvik frå NorDiaSyn-normalen, og i staden for ein ung og ein eldre mann og ei ung og ei eldre kvinne, er det to unge menn og to eldre kvinner. Avvik som dette skuldast ofta at det har oppstått problem med å skaffe informantar i utgangspunktet, eller at ein har blitt nøydde til å finne nye informantar på kort varsel, t.d. ved sjukdom.

Også i Gausdal har alle dei fire informantane gitt full pott til begge dei to setningane med prepropriell artikkel i spørjeskjemaet. Som i Kvæfjord venta eg dermed også hos informantane i Gausdal at prepropriell artikkel ville bli brukt dersom dei snakka om offentlege personar, kjendisar eller, som vi såg i samtalet mellom dei to unge informantane i Kvæfjord, fiktive personar.

Talet på ord hos informantane i Gausdal er om lag like stort som hos informantane i Kvæfjord.

Informant	Tal på ord
gausdal_01um	4154
gausdal_05um	3814
gausdal_04gk	4591
gausdal_08gk	6510

Ved søk på *han*+substantiv og *hun*+substantiv i NDC fekk eg 56 treff i Gausdal. Etter å ha sortert ut irrelevante treff, sat eg att med 48 treff (vedlegg). Dette er altså under halvparten så

mange preproprielle artiklar som ein har med å gjere hos informantane i Kvæfjord. Vi har allereie sett at det ikkje er store forskellar i talet på ord hos informantane i Kvæfjord og Gausdal, og trass i at samtlege informantar begge stader har gitt begge setningane som testar prepropriell artikkel i spørjeskjemaet full pott, er det likevel altså over dobbelt så mange treff på prepropriell artikkel i Kvæfjord, der eg fekk 140 treff på tilsvarande søk, med 117 relevante treff.

4.3.1 Den preproprielle artikkelen i Gausdal

Den preproprielle artikkelen i Gausdals-dialekten har vanlegvis same form som trykksvakt personleg pronomen, *n* og *ho*. Enkelte gonger bruker informantane den trykksterke forma *hann* som prepropriell artikkel føre eit mannsnamn eller eit slektskapsord:

- (85) **hann far** va me dær å snikkra å så att e
 (NDC, gausdal_08gk)

Dette kan skuldast at reduksjonen *n* blir realisert når artikkelen eller pronomenet opptrer i enklitisk form, altså etter eit anna ord. I dømet over kjem *hann* først i ytringa, som skildra i 2.6.3. Ut frå konteksten er det svært lite truleg at *hann* i (85) dreier seg om ein PDD, sjølv om dette også kan vere ein moglegheit når den ikkje-reduserte forma av pronomenet opptrer i konstruksjonar som denne. Det er ikkje skilnad på trykksterk og trykksvak form av hokjønnspromonenet, forma *ho* blir brukt i transkripsjonen om begge delar.

I motsetnad til Kvæfjord, ligg Gausdal i eit område der dialektane i allfall tradisjonelt har hatt dativ. Delsing (2003a:21) har også påpeikt at kasusbøyning av den preproprielle artikkelen finst i enkelte dialektar. Eg fann tre døme på prepropriell artikkel i dativ blant dei eldre informantane i Gausdal:

- (86) førr e va me **n bæsstemor** på sætra å sjlek
 (NDC, gausdal_04gk)
- (87) fårr M2 hadde vore åt **n F2** å da # komm dømm dær
 (NDC, gausdal_04gk)
- (88) ja å så ee tru e vi jekk åt **n F4**

(NDC, gausdal_08gk)

Alle desse døma dreier seg om kvinnenamn. Eg fann ingen treff på prepropriell artikkel hankjønn i dativ. Alle dei tre treffa i dativ fann eg hos den same informanten, gausdal_04gk. Dativ er på veg ut i dei fleste norske dialektane, og i dag er det gjerne berre eldre menneske som har dette språkdraget der det framleis finst. Dermed er det som venta at eg ikkje finn dativ hos dei yngre informantane i Gausdal. At dativ er på veg til å forsvinne i dei norske dialektane, er godt kjent, og er mellom anna skildra i foredraget «Dative Case in Icelandic, Faroese and Norwegian: Preservation and non-preservation» av Thórhallur Eyþorsson m. fl. (sjå kjeldelista).

4.3.2 Prepropriell artikkel i ulike kontekstar

Som i Kvæfjord tyder informasjonen frå alle informantane i spørjeskjemaet på at prepropriell artikkel i Gausdal er obligatorisk både ved namn på personar talaren kjenner, og offentleg kjende personar.

4.3.2.1 Førenamn

Også i Gausdal utgjer førenamn størstedelen av treffa på prepropriell artikkel i korpuset:

(90) menn vi har hytte æu ra væitt du borrtaførr **ho F1**

(NDC, gausdal_01um)

(91) ja nå denne vikua hær æ hann ee sinna åt **ho F5** ha e sjønnnt

(NDC, gausdal_08gk)

16 preproprielle artiklar er ved mannsnamn, medan 17 er knytte til kvinnenamn. Dette er ein langt jamnare kjønnsbalanse enn i Kvæfjord. Truleg nemner informantane i Gausdal prosentvis fleire kvinnenamn enn informantane i Kvæfjord. Dei fleste personnamna er nemnt av dei to eldre informantane. Som eg har nemnt i 4.3, er desse to begge kvinner, i motsetnad til Kvæfjord, der det er ein mann og ei kvinne. Dette kan moglegvis ha innverknad på kor mange kvinner informantane snakkar om.

4.3.2.2 Etternamn

Blant informantane i Gausdal er det ingen treff på prepropriell artikkel ved etternamn. Dette kan skuldast at det ikkje er vanleg å bruke prepropriell artikkel saman med etternamn i denne dialekten. Vi har tidlegare sett at dette er fullt mogleg i Kvæfjord. Prepropriell artikkel kan i enkelte dialektar, t.d. i Toten-målet, som vi såg i 2.4.3, berre brukast ved førenamn. Dette kan sjølv sagt også gjelde for Gausdals-dialekten. I 4.3.3 tek eg også opp den manglande bruken av prepropriell bruk ved etternamn i Gausdal.

4.3.2.3 Slektskapsord

Prepropriell artikkel + slektskapsord som far, mor, bestemor etc. i Gausdal fann eg 14 døme på i NDC.

- (92) menn e var jo se å så å si på sætra hæile såmmårn e ihop me **ho besstemor**
 (NDC, gausdal_04gk)

Det er faktisk fleire treff på prepropriell artikkel saman med slike ord i Gausdal enn i Kvæfjord, sjølv om det totale talet på preproprielle artiklar som vi har sett er mykje høgare i Kvæfjord. Eg reknar med at dette er variasjonar som oppstår etter kva informantane på dei ulike stadene snakkar om. Enkelte snakkar mykje om familie, andre snakkar om felles arbeidskameratar eller vener, eller for den saks skuld kjæledyr eller filmkarakterar. Dei to sistnemnte kategoriane fann eg hos informantane i Kvæfjord, men ikkje i Gausdal.

4.3.3 Namn utan prepropriell artikkel

Eg fekk totalt 24 treff på namn utan prepropriell artikkel, etter å ha følgt same prosedyre som i 4.2.5. På denne lista viste det seg å vere mange stadnamn som begynte på M eller F, men det var også «gøynde» preproprielle artiklar som helst skulle vore med i det opphavlege søkeresultatet, t.d. på grunn av ein nøylyd mellom artikkelen og namnet, feiltagging eller anna:

- (93) mæinn æille ressa anndre å så va re nå m **ho em # _ e E1 F8** å så
 (NDC, gausdal_08gk)

Etter å ha rydda opp i lista, sat eg att med 10 treff som såg ut til å vere namn utan preproprielle artiklar. Etter å ha hørt gjennom desse, fann eg at det også her, som i Kvæfjord, var ein del døme på namn der det etter mitt skjønn burde vere transkribert prepropriell artikkel, og nokre tvilstilfelle der eg ikkje tydeleg kunne høyre ein artikkel, men heller ikkje seie heilt sikkert at det ikkje fanst ein prepropriell artikkel. Til slutt sat eg att med berre to døme på namn der eg heilt sikkert ikkje høyrte nokon prepropriell artikkel:

- (94) mm # **E1** det
 (NDC, gausdal_01um)
- (95) værrtfall denna kLassa **åt M1** dømm høre nå på ho F6 rømm da
 (NDC, gausdal_08gk)

Det første dømet kan vere ein indikasjon på at gausdølane ikkje bruker prepropriell artikkel ved etternamn. Som nemnt i 4.3.2.2 fann eg heller ingen døme på etternamn **med** prepropriell artikkel, men det er sjølvsagt ikkje mogleg å trekke konklusjonar ut frå berre eitt treff på etternamn.

Eksempel (95) var det einaste førenamnet som definitivt var utan prepropriell artikkel. Vi har tidlegare sett at alle informantane godkjente bruk av prepropriell artikkel føre alle førenamn, så det ville vere å vente at ein fann prepropriell artikkel også her.

Eitt av forskingsmåla mine var å finne ut om det fanst namn i vokativ i materialet mitt. Dette undersøkte eg ved å søke på namnekodane til informantane, ettersom desse namna ikkje blir transkribert som andre namn i korpuset. Det viste seg å ikkje vere så vanleg blant informantane å bruke vokativ. Dette kan sjølvsagt ha mykje med opptakssituasjonen å gjere. I eit intervju med ein ukjent intervjuar vil det neppe vere naturleg å bruke namnet på denne, og sjølv i samtalar der informantar kjerner kvarandre, vil det nok for mange falle unaturleg å tiltale samtalepartnaren ved namn så lenge det berre er to menneske til stades. Gausdal var den einaste staden eg fann døme på vokativ:

- (96) «å e hukkse ræ e **gausdal_08gk**» sa ho att # «å du komm innom här
læurdan» sa ho
(NDC, gausdal_08gk)

Informanten gjengir her tale frå ein annan person, der vedkommande bruker namnet til informanten sjølv i vokativ. Namn brukt vokativt kan seiast å vere plassert utanfor setninga, eller kan utgjere ei setning i seg sjølv, dersom namnet åleine blir brukt til å påkalle eller tiltrekke merksemrd. Medan namn i argumentposisjon normalt har bestemtheit, manglar namn brukt vokativt universelt bestemtheit (Anderson 2004:458). Dermed vil ein heller ikkje kunne bruke bestemt artikkel ved vokativ, som vi ser i (96).

4.3.4 Ulikskapar mellom eldre og yngre

Dei fleste treffa på prepropriell artikkel i Gausdal stammar frå gausdal_04gk og gausdal_08gk. Dei to yngre informantane står for 15 av 48 preproprielle artiklar. Ser ein på statistikken over namn *utan* preproprielle artiklar, såg vi i førre avsnitt at det fanst berre eitt utvetydig døme på namn utan prepropriell artikkel i Gausdal. Konklusjonen blir, her som i Kvæfjord, at dei eldre informantane rett og slett nemner folk ved namn oftare enn dei yngre informantane gjer. Eg har såleis ikkje funne noko som tyder på ulikskapar i bruk av prepropriell artikkel mellom aldersgruppene i Gausdal.

4.3.5 H-genitiv

I korpuset fekk eg ingen treff på substantiv + *hans* + substantiv eller substantiv + *henes* + substantiv, og såleis ingen døme på bruk av h-genitiv i spontantale. I omsetjingsskjemaet, derimot, er h-genitiven den einaste eigedomsfrasen av fleire moglege informantane har godkjent, som hos gausdal_04gk:

- | | |
|--------------------------------------|-----------------------------------|
| (97) a. Har du sett katten hans Per? | Ha ru sett katten ass Per? |
| b. Har du sett far til Per? | Har du sett far ass Per? |

Enkelte setningar er skrivne om til å innehalde h-genitiv, andre setningar har informanten late

stå tomme. Det same gjeld for dei tre andre informantane – ingen av dei omset eigedomsfrasene med noko anna enn h-genitiv, bortsett frå gausdal_05um, som omset to setningar slik:

- | | | |
|---------|-------------------------------------|---|
| (98) a. | Har du sett Pers katten? | Ha ru sett Pers kartten? |
| b. | Har du sett Pers den svarte katten? | Ha ru sett Pers dæinn svarte
katten? |

Eg ser det som svært lite sannsynleg at dette er konstruksjonar som informanten faktisk bruker i dialekten sin. I *Gausdalsmålet skriv Jon Peder Vestad*: «Ein gausdøl seier ikkje 'Oles bil', men 'bil'n hass Ole'» (Vestad 2002:18). Forfattaren ser her ut til å meine at h-genitiven er den einaste gangbare måten for ein gausdøl å uttrykkje eigedomstilhøve ved personnamn på, og dette stemmer stort sett med informasjonen i omsetjingsskjemaet til alle dei fire informantane i Gausdal.

I korpuset fekk eg ganske riktig heller ikkje treff på substantiv + *til* + substantiv, substantiv + *til* + *han/hun* eller substantiv + *sin/si* +substantiv. Det meste tyder dermed på at h-genitiv er einerådande eigedomsfrase ved personnamn i denne dialekten.

4.3.6 **Gudbrandsdølar i Amerika**

Som nemnt i 3.2.5 stammar enkelte av informantane i NorAmDiaSyn frå Gudbrandsdalen. I den vesle byen Westby i Wisconsin var det tre informantar som stilte opp for opptak i mars 2010, to menn og ei kvinne. Dei har fått informantkodane westby_wi_01gm, westby_wi_02gm og westby_wi_03gk.



Illustrasjon 4.3– Kart over USA med Westby avmerkt

Alle informantane i prosjektet har svart på spørsmål om bakgrunnen sin. Ut frå dette kan ein lese at alle dei tre informantane i Westby har røter i Gudbrandsdalen, og westby_wi_02gm oppgir også Gausdal spesifikt. Kvinna er 87 år gammal, westby_wi_01gm og westby_wi_02gm er høvesvis 79 og 82 år gamle i 2010. Dei to mennene oppgir at familien reiste frå Noreg i 1850 og 1880. Kvinna oppgir ikkje informasjon om dette. Dei to mennene har begge hatt mykje besøk frå Noreg, hatt mykje kontakt med nordmenn, og les norske blad, aviser eller bøker. westby_wi_01gm har i tillegg sjølv vore på besøk i Noreg ein gong. Mennene lærte begge engelsk først då dei starta på skulen. westby_wi_01gm vart konfirmert på norsk, medan westby_wi_02gm og westby_wi_03gk vart konfirmerte på engelsk.

Det finst tre opptak frå besøket i Westby – samtale mellom westby_01gm og westby_02gm, samtale mellom westby_01gm og westby_03gk, og eit intervju med westby_03gk. Opptaka var ikkje transkriberte på det aktuelle tidspunktet. Sidan det dreidde seg om få opptak, valde eg å lytte gjennom alt materialet frå Westby og transkribere det eg fann interessant. Eg har transkribert etter NorDiaSyn sine retningsliner, men namna har eg valt å transkribere med engelsk standardortografi, ettersom NorDiaSyn-transkripsjonsreglane er ikkje utarbeidde for engelsk språk. Der det er snakk om norske namn, har eg også valt å transkribere desse ortografisk. Der eg har brukt F1 eller M1, har eg oppfatta at det er snakk om høvesvis kvinne- eller mannsnamn, men ikkje oppfatta sjølve namnet. N1 står for eit namn som kan vere anten førenamn eller etternamn.

Alle dei tre informantane bruker prepropriell artikkel:

- (99) de hennte nå me **n Walter Johnson** å e de
 (westby_01gm)

- (100) å **n Clarence** hann bynnte på toppen
 (westby_02gm)

- (101) e va me # **ho F1**
 (westby_03gk)

Eg fann også sannsynlege døme på prepropriell artikkel ved etternamn:

- (102) westby_01gm e n polis **n N1** ennda da?
 westby_02gm åkke?
 westby_01gm **n N1**

Her greidde eg ikkje å kjenne igjen namnet som verken førenamn eller etternamn, difor nyttet eg namnekoden N1 i staden for M1 eller E1, etter transkripsjonsrettleiinga for ScanDiaSyn (Johannessen et al. 2009b:15). Eg tykte likevel det høyrest ut som eit etternamn, og når informanten blir beden om å gjenta namnet, høyrest det ut som han gjentek det med eit – for meg også uforståeleg – førenamn føre. Eit anna døme på prepropriell artikkel ved etternamn, ser vi truleg i (103):

- (103) å ho jiffta **n Verket**
 (westby_01gm)

Heller ikkje her var det heilt klart for meg om *Verket* er eit etternamn, men eg ser det som mest truleg. Det er verdt å merke seg at *å gifte* er blitt eit transitivt, ikkje-refleksivt verb for desse informantane, truleg etter engelsk *to marry*.

Eit etternamn utan prepropriell artikkel ser vi her:

- (104) far hennes va vell **Andersen**

(westby_01gm)

Ut frå konteksten her verkar det mest rimeleg at informanten snakkar om *namnet* Andersen, ikkje *personen* Andersen. Dermed dreier det seg her om same type predikativ som i (71), og det blir dermed ikkje rimeleg at *Andersen* får prepropriell artikkel i denne ytringa. Slike predikativ fann eg også fleire av hos informantane i Kvæfjord (sjå 4.2.5). Ulike etternamn var noko informantane diskuterte mykje seg imellom, og liknande tilfelle fanst også andre stader i samtalane. Også førenamn blir diskutert på same måte. I (105) ser vi i tillegg at eit førenamn blir bøygd bestemt som eit appellativ:

- (105) westby_03gk far dommesj # va **Hans** æu?
 westby_01gm de va to **Hanser**

Eg fann også namn i predikativ med verbet *heite*, der tydinga må vere den same som i (104):

- (106) e kjøppte fissken minn då en såmm hæite fårr **Mike Fields**
 (westby_01gm)
 (107) å så va re ei såmm heite fårr **Inga** tru e
 (westby_01gm)

Også i andre døme enn (105) har namn fått bøyning eller blitt modifisert:

- (108) å hann va denn **Josef** en tåLLå på hann va bror åt # mor di?
 (westby_03gk)

I (108) har namnet *Josef* demonstrativen *denn* føre seg. I slike tilfelle får ikkje namn prepropriell artikkel. Det same ser vi her:

- (109) de va nå visst # åver træddve år fåsjell pån bæssfar å denn # **Marita** # de va ei **Mari**
 å ei **Marit**
 (westby_01gm)

I (109) ser det ut til at namnet *Marit* har blitt bøygd og fått bestemtheit ved hjelp av suffikset -a. I tillegg ser vi at både *Mari* og *Marit* her har ubestemt artikkkel. Dette gjer, som omtala ved flere høve tidlegare, at namna oppfører seg grammatisk som appellativ. Prepropriell artikkkel opptrer ikkje i tillegg til desse determinativa.

Andre namn utan prepropriell artikkkel hadde mindre openberre forklaringar:

- (110) de va **ho** ee # å mor hennes Hilma # Hilma Tømtingen # **Ragna**
 (westby_03gk)

Her kan det sjå ut som om *Ragna* står utan prepropriell artikkkel. Likevel ser vi at informanten faktisk har med den preproprielle artikkelen, før ho startar å «leite etter» namnet. Det kan dermed tenkast at passasjen *ee # å mor hennes Hilma # Hilma Tømtingen* kan sjåast som ein «parentes» i denne samanhengen, og at den preproprielle artikkelen i starten av ytringa står til namnet i slutten av ytringa.

- | | |
|-------------------|---|
| (111) westby_01gm | te n Anton å n Matias da veit du å n Petter E1 # sysskenborne
domms domm komm # i att'ntoånnitti |
| westby_03gk | Petter E1? |

At westby_03gk ikkje brukar prepropriell artikkkel her, kan forklarast med at ho stiller namnet som eit spørsmål. Namnet treng ikkje her å ha referensiell funksjon, det kan like gjerne vere at ho er usikker på om ho har forstått kva for eit namn det er snakk om, eller kva for ein Petter det er snakk om. Ei anna, liknande problemstilling ser vi her:

- (112) je lure på # **Mari** å **Marit** de kunne væra såmmå mennesja de?
 (westby_03gm)

Her har definitivt ingen av namna referensiell funksjon – informanten lurer på om *Mari* og *Marit* er så like namn at det kunne ha vore snakk om ein og same person. Dermed snakkar vi også her om metabruk av namna – dersom den same setningen hadde hatt prepropriell artikkel føre namna, måtte ein tolke det som om westby_03gm mistenkte ein person for å utgi seg for å vere to.

Ein stad fann eg også eit namn utan prepropriell artikkel som ikkje kan forklarast ut frå desse reglane:

- (113) westby_03gk n Ole va føtt i firåsækksti # å hann komm ifrå Nårrje
 n Ole Bakkom?
 westby_03gk **Ole Bakkom** # å så hadd n ei sysster **Karen**

Så vidt eg kan sjå, burde begge desse namna hatt prepropriell artikkel, om ein dømmer etter mønsteret i Gudbrandsdals-dialekten til informanten. Her er det snakk om to namn med referensiell funksjon – ho slår jo nettopp fast at det er Ole Bakkom det er snakk om, og Karen er identifisert som systera hans. Likevel *kan* ein tenke seg at westby_03gk stadfestar at *namnet* Ole Bakkom er rett, og at namnet her slik sett ikkje refererer til *personen* Ole Bakkom. I så fall dreier det seg om metabruk av namnet (sjå 2.6). Det er likevel så godt som umogleg å fastslå det eine eller det andre ut frå det sparsomme materialet eg har tilgang til her.

Eg fann også fleire døme på slektskapsord med prepropriell artikkel:

- (114) **n ee # onngkel Josef** brukkte på å kåmma neåver
 (westby_01gm)
- (115) så ha ru så ha ru **o mamma**
 (westby_03gk)
- (116) så va **n bæssfar** der å så sa n
 (westby_01gm)

I følgjande ytring får *mor* ikkje prepropriell artikkel:

- (117) ja **mor** mi fortærde ho # travla hematt
 (westby_01gm)

Dette skuldast at *mor* er modifisert med possessivet *mi*, og dermed misser ordet namne-eigenskapane sine, og oppfører seg i staden som eit appellativ.

Når det gjeld bruk av prepropriell artikkel ved namn på offentlege personar, er det vanskeleg å seie noko om dette. Det er ikkje ofte informantane snakkar om kjende personar, men det finst døme:

- (118) håkke somm va præsident da? # **Abraham Lincoln** when what year was he killed?
 (westby_03gk)

Informantane i Westby kodevekslar tidvis mellom norsk og engelsk, og her forstår eg det som at namnet Abraham Lincoln sjåast som ein del av den engelske ytringa. Dermed er det ikkje aktuelt å diskutere mangelen på prepropriell artikkel i dette tilfellet.

Eg fann også bruk av h-genitiv hos to av informantane i Westby:

- (119) menn e å n Clarence såg en cougar jikk åver **innkjøringa** hass **Howard** en gonn
 (westby_01gm)

- (120) de va ho ee # å **mor** **hennes Hilma**
 (westby_03gk)

Under ser vi *mor* brukt i ein genitivkonstruksjon med preposisjonen *åt* i staden for h-genitiv:

- (121) bror åt mor di
 (westby_03gk)

Her er substantivet *mor*, som i mange samanhengar fungerer som eit personnamn, modifisert med possessivet *di*. Dette tek bort dei eigenskapane ved ordet som gjer at det fungerer som proprium. Når slike slektskapsord, eller for den saks skuld personnamn, blir modifiserte eller

bøygde, fungerer dei grammatisk som appellativ. Dette forklarer kvifor h-genitiv ikkje blir brukt her.

Det ser ut som om innvandrarane i Westby har halde godt på den preproprielle artikkelen – eit språkdrag ein ikkje finn i engelsk – sidan innvandringa til USA på 1800-talet.

4.3.7 Oppsummerande tabell for Gausdal

Tabellen for Gausdal tilsvarer tabellen for Kvæfjord (sjå 4.2.7).

	Gausdal
Distribusjon	
Prepropriell artikkel ved førenamn	+
Prepropriell artikkel ved etternamn	? ⁸
Prepropriell artikkel ved slektskapsord	+
Prepropriell artikkel ved kjendisnamn	?
Prepropriell artikkel ved dyrenamn	?
Negativ distribusjon	
Namngivingskonstruksjon	?
Predikativ	? ⁹
Vokativ	+
Metabruk av namn	?
Modifiserte namn	+ ¹⁰
Andre situasjoner med namn utan prepropriell artikkel	?
Språkendring	
Systematisk ulikskap mellom yngre og eldre	-
Uttrykksmåtar for genitiv	
H-genitiv	+
Andre måtar å uttrykke eigedomstilhøve på	-

Tabell 4.2

I Gausdal finn vi også prepropriell artikkel, og dermed prepropriell artikkel ved førenamn.

Også prepropriell artikkel ved slektskapsord finst. Det er usikker korvidt gausdølane kan

⁸ Påvist hos informantar i Westby

⁹ Påvist hos informantar i Westby

¹⁰ Påvist hos informantar i Westby

bruke prepropriell artikkel også ved etternamn, men ut frå materialet mitt ser det ikkje slik ut, sjølv om etterkommarane etter gudbrandsdølar i USA ser ut til å bruke prepropriell artikkel ved etternamn. Namn utan prepropriell artikkel ved predikativ fann eg også berre hos dei amerikanske informantane. Det einaste eksempelet på vokativ i denne oppgåva stammar frå Gausdal, og her er namnet som venta utan artikkel. Eg fann også mogleg metabruk av namn hos informantane i Westby. Det var ingen systematisk skilnad mellom dei yngre og dei eldre informantane å sjå. H-genitiv blir brukt, og ser ut til å vere einderådande måte å uttrykke genitiv ved personnamn på i Gausdal.

4.4 Voss

Voss kommune ligg i Hordaland. Folketalet var per 1. januar 2010 13 902 (tabell frå SSB, sjå kjeldelista), og Voss er såleis ein mykje større plass enn dei to andre målepunkta eg har valt å sjå på i denne oppgåva med tanke på folketal. I Voss er det fire informantar, og etter normalt NorDiaSyn-mønster er det ei ung kvinne og ein ung mann, samt ei eldre kvinne og ein eldre mann.

Talet på ord hos informantane i Voss skil seg ikkje mykje frå dei to andre stadene eg har undersøkt:

Informant	Tal på ord
voss_01um	4319
voss_02uk	4140
voss_03gm	4978
voss_04gk	3785

I motsetnad til Gausdal og Kvæfjord, grenser Voss til område der ein ikkje bruker prepropriell artikkel i det heile.

Medan vi har sett at alle informantane i både Kvæfjord og Gausdal har godkjent begge setningane som testar prepropriell artikkel i spørjeskjemaet, er informantane i Voss meir delte i meiningsane sine. Dei to eldre informantane godkjenner at «Ola» kan få prepropriell artikkel, medan det er berre dei to kvinnene som vil godkjenne prepropriell artikkel dersom ein snakkar om Elvis Presley. Desse to hevdar altså at prepropriell artikkel kan brukast føre alle personnamn, medan den eldre mannen ser ut til å meine at artikkelen er naturleg når ein

snakkar om folk ein kjenner personleg, men ikkje føre namn på offentlege personar og kjendisar. Den yngre mannen godkjener, kan hende overraskande, ikkje prepropriell artikkel i det heile. 1 og 5 er dei to einaste karakterane som har blitt brukte for å setje karakter på setningane, noko som normalt tyder på at informantane ikkje har vore spesielt usikre.

e har et bilet av han Elvis Presley på veggjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Voss	voss01um	1
e har et bilet av han Elvis Presley på veggjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Voss	voss02uk	5
e har et bilet av han Elvis Presley på veggjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Voss	voss03gm	1
e har et bilet av han Elvis Presley på veggjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name	Voss	voss04gk	5
har et bilet av han Ola på vegjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Voss	voss01um	1
har et bilet av han Ola på vegjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Voss	voss02uk	5
har et bilet av han Ola på vegjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Voss	voss03gm	5
har et bilet av han Ola på vegjen	nominal system, noun phrase, reference, article, preproprietary article, name, given name + surname	Voss	voss04gk	5

Illustrasjon 4.4 – vurdering av setningar i NSJD

Etter å ha gjennomgått same prosedyre som i 4.2 og 4.3, fekk eg 26 treff. Etter å ha rydda i lista, sat eg att med 13 tilfelle av prepropriell artikkel i Voss. Dette er radikalt færre preproprielle artiklar enn vi finn både i Kvæfjord og Gausdal, medan informantane som vi har sett ytrar om lag like mange ord alle stadene. Ut frå informasjonen i NSJD kan ein ikkje vente å finne preproprielle artiklar i det heile hos den unge mannen, og den eldre mannen avviser prepropriell artikkel ved namn på kjendisar. Slik sett var det ikkje uventa at talet på treff på preproprielle artiklar er høgare i Kvæfjord og Gausdal enn i Voss. Eg venta også å finne fleire namn utan prepropriell artikkel i Voss enn dei to andre stadene, både sidan ein av informantane oppgav å ikkje bruke prepropriell artikkel, og sidan Voss ligg i eit grenseområde.

4.4.1 Den preproprielle artikkelen i Voss

Den preproprielle artikkelen i Voss har same form som det personlege pronomenet. Som i Kvæfjord er det ikkje nokon stor skilnad mellom trykksterk og trykksvak form av pronomenet. I den lydnære transkripsjonen er formene *hann/ann* og *ho/o* brukt.

4.4.2 Prepropriell artikkel i ulike kontekstar

Ut frå informasjonen informantane har gitt på spørjeskjemaet, kunne ein vente å finne prepropriell artikkel både ved namn på personar som informantane sjølv kjenner, og ved

namn på kjendisar eller offentlege personar. Rett nok godkjenner berre to av fire informantar den sistnemnde bruken, og den unge mannen bruker ifølge NSJD ikkje prepropriell artikkel i det heile, men halvparten av informantane godtek altså begge setningane med prepropriell artikkel i spørjeskjemaet. Under kjem ein gjennomgang av kva kontekstar vi finn den preproprielle artikkelen i korpuset.

4.4.2.1 Førenamn

Som venta, og som vi har sett både i Kvæfjord og Gausdal, dreier dei fleste av treffa i korpuset seg om prepropriell artikkel ved førenamn også i Voss. 11 av dei 13 treffa på prepropriell artikkel er i samband med eit førenamn:

- (122) menn **ho F3** se kkje e så mykkje te
 (NDC, voss_02uk)

Både kvinnenamn og mannsnamn er representerte i søkeresultata. To treff gjeld prepropriell artikkel ved kvinnenamn, medan ni treff gjeld mannsnamn.

4.4.2.2 Etternamn

Det er ingen treff på prepropriell artikkel ved etternamn i søkeresultata frå Voss. Eitt treff kan tilsynelatande sjå ut som prepropriell artikkel ved etternamn:

- (123) å då **ann E3** e de da væll hæite hann dåkkteren
 (NDC, voss_03gm)

Ved gjennomlytting viser det seg at talaren legg trykk på *hann*. Det er også tydeleg ut frå samanhengen at informanten er usikker på namnet til E3, og det er dermed snakk om ein psykologisk distal demonstrativ i dette tilfellet.

4.4.2.3 Slektkapsord

Av slektkapsorda som blir brukte som proprium, finn vi i utgangspunktet to på lista over

søkeresultat. I konteksten til det første av desse treffa, finn ein dessutan eit feiltagga døme av same typen, der *mor* har blitt tagga som ein interjeksjon, ikkje eit substantiv:

- (124) væitt du **o mor** å **ann far** dæi hadde katt so va ellgammal
 (NDC, voss_04gk)

Informanten bruker også seinare denne konstruksjonen, denne gong med rett tagging.

- (125) å så ho ut te **o mor** å klaggde å so fekk eg sjenn
 (NDC, voss_04gk)

4.4.2.4 Namn på kjende personar

Trass i at berre halvparten av informantane i Voss godkjener bruk av prepropriell artikkel ved namn på kjendisar, og trass i at talet på treff på prepropriell artikkel er mykje lågare enn i Gausdal, der eg ikkje fann døme prepropriell artikkel ved namn på kjendisar, er det 6 treff på preproprielle artiklar ved det som i denne samanhengen må kallast kjendisnamn i korpuset. Eit av døma på dette er (126):

- (126) å so **ann Arne Jællnes** har eg æit par stykkje på dann ee æine sedeen åg
 (NDC, voss_03gm)

Dei to eldre informantane ser ut til å snakke mykje om kjende personar. I tillegg til Arne Hjeltnes er Ivar «Knipo» Kvåle og Johan Fjellby nemnde. Det er, interessant nok, den eldre mannen som nemner alle desse kjende personane. Vi har tidlegare sett at han ikkje godkjende prepropriell artikkel saman med «Elvis Presley», noko som skulle tyde på at han heller ikkje ville bruke prepropriell artikkel saman med namn på andre kjendisar eller offentlege personar.

Ei mogleg forklaring kan vere at informanten faktisk kjenner eller kjende desse menneska personleg. Ein stad diskuterer informantane om det er voss_03gm eller Ivar «Knipo» Kvåle som har skrive ein bestemt tekst:

- (127) dann e kje eg so ha laga næi de e kje de e hann Ivar # Knipo # Kvåle så har skreve
 dann tækkstn
 (NDC, voss_03gm)

Sekvensen under tyder også på at informanten også kjenner Arne Hjeltnes, i allfall på ein annan måte enn ein vil seie at ein «kjänner» ein tilfeldig valt kjendis:

- (128) voss_03gm ja å so ann Arne Jællnes har eg æit par stykkje på dann ee æine
 sedeen åg
 voss_04gk ja_vel
 voss_03gm så eg har fått låv å bruka (laughter)

Ei anna forklaring kan rett og slett vere at informanten har vurdert sin eigen språkbruk feil når han har vurdert setningane i spørjeskjemaet. Dei to kvinnene, voss_02uk og voss_04gk, har godkjent denne setninga i spørjeskjemaet, men ingen av desse nemner kjendisar eller offentlege personar verken under samtale eller intervju.

4.4.3 Namn utan prepropriell artikkel

I motsetnad til Kvæfjord og Gausdal, er talet på namn utan prepropriell artikkel høgare enn tal på namn med prepropriell artikkel i Voss. Medan talet på preproprielle artiklar er 13, sat eg etter å ha utført prosedyren skildra i 3.3.2 att med 24 namn utan prepropriell artikkel. Vi har allereie sett at voss_01um i spørjeskjemaet avviste all bruk av prepropriell artikkel. Den faktiske språkbruken til denne informanten viser at han rapporterte rett, som eg kjem nærmare inn på seinare.

Også i Voss fann eg treff der den preproprielle artikkelen er skild frå namnet med nøling, pause eller liknande, og dermed ikkje dukkar opp på lista over preproprielle artiklar. I søkeresultata for Voss dreidde det seg berre om eitt døme:

- (129) menn e du ee vætte di enngasjirte dær_oppe jåo **ann ee M2** å sånnit ælle
 (NDC, voss_04gk)

14 av dei 23 resterande treffa var å finne hos dei to unge informantane. Dette stemmer godt med informasjonen voss_01um gav i spørjeskjemaet, der han avviste all bruk av prepropriell artikkel. Ved gjennomlytting er det liten tvil om at han bruker namn berre utan prepropriell artikkel. Også voss_02uk bruker namn utan prepropriell artikkel, sjølv om ho også ved eitt høve ser ut til å bruke prepropriell artikkel:

- (130) menn **ho F3** se kkje e so mykkje te

(NDC, voss_02uk)

Det kan sjølvsagt seiast å vere underleg at ho berre bruker prepropriell artikkel éin gong i søkeresultata, men eg meiner tydeleg å høyre artikkelen når eg lyttar til dømet. I tillegg har informanten altså godkjent begge setningane i spørjeskjemaet, så ut frå dette er det naturleg at ho bruker artikkelen. Likevel er det ingen tvil om at namn utan prepropriell artikkel også er ein naturleg konstruksjon for henne.

Blant dei to eldre informantane finn vi to treff på etternamn utan prepropriell artikkel:

- (131) dann ee # tommte te so **E1** hadde ælle so no e

(NDC, voss_03gm)

Eg viste i (123) at det som tilsynelatande var ein prepropriell artikkel ved etternamn viste seg å vere ein PDD (sjå 2.2.2). Det er små tal eg har å gå ut frå, men all informasjonen frå søket mitt tyder på at ein ikkje bruker prepropriell artikkel ved etternamn i Voss.

Når det gjeld førenamn utan prepropriell artikkel hos dei eldre informantane, stiller saka seg noko annleis. I lista over treff på namn utan prepropriell artikkel, er det 7 treff som ser ut til å dreie seg om førenamn utan prepropriell artikkel hos dei eldre informantane. Til saman er det snakk om tre ulike namnekodar; M4, M5 og M6, og 5 av dei 7 treffa er på M6. Då eg lytta til desse treffa, viste det seg at både M4 og M6, trass i kodane deira, står for etternamn. Her har transkribøren anten misforstått eller høyrt feil. M5 greidde eg ikkje å kjenne att som verken førenamn eller etternamn, så her har vi med eit tvilstilfelle å gjere. Dermed fann eg blant dei eldre informantane ingen klare døme på førenamn utan prepropriell

artikkel, samstundes som dette styrker hypotesen om at prepropriell artikkel ikkje blir brukt ved etternamn.

4.4.4 Ulikskapar mellom eldre og yngre

Vi såg at den unge mannen i Voss, som den einaste her, ikkje godkjende nokon av setningane med prepropriell artikkel i spørjeskjemaet. Dette ser ut til å vere ei rett vurdering av eige språk, for i søkeresultata fann eg heller ingen tilfelle der voss_01um brukte prepropriell artikkel. I søket på namn utan prepropriell artikkel var derimot denne informanten godt representert. Også den unge kvinnen er best representert i lista over treff på namn utan prepropriell artikkel, sjølv om ho som vist i 4.2.2.1 også bruker prepropriell artikkel ved eitt høve, og godkjenner prepropriell artikkel i NSJD.

Når vi ser på omsetjingsskjemaet, ser vi at dei to eldre informantane i stor grad har inkludert prepropriell artikkel i setningane som inneheld personnamn. voss_02uk har oftare utelate den preproprielle artikkelen i omsetjinga:

(132) **Har du sett håret til Per?**

voss_02uk : Ha(r) du sett haore te Per?

voss_03gm : Ha du sett haore te'an Per?

voss_04gk : Ha du sett haore te han Per?

Men også voss_02uk bruker ved eitt høve prepropriell artikkel i omsetjinga:

(133) **Har du sett far til Per?**

voss_02uk : Ha(r) du sett far te (h)an Per?

Denne tendensen stemmer godt med informasjonen eg fekk ved søk i korpuset. Det fanst døme på at voss_02uk brukte prepropriell artikkel, men dei fleste gongane ho nemnde eit personnamn, var det utan den preproprielle artikkelen.

Dei to eldre informantane er som nemnt meir konsekvente i bruken av prepropriell artikkel, sjølv om det også finst eit døme der voss_04gk omset setninga *Har du sett Per sin katt?* med personnamn utan å ta med prepropriell artikkel:

- (134) a. voss_03gm : **Ha du sett han Per sin katt?**
 b. voss_04gk : **Ha du sett Per sin katt?**

Slike omsetjingsoppgåver krev mykje av informantane. Det er sjølvsagt enkelt å «bli blind» på si eiga språkkjensle når ein utfører slike oppgåver. Det er truleg heller ikkje personnamnet som er i fokus når informantane skal omsetje denne setninga. At informanten utelet prepropriell artikkel i tilfelle som dette, vurderer eg ikkje som eit argument for at ho ikkje bruker prepropriell artikkel. Derimot meiner eg det sterkt indikerer at prepropriell artikkel er obligatorisk for informantane når dei omset setningar som inneheld personnamn *med* prepropriell artikkel, sjølv oppgåva ikkje gir nokon instruks om dette.

Alt i alt ser det ut til å vere eit markant skilje mellom dei eldre og dei yngre informantane i Voss. Dette kan tyde på at det er ei språkendring i emning her. Dei eldre informantane er nokså konsekvente når det gjeld bruken av prepropriell artikkel ved førenamn. Eg fann ingen utvetydige døme på tilfelle der dei *ikkje* brukar prepropriell artikkel. For dei to yngre informantane, derimot, er det ut frå tala å dømme langt vanlegare å ikkje bruke den preproprielle artikkelen enn å faktisk bruke han, sjølv om voss_02uk både i korpuset og i omsetjinga bruker prepropriell artikkel ved einskilde høve.

4.4.5 H-genitiv

Ved søk i korpuset på *hans/hennes* + substantiv fekk eg ingen treff i Voss. Det er såleis ingen døme på h-genitiv her. I omsetjingsskjemaet har likevel alle dei tre informantane som har levert skjemaet, godkjent denne konstruksjonen:

- (135) Har du sett katten hans Per?
 voss_02uk: **Har du sett kattn hans Per?**
 voss_03gm: **Ha du sett katten hans Per?**
 voss_04gk: **Ha du sett katten hans Per?**

- (136) Har du sett den svarte katten hans Per?
- voss_02uk: **Ha(r) du sett dan svarte kattn hans Per?**
- voss_03gm: **Ha du sett dan svarte katten hans Per?**
- voss_04gk: **Ha du sett dan svarte katten hans Per?**

voss_04gk omset også andre genitivkonstruksjonar med h-genitiv ved fleire høve:

- (137) a. Har du sett Pers katt?
voss_04gk: Ha du sett katten hans Per?
- b. Har du sett katten til Per?
voss_04gk: Ha du sett katten hans Per?
- c. Har du sett far til Per?
voss_04gk: Ha du sett far hans Per?
- d. Har du sett Pers hår?
voss_04gk: Ha du sett haore hans Per?

Også voss_03gm omset andre konstruksjonar med h-genitiv:

- (138) Har du sett Per hans katt?
voss_03gm : Ha du sett katten hans Per

Det finst ikkje data frå voss_01um i størsteparten av omsetjingsskjemaet. Det verkar som begge dei to eldre informantane oppfattar h-genitiv som ein akseptabel konstruksjon. At dei også vel denne konstruksjonen som omsetjing for andre konstruksjonar som uttrykker eigedomstilhøve, tyder dessutan på at dette er ein konstruksjon informantane sjølv bruker. voss_02uk godkjenner også konstruksjonen, men bruker han ikkje aktivt i omsetjinga på same måte som voss_03gm og voss_04gk. Dei konstruksjonane som kjennest framande for voss_04gk omset ho ikkje i det heile teke, men let feltet stå tomt. Dette treng sjølvsagt ikkje tyde at h-genitiven er meir framand for henne enn for dei to eldre informantane. Ein kan uansett gå ut frå at begge dei to eldre informantane bruker denne konstruksjonen.

4.4.5.1 Prepropriell artikkel i andre eigedomskonstruksjonar

Av andre typar genitivskonstruksjonar fekk eg tre treff av denne typen. To av treffa stammar frå voss_01um:

- (139) da he eg sætt # på **fæmmtiårsdagen te M4**
 (NDC, voss_01um)

Her ser vi at prepropriell artikkel ikkje er brukt. Dette er ikkje uventa ettersom informanten som snakkar har oppgitt å ikkje bruke prepropriell artikkel i dialekten sin. Den eldre mannen bruker også denne konstruksjonen, tilsynelatande utan prepropriell artikkel.

- (140) e ser # inn p inn i **ståvo te M6** ifrå kontore mitt
 (NDC, voss_03gm)

Likevel veit vi frå 4.4.3 at M6 i denne samtalen står for eit etternamn, grunna transkripsjonsfeil. Dermed er det ikkje å vente at det skal vere ein prepropriell artikkel her.

Eg fekk ingen treff på den same konstruksjonen *med* prepropriell artikkel i korpuset. voss_03gm bruker likevel ein slik konstruksjon i omsetjingsskjemaet, som omsetjing av fleire ulike fraser som tydelegvis strid mot språkkjensla til denne informanten, som i (141):

- (141) Har du sett katt til Per?
 voss_03gm: **Ha du sett katten te'an Per?**

Eg fekk heller ingen treff på genitivskonstruksjonar med possessivet *si* eller *sin* i korpuset, men også denne er representert i omsetjingsskjemaet:

- (142) Har du sett Per sin katt?
 voss_03gm : **Ha du sett han Per sin katt?**
 voss_04gk : **Ha du sett Per sin katt?**

voss_04gk omset denne konstruksjonen utan prepropriell artikkel, medan voss_03gm inkluderer den preproprielle artikkelen i si omsetjing. Desse to informantane har tidlegare brukt h-genitiv som omsetjing for genitivkonstruksjonar som kjennest framande, og det er grunn til å tru at dei ville gjort det same her, dersom garpegenitiven ikkje var brukbar for dei.

4.4.6 Oppsummerande tabell for Voss

Tabell 4.3 oppsummerer resultata i Voss, på same måte som tabellane for Kvæfjord og Gausdal.

	Voss
Distribusjon	
Prepropriell artikkel ved førenamn	+
Prepropriell artikkel ved etternamn	?
Prepropriell artikkel ved slektskapsord	+
Prepropriell artikkel ved kjendisnamn	?
Prepropriell artikkel ved dyrenamn	?
Negativ distribusjon	
Namngivingskonstruksjon	?
Predikativ	?
Vokativ	?
Metabruk av namn	?
Modifiserte namn	?
Andre situasjonar med namn utan prepropriell artikkel	+
Språkendring	
Systematisk ulikskap mellom yngre og eldre	+
Uttrykksmåtar for genitiv	
H-genitiv	+
Andre måtar å uttrykke eigedomstilhøve på	+

Tabell 4.3

Det er stor ulikskap mellom dei eldre og dei yngre informantane i Voss. Dei eldre informantane bruker prepropriell artikkel ved førenamn, men av dei yngre informantane er det berre kvinna som har prepropriell artikkel, og ho vekslar i tillegg mellom å bruke og å ikkje bruke prepropriell artikkel ved førenamn. Dei eldre informantane er konsekvente med bruk av

prepropriell artikkel, og bruker artikkelen også ved slektskapsord, men det ser ikkje ut til at han er i bruk ved etternamn. Eg fann ingen døme på verken namngivingskonstruksjonar, predikativ, vokativ eller metabruk av namn, og kan såleis ikkje trekke nokon kunklusjonar angåande dette. H-genitiv er i allfall ein akseptert måte å uttrykke eigedomstilhøve på for dei informantane som godkjenner bruk av prepropriell artikkel, medan eg manglar informasjon om dette for den siste informanten.

4.5 Oppsummering av resultata i Kvæfjord, Gausdal og Voss

I denne delen tek eg utgangspunkt i dei tala eg først kom fram til i alle dei tre dialektane (sjå punkt 4.2, 4.3 og 4.4). Undervegs i kapitlet har eg kommentert ein god del døme som burde vore med i desse resultata, men som ikkje har kome med i søket grunna t.d. feil i transkripsjon eller tagging. Eg valte likevel ikkje å føye desse resultata til lista. Det er utvilsamt mange fleire liknande tilfelle som eg ikkje har oppdaga, og talet vil dermed vere unøyaktig uansett. Føremålet med denne oppgåva er heller ikkje å gi ei nøyaktig kvantitativ framstilling av bruken av preproprielle artiklar. Eg går ut frå at tala eg kom fram til i første omgang illustrerer situasjonen i dei ulike dialektane på ein tilfredsstillande måte.

Dei tre opptaksstadene er samanliknbare når det gjeld tal på informantar og kor mange ord informantane ytrar. Gausdal skil seg frå Kvæfjord og Voss når det gjeld alders-og kjønnsfordelinga av informantar, med to yngre menn og to eldre kvinner. Dei to andre stadene har, i tråd med NorDiaSyn-normalen, ein yngre mann og ei yngre kvinne, og ein eldre mann og ei eldre kvinne.

I alle dei tre dialektane er den preproprielle artikkelen samanfallande med personleg pronomen 3. person eintal. I Gausdal er det markert skilnad på trykklett og trykktung realisering av pronomena, og her får den preproprielle artikkelen same form som det trykklette pronomenet. I Gausdal fann eg også døme på prepropriell artikkel i dativ.

Tabell 4.4 gir ei oversikt over data frå dei tre dialektane. K står for Kvæfjord, G står for Gausdal og V står for Voss. Westby er ikkje eit hovudfokus i denne oppgåva, men samstundes såg vi endringar mellom dialekten i Gausdal og dialekten i Westby. Eg har difor også ført opp (W) i tabellen. Når bokstavane manglar, tyder det at eg ikkje har fått stadfestat det aktuelle språkdraget eller fenomenet for dialekten.

	Målepunkt
Distribusjon	
Prepropriell artikkel ved førenamn	K, G, V (W)
Prepropriell artikkel ved etternamn	K (W)
Prepropriell artikkel ved slektskapsord	K, G, V (W)
Prepropriell artikkel ved kjendisnamn	K
Prepropriell artikkel ved dyrenamn	K
Negativ distribusjon	
Namngivingskonstruksjon	
Predikativ	K (W)
Vokativ	G
Metabruk av namn	K, G (W?)
Modifiserte namn	K, G (W)
Andre situasjoner med namn utan prepropriell artikkel	K
Språkendring	
Systematisk ulikskap mellom yngre og eldre	V
Uttrykksmåte for genitiv	
H-genitiv	K, G, V (W)
Andre måtar å uttrykke eigedomstilhøve på	K, V

Tabell 4.4

Når det gjeld svar på spørjeskjema, var informantane i Kvæfjord og informantane i Gausdal på linje, og godkjende prepropriell artikkel både ved namn på personar dei sjølv kjenner, og ved namn på kjendisar. I Voss var det større usemje mellom informantane. Medan begge kvinnene godtok begge setningane, oppgav den eldre mannen at han ikkje vurderte *han Elvis Presley* som ein god konstruksjon. Den yngre mannen oppgav – overraskande nok – at han ikkje godkjente bruk av prepropriell artikkel i det heile.

I korpuset er Kvæfjord den staden som utmerkar seg når det gjeld reine tal – her var det snakk om dobbelt så mange treff på prepropriell artikkel som i Gausdal. Til saman fann eg 117 treff på prepropriell artikkel i Kvæfjord. Mangfaldet var stort – her er det prepropriell artikkel i samband med førenamn, etternamn, slektskapsord, dyrenamn og kjendisnamn. I Gausdal var det færre treff, og mindre mangfold. Her fekk eg 48 treff på prepropriell artikkel. Dei aller fleste av desse fann stad ved førenamn, og nokre ved slektskapsord. I Gausdal var det ingen døme på prepropriell artikkel ved etternamn, på kjende personar eller dyr. Hos informantane i Voss fekk eg færrest treff på prepropriell artikkel. Her var det berre 13 døme

på prepropriell artikkel i korpuset. Eg fann døme på prepropriell artikkel ved førenamn, slektskapsord og kjende personar, men ikkje ved etternamn eller dyrenamn.

Voss er også den einaste staden med eit markant skilnad mellom dei unge og dei eldre informantane. Den unge mannen avviser i spørjeskjemaet all bruk av prepropriell bruk i dialekten sin, og han er også fråverande på lista over preproprielle artiklar frå korpuset. Den unge kvinnen er representert med berre eitt treff, sjølv om ho godkjener bruk av prepropriell artikkel i spørjeskjemaet. Begge desse to er også representerte i statistikken over namn utan prepropriell artikkel. Dei eldre informantane ser ut til å vere svært konsekvente i bruken av preproprielle artiklar – eg fann ingen klåre døme på at dei eldre informantane i Voss ikkje brukte prepropriell artikkel. I Kvæfjord og Gausdal ser det ikkje ut til å vere nokon vesentleg skilnad på dei eldre og dei yngre informantane og bruk av prepropriell artikkel.

Det er også interessant at dei eldre informantane i Voss ser ut til å vere meir konsekvente enn informantane i Kvæfjord, særleg når ein ser på korleis informantane dei ulike stadene rapporterer sin eigen språkbruk i spørjeskjemaet. I Kvæfjord gav begge dei to informantane beste karakter til begge setningane som testa prepropriell artikkel. Det same gjorde voss_04gk, medan voss_03gm berre godkjende prepropriell artikkel i samband med namn på personar han sjølv kjenner. Også når ein tek med i betraktinga at dei yngre informantane i Voss slett ikkje er konsekvente i bruken av prepropriell artikkel, men droppar artikkelen det meste av tida, er det interessant at dei eldre informantane ser ut til å vere heilt stødige. Ein kan ikkje seie at prepropriell artikkel ved førenamn er obligatorisk i Voss når ein ser målepunktet under eitt, men det verkar som om artikkelen er obligatorisk for dei eldre. Også for informantane i Gausdal ser den preproprielle artikkelen ut til å vere obligatorisk ved førenamn. Her fann eg berre eitt døme på namn utan prepropriell artikkel. I Kvæfjord bruker ein prepropriell artikkel ved både førenamn og etternamn, men det var altså her informantane var mest inkonsekvente i bruken av prepropriell artikkel.

Informantane frå Westby i Wisconsin stammar frå Gudbrandsdalen. Familiane deira kom til USA i siste halvdel av 1800-talet, og alle dei tre informantane er fødde og vaksne opp i Westby og har lært norsk heime. Prepropriell artikkel ser ut til å ha halde seg svært godt i norsk her, trass i at majoritetsspråket i området, engelsk, ikkje har dette draget.

Namn utan prepropriell artikkel fann eg når namna var bøygd med vanleg bestemt, suffigert artikkel eller i fleirtal, eller var modifiserte med adjektiv. Dette fann eg døme på i Kvæfjord og blant dei amerikanske informantane. Ifølge teorien eg presenterte i kapittel 2, skal namn også stå utan artikkel i namngivingskonstruksjonar, predikativ eller vokativ.

Namngivingskonstruksjonar fann eg ingen døme på i materialet mitt, men både i Kvæfjord og i Westby fann eg namn brukt predikativt. I Gausdal fann eg det einaste dømet på vokativ i materialet. Alle namna i predikativ eller vokativ var, som venta, utan prepropriell artikkel.

I Kvæfjord blir både h-genitiv og andre uttrykksmåtar for genitiv med personnamn – då med prepropriell artikkel – brukte om kvarandre. I Gausdal fekk eg ingen treff i korpuset på nokon av genitivskonstruksjonane, og måtte stø meg på informasjonen i omsetjingsskjemaet. Her er alle informantane eintydige på at h-genitiv er den einaste moglege måten å uttrykke genitiv på når frasen inneheld eit personnamn. I Voss fekk eg heller ingen treff på h-genitiv i korpuset, men tre av informantane godkjenner denne konstruksjonen i omsetjingsskjemaet. Også andre typar genitivskonstruksjonar blir brukt i omsetjingane. Her varierer det om informantane bruker prepropriell artikkel eller ikkje. Den fjerde informanten, som er den same som avviser bruk av prepropriell artikkel i vurderingsdatabasen, mangla det informasjon frå i omsetjingsskjemaet.

Heile vegen har eg kommentert ressursane eg har brukt; korpuset, vurderingsdatabasen og omsetjingsskjemaet. Trass i ein del utfordringar konkluderer eg med at desse ressursane, ikkje minst dialektkorpuset, som har vore hovudressursen min, er svært nyttige verkty for dialektforsking. Det kan vere vanskeleg å få eksakte tal ved søk i korpuset, grunna transkripsjonsfeil og feil i tagging. Likevel er det grunn til å tru at korpuset kjem til å bli meir nøyaktig, ettersom både transkripsjonen og tagginga vil bli korrekturlese i framtida. Så lenge målet ikkje er å gi korrekte kvantitative framstillingar, vil unøyaktige tal sjeldan vere avgjerande for kvaliteten i ein studie. Når ein, som eg, bruker desse ressursane snarare for å illustrere enn for å telje nøyaktig, er resultata etter mitt syn tilfredsstillande. For dialektforskantar med tilsvarande mål vil nytteverdien truleg vere langt større enn utfordringane ved å bruke NorDiaSyn-ressursane.

5 Oppsummering og konklusjon

Det er kjent at prepropriell artikkel finst i mange norske dialektar, hovudsakleg i Nord-Noreg, Midt-Noreg, Nordvestlandet og Austlandet. Artikkelen manglar i Telemark, Vestfold, på Sørlandet og på Sørvestlandet. Den preproprielle artikkelen fell formmessig saman med trykklett personleg pronomen, 3. person eintal, men blir brukt føre personnamn som ein bestemmande artikkel. I målprøver er den preproprielle artikkelen ofte dokumentert, medan han er langt mindre skildra i øvrige delar av dialektlitteraturen, noko som kan skuldast at denne greina av lingvistikken har konsentrert seg mest om ordtilfang og lydlege variasjonar, og langt mindre om syntaktiske fenomen.

Ettersom den preproprielle artikkelen er så mangefullt handsama i litteraturen, ønskta eg å kartlegge bruken av artikkelen i tre norske dialektar: Kvæfjord-, Gausdals- og Vossadialekten. Eg ville undersøke dei formmessige sidene ved den preproprielle artikkelen, distribusjonen artikkelen har dei ulike stadene, og moglege språkendringar.

Vi veit at den preproprielle artikkelen når han blir brukt, alltid kan stå til førenamn. Eg ønskta i tillegg å undersøke om artikkelen kan brukast ved andre namn, som etternamn, namn på personar talarane ikkje sjølv kjente, slektskapsord som fungerer som namn, og eventuelle andre førekommstar av namn i materialet. Eg ville også undersøke eventuelle døme på namn utan prepropriell artikkel. I tillegg ville eg finne ut om det fanst ulikskapar mellom eldre og yngre informantar.

H-genitivskonstruksjonen har gjerne blitt forstått som prepropriell artikkel i genitiv, sjølv om dette synet kan problematiserast. Eg ønskta difor også å finne ut om informantane i Kvæfjord, Gausdal og Voss brukte h-genitiv.

I tillegg til desse konkrete forskingsmåla, var det også naturleg å vurdere om ressursane eg har brukt i arbeidet, Nordisk dialektkorpus, vurderingsdatabasen og omsetjingsskjemaet, alle knytt til NorDiaSyn-prosjektet, har vore tilfredsstillande. Dette er nye ressursar, framleis under oppbygging, og det er til no lite forsking som har blitt utført ved hjelp av dei.

Ikkje uventa fann eg at prepropriell artikkel kan brukast ved førenamn i alle dialektane, og at den preproprielle artikkelen er samanfallande med personleg pronomen 3. person eintal alle stadene, men eg har også gjort nokre oppsiktsvekkande funn. Dette tyder på at det er naudsynt med vidare forsking på dette emnet. I dette kapitlet oppsummerer eg

resultata og presenterer nokre konklusjonar. I tillegg foreslår eg nokre moment som bør belysast i framtidig forsking.

5.1 Oppsummering

I kapittel 2 tok eg for meg teori rundt den preproprielle artikkelen, generell teori som handlar om proprium og artiklar, og den grammatiske statusen til proprium. I tillegg såg vi på ein måte å uttrykke eigedomstilhøve på, h-genitiv, som ofte har blitt sett på som genitivsmotparten til prepropriell artikkel.

Den preproprielle artikkelen er svært mangefullt skildra i dialektlitteraturen. I berre eit fåtal av bøkene eg undersøkte var det mogleg å finne informasjon om artikkelen i det heile. I dei fleste tilfella der den preproprielle artikkelen er representert i litteraturen, dreier deg seg om transkriberte målprøver der talaren bruker prepropriell artikkel. I dei aller fleste tilfella er ikkje fenomenet skildra noko utover dette. Nokre forfattarar har likevel nemnt den preproprielle artikkelen i avsnitt om personlege pronomen, men få av desse poengterer at bruken av prepropriell artikkel skil seg frå bruken av trykklette personlege pronomen i 3. person eintal. Det finst også, om enn svært få, døme på at forfattarar har skildra fenomenet prepropriell artikkel som eit eige tema. Sjølv termen *prepropriell artikkel* er ikkje brukt, men det er tydeleg at denne artikkelen, sjølv om han har same form som personleg pronomen 3. person eintal, blir vurdert som ei form for bestemmar, knytt til personnamn. Eg meiner det er rimeleg å klassifisere den preproprielle artikkelen som eit determinativ, ikkje som eit pronomenn, på bakgrunn av den syntaktiske funksjonen han har.

Vi såg også at den grammatiske statusen til proprium kan diskuterast. Sjølv om proprium stort sett blir rekna som ei underklasse av substantiv, er det mykje som skil proprium frå appellativ. Mange av språkdraga som skil proprium og appellativ, har proprium til felles med pronomenn.

Det blir hevda at namn i argumentposisjon er bestemte, også i språk som ikkje bruker bestemt artikkel ved proprium. I dialektar med prepropriell artikkel, vil ein sjå denne artikkelen nettopp ved namn i argumentposisjon. Ved vokativ, predikativ, namngivingskonstruksjonar vil prepropriell artikkel ikkje bli brukt. Dersom namn blir bøygde eller modifiserte, oppfører dei seg som appellativ, og vil dermed ikkje få prepropriell artikkel.

Lars-Olof Delsing har diskutert den såkalla h-genitiven (*katten hans Per*), og problematiserer det rådande synet om at det er snakk om ein prepropriell artikkel i genitiv.

Delsing meiner i staden det er rimeleg å anta at h-genitiv er ein konstruksjon med eit vanleg possessivt pronom. Han vedgår likevel at det er problematisk at h-genitiv, i motsetnad til t.d. garpegenitiv, berre kan nyttast i samband med personnamn.

I kapittel 3 presenterte eg dei tre ulike ressursane eg har brukt; Nordisk dialektkorpus, vurderingsdatabasen og omsetjingsskjemaet. Eg viste korleis eg brukte dei ulike ressursane for å finne fram til dialektane eg ville undersøke, og korleis eg brukte dei for å finne fram til resultata eg gjekk ut frå i kapittel 4. Eg gjekk også gjennom svakheitene ved desse ressursane, og moglege metodiske problem. I tillegg til dei tre dialektane i Kvæfjord, Gausdal og Voss, har eg ved hjelp av opptak frå Wisconsin undersøkt bruken av prepropriell artikkel også hos informantar i Westby. Desse informantane har røter i Gudbrandsdalen.

I kapittel 4 gjennomgjekk eg søkeresultata frå korpuset, i tillegg til informasjon frå vurderingsdatabasen og omsetjingsskjemaet, for dialektane i Kvæfjord, Gausdal og Voss. Den preproprielle artikkelen har same form som det personlege pronomen 3. person eintal alle stadene. I Gausdal fann eg prepropriell artikkel i dativ hos den eldre kvinna.

Alle dei tre dialektane har, som venta, prepropriell artikkel ved førenamn. Alle stadene fann eg også døme på prepropriell artikkel ved slektskapsord. I Kvæfjord og truleg også i Westby – men ikkje i dagens Gausdals-dialekt – kan ein i tillegg bruke prepropriell artikkel ved etternamn. I Voss fann eg heller ikkje døme på slik bruk. Enkelte stader kan ein bruke prepropriell artikkel ikkje berre ved namn på personar ein kjenner personleg, men også ved namn på kjendisar eller offentlege personar. I Kvæfjord fann eg denne bruksmåten representert ved at dei unge representantane brukte prepropriell artikkel når dei snakka om fiktive filmkarakterar. Denne bruken fekk eg verken avkrefta eller stadfesta ved å studere materialet frå Voss og Gausdal, men begge desse stadene godkjener iallfall nokre av informantane slik bruk gjennom spørjeskjemaet.

I Kvæfjord fann eg også at informantane brukte prepropriell artikkel ved dyrenamn. Denne bruken fekk eg heller verken stadfesta eller avkrefta dei andre stadene, men slik bruk av namneartikkel har blitt påvist i andre språk.

Proprium fungerer syntaktisk først og fremst som argument, men kan også bli brukt i predikativ og vokativ. Eg fann berre eitt eksempel på vokativ, men fleire døme på namn i predikativ i materialet mitt. Ein type metaspråk, som eg ikkje fann omtala i litteraturen, går på t.d. *uttale* av namn. Denne typen metabruk av namn fann eg døme på i Kvæfjord, og i tillegg kan det verke som om det fleire stader er snakk om *nemning*, ikkje *bruk* av namn når vi ser namn utan prepropriell artikkel i materialet, også hos informantane i Westby. Det er likevel

ikkje alltid enkelt å få tak på denne bruken av namn i ei slik undersøking eg har gjort.

Når namn er modifiserte med t.d. adjektiv, eller får normal, suffigert artikkel, fungerer dei som appellativ. Også slektskapsord kan modifiserast og miste namnelikskapen sin på denne måten. Dette fann eg også døme på i materialet mitt.

I Kvæfjord fann eg overraskande mange namn utan prepropriell artikkel som ikke kom inn under nokon av kategoriane ovanfor. I tillegg til ein god del tvilstilfelle der det etter mi vurdering ikke var mogleg å høyre om det var ein prepropriell artikkel føre namnet, talde eg i alt 13 døme på namn utan prepropriell artikkel.

I materialet frå Voss fann eg sterke indikasjonar på at den preproprielle artikkelen er på veg ut av språket. Begge dei eldre informantane bruker artikkelen konsekvent, medan dei yngste informantane nesten ikke bruker prepropriell artikkel. Voss ligg ikke langt frå Bergen, og er utsett for regionalisering, og vossamålet er i endring på fleire område. Eit språkleg fenomen som skarring og korleis skarring breier om seg, er nokså godt dokumentert. Blant mine informantar var det berre den eldre kvinnen som hadde rulle-r. Dette er som venta ut frå det ein veit om utviklinga til skarre-r og rulle-r. Etter det eg er kjent med, er det aldri nemnt at prepropriell artikkel også er eit språkdrag som forsvinn i Voss, sjølv om det er kjent at artikkelen forsvann frå Oslo-dialekten for nokre tiår sidan (Johannessen 2008:73). Medan eg ikke fann noko system i namna utan prepropriell i Kvæfjord, stamma alle førenamna utan prepropriell artikkel i Voss frå dei yngre informantane, noko som gjer den høge forekomsta av namn utan prepropriell artikkel meir forståelig her enn i Kvæfjord.

Som ein kontrast til språkendringa i Voss, fann eg ut at den preproprielle artikkelen ser ut til å vere godt bevart i dialekten til etterkommarane etter dei norske innvandrarane i Westby. Det norske språket her har naturlegvis endra seg på svært mange måtar, men bruken av prepropriell artikkel ser ut til å vere uendra. Det er sjølvsagt snakk om svært ulike språkendringsprosessar i Voss og Westby. Vossamålet er utsett for påverking frå bergensdialekten, og her er det regionalisering som går føre seg. Det norske språket i Westby er derimot eit minoritetsspråk som blir utsett for påverknad frå eit majoritetsspråket engelsk, som er svært ulikt norsk.

I den grad eg fann skilnader i bruken av prepropriell artikkel i Gausdal og Westby, verka det faktisk som om den preproprielle artikkelen har fleire bruksområde i Westby enn i Gausdal. Medan informantane i Gausdal etter det eg kan sjå ikke ser ut til å bruke prepropriell artikkel ved etternamn, var dette eit trekk eg fann fleire døme på hos informantane frå Westby. Dette kan tyde på at det har gått føre seg ei språkendring anten i

Gausdal eller i Westby. Ein kan tenke seg at dialekten i Gudbrandsdalen tillet prepropriell artikkel ved etternamn på tidspunktet då utvandringa til Amerika fann stad, og at dette har halde seg i USA, medan ein i Gausdal har gått over til å bruke prepropriell artikkel berre ved førenamn. Alternativt kan prepropriell artikkel ved førenamn ha vore den einaste bruksmåten for prepropriell artikkel ved utvandringstidspunktet. I så fall må dei amerikanske informantane på eit seinare tidspunkt ha utvida bruken av prepropriell artikkel til å gjelde også etternamn.

Det viste seg å vere vanskeleg å finne døme på genitivsfraser i korpuset. Eg fann eit par døme på h-genitiv i Kvæfjord, men når det gjaldt Gausdal og Voss, måtte eg stø meg mykje på informantane sine eigne vurderingar av språket sitt, gjennom omsetjingsskjemaet. Alle informantane som oppgav å bruke prepropriell artikkel i NSJD, godkjente også h-genitiv i omsetjingsskjemaet. Det var berre éin av dei i alt 12 informantane som avviste prepropriell artikkel i spørjeskjemaet; voss_01um. Dessverre har ikkje denne informanten avgitt fullstendige svar på omsetjingsskjemaet, og eg manglar dermed data som gjeld bruk av h-genitiv for denne informanten.

5.2 Konklusjon

Etter å ha gått gjennom data frå informantane i Kvæfjord, Gausdal og Voss, samt informantane frå Westby, har eg fått eit klarare bilet av den preproprielle artikkelen i desse dialektane. Den preproprielle artikkelen har same form som personleg pronomen i 3. person eintal, i redusert form der det finst skilnad på trykklett og trykktung form av pronomenet. I Gausdal fann eg døme på prepropriell artikkel i dativ, men berre hos éin informant.

Det meste av litteraturen eg har funne som omhandlar proprium og artikkel, handlar ikkje om norsk spesifikt. Mellom andre Ora Matushansky, Giuseppe Longobardi og John M. Anderson har generalisert over tema som proprium og artiklar og tilhøvet mellom proprium og høvesvis appellativ og pronomen. Sjølv om desse språkforskarane ikkje har studert norsk språk inngåande sjølv, ser vi likevel at generaliseringane i stor grad gjeld også norske dialektar. Dette ser vi til dømes når det gjeld korleis proprium oppfører seg i argumentposisjon, i motsetnad til når dei er predikat eller brukte vokativt, og korleis modifiserte namn oppfører seg.

Slik eg ser det, er det naudsynt med vidare forsking om den preproprielle artikkelen si stilling i norske dialektar. Den preproprielle artikkelen ser ut til å vere obligatorisk for

informantane i Gausdal og dei eldre informantane i Voss, men eitt av dei mest overraskande funna eg gjorde, var at informantane i Kvæfjord slett ikkje var så konsekvente i bruken av prepropriell artikkel som eg hadde venta. Både dei eldre og dei yngre informantane bruker som regel artikkelen, ved både førenamn, etternamn, dyrenamn, slektskapsord og namn på fiktive personar, men likevel talde eg i alt 13 døme på namn brukt *utan* prepropriell artikkel, utan å finne noko mønster i dette. Dette inviterer til vidare forsking både på Kvæfjord-dialekten og andre dialektar i området.

Eit anna overraskande funn eg har gjort, er at den preproprielle artikkelen ser ut til å vere på veg ut av språket i Voss. Ein av dei unge informantane her brukte ikkje den preproprielle artikkelen i det heile. Den andre unge informanten oppgav i spørjeskjemaet å bruke artikkelen, men i realiteten brukte ho langt oftare namn *utan* prepropriell artikkel, medan dei eldre informantane var svært konsekvente i bruken av prepropriell artikkel.

Sjølv om den preproprielle artikkelen i norske dialektar må seiast å vere studert og skildra i liten grad, er det tydeleg at dette trekket ikkje har vore ukjent for forskarane. Bruken av prepropriell artikkel er t.d. skildra i dialektlitteratur frå 20-talet (sjå 2.4). Lars-Olof Delsing har kartlagt utbreiinga av den preproprielle artikkelen, mykje ved hjelp av materiale frå 1880-1930 (Delsing 2003a:14). Vi veit at artikkelen er gått ut av Oslo-dialekten, og etter det eg har funne ut, ser det altså også ut som han er på veg ut av vossamålet. Det ville etter mitt syn dermed vere svært interessant å undersøke bruken av prepropriell artikkel inngående i andre norske dialektar, særleg i område der ein veit at det går føre seg ei regionalisering av språket, som i Voss. Slike endringar vil ein naturlegvis ikkje kunne sjå så lenge bruken av prepropriell artikkel i beste fall er nemnt i litteraturen som ein parentes i omtalen av personlege pronomen, slik det for det meste har vore i norsk dialektlitteratur. Ein må sjå på det syntaktiske fenomenet prepropriell artikkel for å fange opp desse endringane.

Det vesle som finst av informasjon om prepropriell artikkel i norske dialektar frå før, kan i mange høve vise seg å vere utdatert. Berre ved å oppdatere forskinga i heile landet, vil ein kunne trekke opp gyldige isoglossar for dette språkdraget, noko språkendringa i Voss tydeleg illustrerer.

Ut frå resultata eg har fått ved å undersøke dialektane i Kvæfjord, Gausdal og Voss, kan h-genitiv absolutt vere ei form for prepropriell artikkel. Alle informantane som sjølve oppgir å bruke prepropriell artikkel, godkjenner også bruk av h-genitiv. I Gausdal ser h-genitiv ut til å vere den einaste genitivsforma som blir brukt ved personnamn, medan informantane i Voss og Kvæfjord oppgir å også kunne bruke andre måtar å uttrykke genitiv

med personnamn.

Dersom den unge, mannlege informanten i Voss skulle oppgi å kunne bruke h-genitiv utan å bruke prepropriell artikkel, ville det vere svært interessant. Av tidsomsyn hadde eg dessverre ikkje moglegheit til å undersøke dette nærmare. Dersom dette i tillegg skulle vise seg å vere eit mønster blant unge i Voss, ville det sjølvsagt vere eit argument for Delsing sin påstand om at h-genitiv *ikkje* er ei form for prepropriell artikkel. Også her må ein i så fall også undersøke andre dialektar der dei same språkendringsprosessane går føre seg.

I arbeidet med å kartlegge bruken av prepropriell artikkel i Kvæfjord, Gausdal og Voss møtte eg ulike utfordringar. Ein del av utfordringane stamma frå ressursane og metoden eg har brukt. Det viste seg mellom anna å vere vanskeleg å få fram dei nøyaktige søkeresultata eg ønskte i korpuset, grunna feil i transkripsjonen, feil tagging og tvilstilfelle. Eg trur likevel tala eg kom fram til illustrerer situasjonen på ein tilfredsstillande måte. Desse ressursane er lagt opp til å kunne brukast for så mange dialektforskjarar som mogleg, særleg tilrettelagt for syntaksforsking. Dermed kan det vere naudsynt for enkelte å byggje ut med eige feltarbeid eller anna for å avdekke dei språkdraga ein er interessert i på ein best mogleg måte. Likevel meiner eg at NorDyiaSyn-ressurssane kan legge eit svært godt grunnlag for mange språkforskjarar. Eg konkluderer dermed med at Nordisk dialektkorpus, vurderingsdatabasen og omsetjingsskjemaet alle kan vere svært nyttige ressursar i dialektforskinga.

Kjeldeliste

Anderson, John M. «On the Grammatical Status of Names». *Language - Volume 80*, Number 3, September 2004:435-474.

Bjørkum, Andreas. 1968. *Årdalsmål hjå eldre og yngre: ei utgreiing om formverket med eit tillegg om generasjonsskilnad i lydverk, ordbruk og formverk*. I kommisjon hos Jacob Dybwad. Oslo.

Brekke, Olga. 2000. *Saltendialekten: En grammatikk*. Skjerstad og Fauske bygdeboknemnd. Fauske.

Dagsgard, Asbjørn. 2006. *Målet i Lom og Skjåk: Grammatikk og ordliste*. Lom kommune og Skjåk kommune.

Dahl, Östen. 2007. *Grammaticalization in the North: Noun Phrase Morphosyntax in Scandinavian Vernaculars*. Preliminary version.

Tilgjengeleg frå http://www.ling.su.se/staff/oesten/downloads/Gram_north.pdf
(Lasta ned 18.11.2010)

Delsing, Lars-Olof. 2003a. «Syntaktisk variation i nordiska nominalfraser». Vangsnes, Øystein Alexander, Anders Holmberg og Lars-Olof Delsing. *Dialektsyntaktiska studier av den nordiska nominalfrasen*. Novus Forlag. Oslo. s. 11-64.

Delsing, Lars-Olof. 2003b. «Perifrastisk genitiv». Vangsnes, Øystein Alexander, Anders Holmberg og Lars-Olof Delsing. *Dialektsyntaktiska studier av den nordiska nominalfrasen*. Novus Forlag. s. 65-83.

Fitje, Audun. 1995. *Målføret i Gloppen*. Målførarkivet. Sandane.

Flatin, Tov. 1923. *Flesberg-maalet (Numedal)*. Studentmaallaget. Oslo.

Fyksen, Tora Kamstrup. 1997. *Någgå då huru. Fåbergmålet slik de ha vore*. Fåberg Historielag. Lillehammer.

Faarlund, Jan Terje. 2000. *Totenmålet*. Østre Toten kommune og Stiftelsen Toten økomuseum og historielag.

Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo. 2006. *Norsk referansegrammatikk*. 4. opplag. Universitetsforlaget. Oslo. 1. utgåve 1997.

Helleland, Botolv og Eric Papazian. 2005. *Norsk talemål. Lokal og sosial variasjon*. Høyskolelaget. Kristiansand.

Hunstadbråten, Kai. 1973. *Modumsmålet*. Norsk Målførarkiv. Oslo.

Iversen, Ragnvald. 1918. *Syntaksen i Tromsø bymaal: en kort oversikt*. Bymaals-laget. Kristiania.

Johannessen, Janne Bondi. 2008. «Psykologiske demonstrativer». *Språk i Oslo. Ny forskning omkring talespråk*. Novus Forlag. Oslo. s. 63-77.

Johannessen, Janne Bondi, Joel Priestley, Kristin Hagen, Tor Anders Åfarli og Øystein Alexander Vangsnes. 2009a. The Nordic Dialect Corpus - an Advanced ResearchTool. In Jokinen, Kristiina and Eckhard Bick (eds.): *Proceedings of the 17th Nordic Conference of Computational Linguistics NODALIDA 2009. NEALT Proceedings Series Volume*.

Johannessen, Janne Bondi, Kristin Hagen, Live Håberg, Signe Laake, Åshild Søfteland og Øystein Vangsnes. 2009b. *Transkripsjonsrettleiring for ScanDiaSyn*. Oslo.

Tilgjengeleg fra <http://www.tekstlab.uio.no/nota/scandiasyn/Transkripsjonsrettleiring%20for%20ScanDiaSyn.pdf>
(lasta ned 05.07.10)

Johannessen, Janne Bondi, Lars Nygaard, Joel Priestley og Anders Nøklestad. 2008. «Glossa: a Multilingual, Multimodal, Configurable User Interface». *Proceedings of the Sixth International Language Resources and Evaluation (LREC'08)*. Paris: European Language Resources Association (ELRA).

Juel, Gunnar. 1991. *Hovedrek av syntaksen i Kristiansund bymål*. Holm trykk. Kristiansund.

Larsen, A. B. 1907. *Kristiania bymål: vulgærsproget med henblik på den utvungne dagligtale*. Cammermeyer. Kristiania.

Larsen, Amund B. 1926. *Sognemålene*. I kommisjon hos Jacob Dybwad. Oslo.

- Longobardi, Giuseppe. 1994. «Reference and Proper Names: A Theory of N-Movement in. Syntax and Logical Form». *Linguistic Inquiry* 25. s. 609-665.
- Lyse, Petter. 1976. *Addved Tyrifjorden. Målføre og tradisjon fra Ringerike*. Universitetsforlaget, Oslo
- Matushansky, Ora. 2006. «Why Rose is the Rose». Olivier Bonami og Patricia Cabredo Hofherr, eds., *Empirical Issues in Formal Syntax and Semantics* 6. s. 285-308.
- Matushansky, Ora. 2008. «On the linguistic complexity of proper names». *Linguistics and Philosophy* 31/5. s. 573-627.
- NRG: sjå Faarlund et al. 2006.
- Skjekkeland, Martin. 2005. *Dialektar i Noreg. Tradisjon og fornying*. Høyskoleforlaget.
- Skulerud, Olai. 1926. *Utsyn over målet i Norderhov (Ringerike)*. Det Norske Videnskaps-Akademi i Oslo.
- Skulerud, Olai. 1927. *Utsyn over målføret i Ådal (Ringerike)*. Særtrykk av Festskrift til Hjalmar Falk. Skien.
- Sørli, Mikkel. 1943. *Hedalsmålet. Stutt utsyn over lyd- og formlæra med ei ordsamling*. John Griegs forlag. Bergen.
- Thórhallur Eyþórsson (University of Iceland), Janne Bondi Johannessen (University of Oslo), Signe Laake (University of Oslo) & Tor A. Áfarli (NTNU): Dative Case in Icelandic, Faroese and Norwegian: Preservation and non-preservation (Foredrag, NORMS Closing Seminar and the Comparative Germanic Syntax Workshop, 2010).
- Venås, Kjell. 1977. *Hallingmålet*. Det Norske Samlaget. Oslo.
- Vestad, Jon Peder: 2002. *Gausdalsmålet*. Gausdal dialekt- og mållag. 1. utgåve 1993.

Nettsider

ScanDiaSyn (besøkt 07.01.10):

<http://uit.no/scandiasyn>

NorDiaSyn (besøkt 07.01.10):

<http://www.tekstlab.uio.no/nota/NorDiaSyn/index.html>

NorAmDiaSyn (besøkt 15.03.10):

<http://www.tekstlab.uio.no/nota/NorDiaSyn/norskamerika.html>

Tabell over folketalet i kommunane i Troms (SSB) (besøkt 10.10.10):

<http://www.ssb.no/emner/02/01/10/folkemengde/tab-2010-03-11-20.html>

Tabell over folketalet i kommunane i Hordaland (SSB) (besøkt 10.10.10):

<http://www.ssb.no/emner/02/01/10/folkemengde/tab-2010-03-11-14.html>

Artikkelen om Gausdal i *Store norske leksikon* (besøkt 05.08.2010):

<http://www.snl.no/Gausdal>

Nordisk dialektkorpus (krev brukarnamn og passord) (besøkt 15.10.10):

<http://tekstlab.uio.no/glossa/html/?corpus=scandiasyn>

Nordic Syntactic Judgment Database (krev brukarnamn og passord) (besøkt 15.10.10):

<http://www.tekstlab.uio.no/scandiasyn/base>

Vedlegg 1: Utdrag frå spørjeskjemaet til NSJD

kan kun legges til på slutten av skjemaet. Se velleddningen i fanen nederst påarket.		Opptaksted -->	Opptaksted
Unike nr.		Informant nr. -->	1 2 3 4
Ordstilling i hv-spørsmål			
988	1 Hva du heter?	(bet.: Hva heter du?)	
17	2 Hvem som selger fiskeutstyr her i bygda, da?		
33	3 Når tid du gikk ut av ungdomsskolen, a?		
1228	4 Hvor mange elever som går på denne skolen?	(f.eks. ka tl)	
Propriælle artikler (3,4) og demonstrativer (5,6), STORE BOKSTAVER = trykk			
88	5 Jeg har et bilde av n ELVIS PRESLEY på veggen.		
90	6 Jeg har et bilde av n OLA på veggen.		
99	7 Dette stedet er fullt av rare personer. Husker du HAN TYPEN vi traff i går?		
100	8 Jeg liker ikke sånne selv gode programledere. Har du sett HAN TOMMY STEINE?		
Bindig og refleksiver			
103	9 Hun bad meg hjelpe seg.		
116	10 Folk leser vel bare de brevene som er til seg selv.		
122	11 Det som hender alle må en gang hende seg selv.		
123	12 Sin egen hund er alltid best.		
156	13 Regjeringen regner ikke med at forslaget sitt vil få flertall. (sitt = regjeringens)		
157	14 Regjeringen regner ikke med at forslaget deres/dens vil få flertall. (dens = regjeringens)		
1198	15 Man glemmer da ikke sin egen bursdag.		
1199	16 Man glemmer da ikke ens egen bursdag.		

Vedlegg 2: Søkeresultat Kvæfjord

INFORMANT	VENSTRE KONTEKST	TREFF	HØGRE KONTEKST
FØRENAMN			
kvaefjord_01um	æ hørrde	hann M1	sa de heile klassn dåkkesj va ute
kvaefjord_01um	ja de va ganske artti # fikk nu se	hann M2	frå ei ny sie
kvaefjord_02uk	ja hørrte	hann M1	sa de hann va heilt anna pæsjon
kvaefjord_01um	å så har ho de dær me att ee # nårr ho har nân kjølreeleva # så prate ho så jævli mykkje å kj å ho prate mykkje omm	hann M3	te dæ kannsje ? # mm
kvaefjord_01um	å så dreit em # innaførr va jo våkksne me å så va farn te	hann M5	me # å så såvvna hann # unner de dær # førre de varte jo djævelænnge
kvaefjord_02uk	far te	hann M5	?
kvaefjord_01um		hann M6	# ja
kvaefjord_01um		hann M7	sku fannge denn å så
kvaefjord_02uk	hæ sku	hann M7	fannge denn ?
kvaefjord_01um	tok nå	hann M7	før å # hann M8 # _ mottor
kvaefjord_01um	tok nå hann M7 før å #	hann M8	# _ mottor
kvaefjord_02uk		ho F6	
kvaefjord_01um		ho F6	

kvaefjord_01um	ja	ho F7	
kvaefjord_01um	* de va	n M11	ja
kvaefjord_02uk	m # du må få me dæ	hann M1	# oppi stalln
kvaefjord_02uk	allså # på gårn før de att	ho F7	_ F7 e heilt # på på knea etter hann # viss du sjønne ka e meine
kvaefjord_04gk	a	ann M1	
kvaefjord_03gm	ja å æ vill jo sei å så	hann M4	å hann M5
kvaefjord_03gm	ja å æ vill jo sei å så hann M4 å	hann M5	
kvaefjord_03gm	før ee æ kjennt ikkje	hann M3	_ # ja å så kåmm æg kæmm æg kåmm då førribi ?
kvaefjord_04gk	nei då kåmm du kje førribi nån før du kåmm te hann ee # før du kåmm te	hann M6	mænn hann va jo neffør bakken dær
kvaefjord_04gk	næi å s då kåmm du te	ann M7	
kvaefjord_03gm	ja mænn fôssjt for æ jo førbi hoss	hann M8	
kvaefjord_04gk	_ # M8 å	hann M9	# å hann i benn M10
kvaefjord_03gm	ja å da har du tok du me	hann M7	fôssjt
kvaefjord_04gk	å	hann M7	
kvaefjord_03gm	å	ho F1	eller hann M11 å ho F2
kvaefjord_03gm	å ho F1 eller	hann M11	å ho F2
kvaefjord_03gm	å ho F1 eller hann M11 å	ho F2	
kvaefjord_04gk	va	ho F2	# å så hann M12

kvaefjord_03gm	* å så	hann M12	
kvaefjord_04gk	ja # så bei de åsså	hann M14	
kvaefjord_03gm	å ikkje husske æ att	hann M17	heller bodde dær_inne
kvaefjord_04gk	fred de ee menn skräkkli å ikkje husske de att	hann M17	å ho # å ho F6
kvaefjord_04gk	fred de ee menn skräkkli å ikkje husske de att hann M17 å ho # å	ho F6	
kvaefjord_03gm	nei # ja du sa jo M3 omm	hann M3	åg
kvaefjord_04gk	ja æ trudde de att ho	o F6	dær_oppe ho sku heite # F6
kvaefjord_03gm	M21 å	ho F7	ja
kvaefjord_03gm	_ # å å # å så	hann M22	å ho F8
kvaefjord_03gm	_ # å å # å så hann M22 å	ho F8	
kvaefjord_03gm	ja # ja å ee å æ jikk jo på skoln nede på ee stabbure denn her fôssjte hoss hann E2 # så då bi de ennu måtte vi passere	hann M24	
kvaefjord_04gk	ja # _ ja # hann M24 æller	ho F9	
kvaefjord_04gk	ja menn de husske du no gått	ho F9	å hann M32
kvaefjord_03gm	æ husske	ho F9	ho bodde oppe i gårn åg før hann M5 byggde
kvaefjord_03gm	æ husske ho F9 ho bodde oppe i gårn åg før	hann M5	byggde
kvaefjord_03gm	nei fæmmåfæmmti	hann M25	va
kvaefjord_04gk	fällk på Håkkunn væit du	hann M1	di hadde en masse onnga

kvaefjord_03gm		hann M1	dær va de fæmm onnga trur æ
kvaefjord_03gm	sjøl omm vi ikkje ska snakke omm treddje pæsjon så kann nu vi snakk omm de att de var fæmm # onnga i huse menn de va jo få hoss hann # M4 å	ho F2	
kvaefjord_04gk	hann M26 e nu ællst å så e	hann M27	å så ee
kvaefjord_03gm		ho F11	å ja dæmm va jo fire
kvaefjord_04gk	*	ho F11	å
kvaefjord_04gk		o F10	di va fire # de va f # de va fire dær # å så va ha v hadde jo vi to på Håkk lann
kvaefjord_03gm	ja å så på Håkk å så hoss	hann M5	dær va de jo ha ee dæ va jo ællder alle menn ho
kvaefjord_03gm	* før dær hanng de hæsstesko på væggen så ee	han M31	kunne hive hæsstesko ætte dæmm
kvaefjord_03gm	å så roppt vi på	hann M26	fårr hann va litt ællder _ _ kann du kåmm å jælp åss _ _
kvaefjord_03gm	ja e tru æg ha hørrt omm de en gånnng de va hoss	hann M4	å ho F2 trur æg æller
kvaefjord_03gm	ja e tru æg ha hørrt omm de en gånnng de va hoss hann M4 å	ho F2	trur æg æller
kvaefjord_04gk	ja # hann oss	hann M31	oss hann em # far hass M31 # å hann va å hann
kvaefjord_04gk	hann va me opp å så # to å så hadde hann ee	hann M31	ee hann ann _ M31 hann hadde en # stor barrt
kvaefjord_04gk	va så mørrt tok di	hann M32	i barrtn å sleit _

kvaefjord_03gm	pappa va me æin gânng hoss	hann M13	åg fârr dær rammla ne låfftrappa har æ hørt
kvaefjord_03gm	ee di hadde jo nân såmm va ute sjøl åg	hann M29	va jo ækspærrt på julskåkka
kvaefjord_03gm	ee # hann M32 trur æ va en gânng hoss dæmm å	hann M29	va på en an plass # så vesste hann ee M32 de att di va lakkt sæg å så jikk hann inn
kvaefjord_03gm	å så sei	ho F14	_ e de du M29 _ sa ho _ # _ ja _ sa ann _ å så va de å # å hiv ifrå seg einekosstan å så renne
kvaefjord_03gm	ja menn æ veit	hann M29	å hann M32 # sku ditt å d hann M33 hadde # låst alle dørn
kvaefjord_03gm	ja menn æ veit hann M29 å	hann M32	# sku ditt å d hann M33 hadde # låst alle dørn
kvaefjord_03gm	ja menn æ veit hann M29 å hann M32 # sku ditt å d	hann M33	hadde # låst alle dørn
kvaefjord_03gm	hann sku på kjærestebesøk hann _ va kje de	hann M35	i ee # hann M35
kvaefjord_03gm	ja # nei nei hann ee nei ho ee ikkje	hann M35	nei hann # hann så blei jifft me ho em # sôsstra ho ee # F15
kvaefjord_04gk	de va	hann M36	ja
kvaefjord_04gk	M37 å	ho F16	va hann M37 såmm fikk mæ te å fare å # å å bestellte bilætt te mæ å æ måtte bærre kåmm mæ av_gåre
kvaefjord_04gk	M37 å ho F16 va	hann M37	såmm fikk mæ te å fare å # å å bestellte bilætt te mæ å æ måtte bærre kåmm mæ av_gåre
kvaefjord_04gk	ee uff ka de e	hann M38	ee _ linng n uff ko de e no hann

			heite # E3 M38
kvaefjord_04gk	næi æ føsjo de ho hadde nu sport	hann M39	næi nå ikkje hann resste nårr kona levvde så sku hann kje reise nu
kvaefjord_04gk	jøu	hann M40	# va hann M40 de va ifrå ee Væssterålns sällskap # hann M40 kjørte
kvaefjord_04gk	jøu hann M40 # va	hann M40	de va ifrå ee Væssterålns sällskap # hann M40 kjørte
kvaefjord_03gm	ja # ja # næi vi va jo en tur i # då dåkker var å m i_lag me	hann M41	på besök hoss åss i # Tyssklann en sommar
kvaefjord_04gk	de e då vi hadde	hann M43	me
kvaefjord_04gk	æ husske så gått att hann far dinn å	hann M42	di drakk trur æ # to flasske vin å
kvaefjord_04gk	æ slæpp _ æ f # æ føllt	hann M44	ne på kaia hann sku reise f sør å fesske # i januar
kvaefjord_04gk		hann M25	blei føtt ja # å da hadd æ jo to tell du å så ho F19
kvaefjord_04gk	hann M25 blei føtt ja # å da hadd æ jo to tell du å så	ho F19	
kvaefjord_04gk	ho dø å då # å då # å då mått	hann M44	åverta så va ælls _ åvertok # tre tørre kjyr # såmm ikkje hadde mællk
kvaefjord_04gk	husska æ sku ha	hann M8	å gå i_la me mæ hæmm tell # stammokksen me ei ku mænn de # klarte hann ikkje så æ måtte gå åleina
kvaefjord_04gk	hadde barnevånnngne å	hann M25	# før alle sku være me dit mænn vi for jo bærre før å åvernatté

kvaefjord_04gk	æ huss æ husske så gått	hann M25	sa _ de e kje nåkken plassa att matn smaka så gått såmm på hytta —
kvaefjord_04gk	mått hann heim omm sønndagan å å jære å jære de # å då _ # å då va æ me å så vasska æ vasska æ heime å husska	hann M25	va nu så umuli levvanes
kvaefjord_04gk	ja # æ vill næstn sei de # æ vill næstn sei en litn Emil # først hann fann på de utrulie allså	hann M25	
kvaefjord_04gk	å då sku du passe	hann M25	mænn då du æ kåmm heim då satt du me onngen i ...
kvaefjord_04gk	ja # vet du ka einast	hann M25	va redd # de var ee de var julet ee støvsugarn å # å juletree
kvaefjord_04gk	æ veit ikkje de du hør no på	hann kvaefjor_03gm	så e de nu # omgrennt de samme

ETTERNAMN

kvaefjord_04gk	så va de	hann E1	de husske du ikkje
kvaefjord_04gk	ja # ana kje vi sa alldri anna te	n E1	
kvaefjord_03gm	ja # ja å ee å æ jikk jo på skoln nede på ee stabbure denn her føssjte hoss	hann E2	# så då bi de ennu måtte vi passere hann M24
kvaefjord_04gk	* di skola hoss hann em hoss	hann E1	åg hann _

SLEKTSKAPSORD

kvaefjord_01um	ja de tru æ # de de va jo gannske	hann pappa	kåmm fra # dær ee
----------------	-----------------------------------	------------	-------------------

	avsides før # å sånn såmm S2 dær		
kvaefjord_01um	næi heime dær va nå	o mamma	vælldi # offtatt av å ji åss mat heile tia # ee da sku vækkse _ så sku ha nokk mat i kråppen å få næring å sånn dærre # så æ kjennte # att
kvaefjord_02uk	ja # vælldi mykkje a de vi nettopp ha hadd sånn såmm _ så _ å sånn hær tinng # de # kann	ho bæstemor	sei
kvaefjord_03gm		ho mamma	ho ha reisst ja # ee i vælldi mannge år
kvaefjord_03gm	ja # ja # menn dakkereisste jo i mannge år du å	hann pappa	førre du bynnte me Majårrkareisinga
kvaefjord_03gm	ja # ja # menn de va gått førre	hann pappa	åg de de husska æg ee hann hann snakka mykkje omm di turan å # skreiv dagbok ifrå reisan å
kvaefjord_04gk	å # å ee # menn vi byggde åss jo nytt hus # vi byggde jo nytt hus ee oppme	hann onngkel	M45 dær ja dær oppå ee oppe me veien
kvaefjord_03gm	menn em de var ee æg har i grunn ee # våre vælldi tefress me att	ho mamma	# å hann pappa # vællte å fløtte ne te gårn _
kvaefjord_03gm	menn em de var ee æg har i grunn ee # våre vælldi tefress me att ho mamma # å	hann pappa	# vællte å fløtte ne te gårn _
DYRENAMN			
kvaefjord_02uk	kossjn går de me	hann Bammse	?
kvaefjord_01um	_ å så va	n Bammse	så sku prøve sæ på ho veit du hann prøvvde å håppe opp desperat da

			menn hann nådd jo kje opp
kvaefjord_02uk	stakkasj Bammse e hann kastrert ? # næi de e hann ikkje # _ æ sjønne ikkje koffør hann # åffer ikkje hann å	ho Karrmen	har
kvaefjord_01um	næi menn nårr ho har løpeti så tru æ _ # _ # håll	ho mamma	styr på ann
kvaefjord_02uk	*	hann Tåyvo	* _
kvaefjord_02uk		enn Tåyvo	da # bi å sei ha de snart
kvaefjord_01um	de ha kje æ tenngt på # hann e kje så mykje gammlar enn	ho Karrmen	menn

KJENDE/FIKTIVE PERSONAR

kvaefjord_01um	_ va så irriteranes før att #	hann Hullken	hann bli kje spællt a denn samme pæsjonn
kvaefjord_01um	å så så va de dær stor øye dær ikkje sannt #	hann Arragon	å di va dær å _ vulkan her å så jikk di åpp her hann Fråodåo å di dær
kvaefjord_01um	å så så va de dær stor øye dær ikkje sannt # hann Arragon å di va dær å _ vulkan her å så jikk di åpp her	hann Fråodåo	å di dær
kvaefjord_01um	ka me	ho Lara	Kråfft eller ?

Vedlegg 3: Søkeresultat Gausdal

INFORMANT	VENSTRE KONTEKST	TREFF	HØGRE KONTEKST
FØRENAMN			
gausdal_01um	ja # å da # spord	n M1	da omm # _ ja re går vell no p på garranti de der da ? _
gausdal_01um	de va itt # menn ann va itte va itte ee # va itte sikker på att de va væLas besste bil	n M1	ell
gausdal_01um	ja ra # å så	n M2	da vætt du såmm ha kjøptt hytta bakomm
gausdal_01um	viss vi ku ha bære på gaLa utta a bæsstemor å	n M2	
gausdal_01um	næi ømm ska jo bo i byggninga rømm å så # menn vi har hytte æu ra væitt du borrtaførr	ho F1	E2
gausdal_05um	he døkk ennda æi æi ell denn	n M2	kjøffte rømm a ?
gausdal_01um	_ # næi re m # nærrmeste jevvnælldrene de va	n M1	# å dit æ re vell sekks kjillometer ette væga
gausdal_01um	næi re va vell messt att e å	n M1	va stell _ # me allt å æille
gausdal_01um	menn vi ha brukkt å m vore nå # e å	n M2	ha ræist åt # åt Øssterike # omm vinntern å kjørرت # å da da har n fri ra
gausdal_08gk	ja	ho F1	ho skulle på danns å så n M1 hann ee hann # hann va heme hann ska itte ut på nokko hann nå i_kvæill så dæ å dæ æ bra først att dæ hann har att så mye lækkser hann att de

			...
gausdal_08gk	ja ho F1 ho skulle på danns å så	n M1	hann ee hann # hann va heme hann ska itte ut på nokko hann nå i_kvæill så dæ å dæ æ bra først att dæ hann har att så mye lækkser hann att de ...
gausdal_04gk	fårr M2 hadde vore åt	n F2	å da # komm dømm dær
gausdal_08gk	mm # ja dømm laga omm dæ # att dæ rømm ee hadde trefft på	hann M2	
gausdal_08gk	de va vell	ho F1	ræ tru e e tru itte n M1 å dømm va neomm dær
gausdal_08gk	de va vell ho F1 ræ tru e e tru itte	n M1	å dømm va neomm dær
gausdal_08gk	så å i_fjor da fækkt itte	ho F1	låv te å vær me å gå i denna dær å da hadde ho avtaLe så da varrt de nå itte bra ra sjøsjakkt
gausdal_08gk	menn så nå fækkt ho låv te å gå både ho å	ann M1	først dæ att dæ nå tængte e re atte # _ # _ # ja de æ nå mæssomm # ee
gausdal_08gk	ja ja # ja # ja # æi menn vi kLedde øss ut fysste gonngen da sie a a	n M1	å ho F1 rømm va så skammfulle rømm att dæ rømm
gausdal_08gk	ja ja # ja # ja # æi menn vi kLedde øss ut fysste gonngen da sie a a n M1 å	ho F1	rømm va så skammfulle rømm att dæ rømm
gausdal_08gk	dømm dømm kunne itte sjønna å detta dær næi ee kunne a itte gå inn åt	n M3	å F3 så # sjlek # først da da jekk vi bære borrti dær å så ...
gausdal_08gk	ja å så ee tru e vi jekk åt	n F4	
gausdal_08gk	ja # ja dæ va sikkert nytt i_fjoL først dæ hadde rømm itte me sæ når att	ho F1	va mæ på re

gausdal_08gk	ja # å så borrti bakka å bak huse dær # mæinn ee næi dæ si	n M4	dæ ee dæ æ så mye arrbe me di sa n viss du ska få rømm pene att dæ
gausdal_08gk	ja ja # mm # menn	hann M5	ell ee hann ha fått opp nåân tre hann menn hann ha hæillan itte store han stussa ri fysste
gausdal_08gk	menn de æ messomm ja nå denne vikua hær æ hann ee sinna åt	ho F5	ha e sjønnt # så ee ...
gausdal_04gk	ja # de bLæi vell dubbelt da væt du i fysste å anndre kLasse mæinn ællesj så ha jo # tru rømm har	ho F6	_ # å F6 å ho F12 e en del i_hop
gausdal_04gk	ja # de bLæi vell dubbelt da væt du i fysste å anndre kLasse mæinn ællesj så ha jo # tru rømm har ho F6 _ # å F6 å	ho F12	e en del i_hop
gausdal_08gk	mm # mænn e tru	ho F6	skulle være me på marrtna i dag
gausdal_08gk	å	ho F7	ja ?
gausdal_08gk	ja # ja # næi før dæ æ mæssomm # græitt å # værrtfall denna kLassa åt M1 dømm høre nå på	ho F6	rømm da
gausdal_04gk	_ ee # sku hatt	ho F6	denn grunn
gausdal_08gk	ee	n M1	mæssomm æ i ee # æ me på æll æ me ti æll æ i befattning æll æ i berøring æll ett ell anna mæ # så æ asså hann reggistrere re itte hann da
gausdal_08gk	å dæ varrt full oppslutning # ja itte	ho F3	fårr ho lå på sjukhuse
gausdal_08gk	mæinn æille ressa anndre å så va re nå m ho em # _ e E1 F8 å så #	ho F9	# E2 å # å F10 # E3 såmm varrt me å kjørre

SLEKTSKAPSORD			
gausdal_04gk	besstefårelde å # gammLe fåLLk å # å mor å	n far	å sjyssjn # så de va hæilt nattuli
gausdal_04gk	menn e ha frykkte mye goe minne ifrå sætern da # likksomm fôrr e va me	n bæstemor	på sætra å sjlek
gausdal_04gk	mm # å da hørde e duurn å da visste e	n far	kåmm # menn e var jo se å så å si på sætra hæile såmmårn e ihop me ho besstemor
gausdal_04gk	mm # å da hørde e duurn å da visste e n far kåmm # menn e var jo se å så å si på sætra hæile såmmårn e ihop me	ho besstemor	
gausdal_04gk	menn ja a menn ee de va jo få såmm hadde	ann far	hadde jo itte bil før e va # ja de hukkse itte mæinn itte frå e va litol i_værrt_fall
gausdal_08gk		hann far	va me dær å snikkra å så att e # e fækk ee sj l sjøss me hånom hemm atte non gânnger da ifrå skuLa _ _
gausdal_08gk	mæ e ser bærre # mannge oL såmm itte e # ee sjøllv omm e lage dialekkt så æ re mannge oL itte e bruke s sjlek såmm	n bestefar	brukkte fårr_eksemppel
gausdal_08gk	såmm # såmm j ee va grunnlage fôrr ee frykkte mannge # å dømm # dæinn gânnga ja	n far	hann hadde jo hadde arrbe ve sia tå såmm snikker
gausdal_01um	å dær ska re væra me # å så varnntvannsbredre i fjøse ra # å så hæile # fyssteetasjn i bygningen # så raddiatorer i aanetasjin # å så i	ho besstemor	

	røyr # borrt på åt		
gausdal_01um	menn denna ræsjtubben ifrå borrt på gaLa borrti åt	ho besstemor	
gausdal_01um	viss vi ku ha bære på gaLa utta	a bæsstemor	å n M2
gausdal_01um	ja # de va å hell på først sæ sjøL da å # å ee mænd ee # e ha støtt hafft #	ho mor	heme ra # sia ho æ gaLbruker
gausdal_01um	menn de kænn henne ho mor å	n far	synns de va gått å ha fri ifrå me æi stunn æu # _
gausdal_01um	å da ee # da kå fæk jo mor å	n far	te å kasste bort en hæLL milljon da å væl så så # _ sjlek så e fæk de litt lettvinntere nå e tæk åver

Vedlegg 4: Søkeresultat Voss

INFORMANT	VENSTRE KONTEKST	TREFF	HØGRE KONTEKST
FØRENAMN			
voss_02uk	M1 plæie no å ve på bussn menn	ho F3	se kkje e so mykkje te
voss_03gm	somme settninga so e da ee nett da samma _ da s da staor på mærkjelappen _ hokksa eg av # ee da	hann M1	vatt på ee te te Islann på på sjirænn
voss_04gk	i_lag me	hann M3	
voss_03gm	der så _ E2 å då ann E3 e de da væll hæite hann dåkkteren å	ho F1	
voss_04gk	så me me ha jo fåsjillige tinng fårr_sæmmpel e sæie _ jennte _ # ee dei ee sånn so no	ann voss_03gm	kjem å so vill hann sikke sæia _ jenntå —
SLEKTSKAPSORD			
voss_04gk	mm # væitt du o mor å	ann far	dæi hadde katt so va ellgammal å
voss_04gk	_ så ho jore me litt spilårpa mæ å så ho ut te	o mor	å klagde å so fekk eg sjenn _ # å julingg
KJENDE PERSONAR?			
voss_03gm	menn nokkon e no bejje de # bejje ja # e ha jo tæksta tå hann ee #	Johan Fjællby	# e brukkt litt å # Ola Dållve sjøsakkt
voss_03gm	ælle hann hadde bærre æit værrs å to # so da va samma me ann	Johan Fjællby	_ hann dræiv å sett i aviso desse dikkte sine
voss_03gm	dann e kje eg so ha laga næi de e kje	hann Ivar	# Knipo # Kvåle så har skreve dann

	de e		tækkstn
voss_03gm	ja å so	ann Arne	Jællnes har eg æit par stykkje på dann ee æine sedeen åg
voss_03gm	so sånn så	hann Ivar	hann skriv jo Vässamaol då me s ja skriv i lydskrifft åg
voss_03gm	ælle hann hadde bærre æit værrs å to # so da va samma me	ann Johan	Fjællby _ hann dræiv å sett i aviso desse dikkte sine

